-Einigheit om å gå gjennom utval for utval og legge fram endringane.

DRIFTSSTYRET	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANTAR
9 plassar		
POS med framlegg om:	-Rebecca Riise Bjerknes	1. Inghild Remøy
	SP (-leiar)	2. Anne Lise Fredly
		3. Dag Aarflot
	-Hild Våge (-nestleiar)	4. Idar Flo
		5. Janne Heggvoll
	-Bjørn Ytrestøyl	6. Kaspar Selvik
	-Alf Jacobsen	7. Lina Marie Bjørkedal
	-Mathilde Eiksund	8. Helge Standal
KRF med framlegg om:	-Henning Holsvik	1:Erlend Krumsvik
	-Inger Tove Bilsbak	2:Kjell Petter Wiik
	Simonnes	3:Alinde Marie Bjørkedal
		4:Margaret Theresa Raiaratne Kornberg
FRP med framlegg om:	Roald Espset	1: Jenny Venås
		2: Eiliv Halkjelsvik
H med framlegg om:	Per Svein Krøvel	1:Ivar Otto Kristiansen
		2:Odd Martin Velsvik

FORVALTNINGS- STYRET 9 plassar	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	-Magnar Sunde (-leiar) -Øyvind Festø (-nestleiar) -Lina Marie Bjørkedal -Margrethe Trovåg -Åshild Vik	1. Hans Peter Eidseflot 2. Alexander Løvik Stevenson 3. Milan Ilic 4. Kari Hasle 5. Idar Flo 6. Annlaug Stokke 7. Hildegunn Homberset 8. Ingrid Salt
KRF med framlegg om:	-Erlend Koppen -Magny Astrid Fylling	1: Einar Børtveit 2: Esther Kesseboom Lien 3: Øyvind Haugan Cruickshank
FRP med framlegg om:	-Sindre Olav Kvangardsnes	1: Rolleiv Hjelle 2: Jon Georg Dale 3: Elin Mari Løvøy Wilhelmsen
H med framlegg om:	-Sindre Rotevatn	1: Petter Espe 2: Elisabeth Welle Høidal

KONTROLLUTVALET 7 repr.	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
H med framlegg om:	-Solfrid Førde -Ronald Hagen –(leiar)	Anne Sundalsfoll
KRF med framlegg om:	-Håvard Strand	Inge Aleksander Bruheim
FRP med framlegg om:	-Ragnhild Folkestad	1:Eiliv Halkjelsvik 2:Elin Mari Løvøy Willhelmsen
V med framlegg om:	-Uthman Harbid	Tor Mikalsen
SP med framlegg om:	-Jørgen Holte	Anne Karin Espe
AP med framlegg om:	-Toril Rødven Eide	Arne Ullaland

VALNEMND 11 repr.	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP	Hild Våge	Margrete Trovåg
AP	Magnar Sunde	Bjørn Ytrestøyl
SP	Sølvi Dimmen	Odd Harald Sundal
SV	Åshild Vik	Gunnar Strøm
V	Fride Sortehaug	Benedicte Holmberg
MDG	Øyvind Festø	Rebecca Riise Bjerkvik
KRF	Erlend Krumsvik	Arild Iversen
KRF	Margrete Bjerkvik	Anders Egil Straume
FRP	Roald Espset	Odd A. Folkestad
FRP	Sindre Olav Kvangardsnes	Jon Georg Dale
H	Sindre Rotevatn	Per Svein Krøvel

Representantskap IKS revisjon	1.Ordførar	1. Varaordførar
	2. Rådmann	2. Ass. Rådmann

Eldrerådet:	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	- Roger Nedreklepp (Leiar)	–Inge Kløvning
	– Ingun Øye	– Kirsten Homberset
	– Mao Deogratias Mucocori	-Reidun Eide
KRF med framlegg om:	-Einar Børtveit	-Inger Håvik
FRP - med framlegg om:	-Inger Johanne Halkjelsvik	-Hilda Fløtre

Administrasjonsutvalet:	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Jørgen Amdam	Hild Våge
	Fride Sortehaug	Odd Harald Sundal
	Sølvi Dimmen	Gunnar Strøm
KRF med framlegg om:	Margrete Bjerkvik	Anders Egil Straume
FRP med framlegg om:	Odd A. Folkestad	Jenny Venås

Merk:

Dette under føresetnad at medl. vert valde til formannskapet

Rådet for funksjonshemma (5.repr)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Anne Grethe Eiken	Milan Ilic
	Sølvi Dimmen	Annlaug Stokke
	Reidar Haug	Astrid Gjersdal
KRF med framlegg om:	Esther Kesseboom Lien	Marit Isene
FRP med framlegg om:	Arne Odmund Torvik (leiar)	Terje Følsvik

Forstandarskapen i Sparebank1 Søre Sunnmøre (2 repr)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP med framlegg om:	Oddny Vatnehol	Idar Flo
KRF og H med framlegg om:	Arild Iversen	Dan Bjørneset

Fylkesmøtet KS	REPRESENTANTAR	VARAREPRESENTANTAR
	-Ordførar -Arild Iversen	1: Varaordførar 2:Hild Våge 3:Gunnar Strøm 4:Odd Harald Sundal 5:Henning Holsvik 6:Roald Espset

Styret for Søre Sunnmøre Kommunerevisjon		
	Margrete Bjerkvik	Eiliv Halkjelsvik

Representantskapen for SSKR (sjå over)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Ordfører	Varaordfører

Kommunal byggenemnd	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	A– Jan Henning Egset	SP - Rebecca Riise Bjerknes
	V - Benedicte Holmberg	V - Idar Flo
	A – Hild Våge	MDG - Helge Standal
FRP med framlegg om:	Harald Søvik	Egil Berg
KRF med framlegg om:	Herman Dahl	Magny Astrid Fylling

Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Svein H. Arnesen - Leiar	Benedikte Holmberg
	Atle Svellingen - Nestleiar	Svein Bjerkvik
	Oddny Vatnehol	Ottar Arve Bjørkedal

Klagenemnda for eigedomsskatt	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Harald O. Søvik	Svein Seljeset
	Bjørn Ytrestøyl	Milan Ilic
	Inger Tove Simones	Inger Lise Eiken
	Hildegun Nautvik	Ann Elin Haugland Bjørkedal
	Sølvi Dimmen	Tor Mikalsen

Styret for Volda Ørsta Reinholdsværk:	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Helge Standal	Anne Natvig
KRF og Høgre med framlegg om:	Ann Britt Våge Fannemel	Erlend Krumsvik

Representantskapet for VØR	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Jan Henning Egset	Margrete Trovåg
	Hild Våge	Dag Årflot
H med framlegg om:	Torill Hasfjord Bjørneset	Margrete Bjerkvik
FRP med framlegg om:	Arne Oddmund Torvik	Eiliv Halkjelsvik

Styret for Sunnmøre Kulturnæringshage AS (1 representant og 1 vara)	REPRESENTANT	VARAREPREENTANT
Ventar		

Kyrkjeleg Fellesråd	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP med framlegg om:	Anne Grethe Eiken	Magny Astrid Fylling

Styret for Volda folkeakademi	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
Dette går ut		

Styret for Volda Taxisentral	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
H med framlegg om:	Ola Rangseter	Gunnar Strøm

Styret for Stiftinga Voldabygdetun	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Eivind Indresøvde	Lars Barstad

Rådet for stiftinga for Nynorsk Kultursetrum	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Astrid Gjersdal	Anne Lise Fredly

Årsmøtet i Sunnmøre Museum	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Kari Hasle	Tove Aurdal Hjellnes

Utsending til landssamanslutninga for nynorskkommunar (3 stk.)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Hilde Osdal	1: Sølvi Dimmen 2: Uthman Harbid 3: Inger Anne Kvamme 4: Roald Espset 5: Kaspar Selvik
	Milan Ilic	
OPP med framlegg om:	Karl Anders Helset	

Kontaktutvalet for skogbruk	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Jacob Helset	Ottar Arve Bjørkedal

Kommunal Heimevernsnemnd	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
OPP med framlegg om:	Roald Espset	Kjell Helge Krumsvik
POS	Hild Våge	Rebecca Riise Bjerknes

Fadder for Ungdomsrådet	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Åshild Vik	Mathilde Eiksund

AV-senteret og Norsk Nettskule	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
KRF med framlegg om:	Olav Trandal	Espen Stray Helle

Klimakutt Møre	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Lina Mari Bjørkedal	Anne Natvig
	Idar Flo	Egil Berg
	Øyvind Festø	Uthman Harbid

Stiftinga Dalsfjord fyrmuseum	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Edvin Dale	Tove Aurdal Hjellnes

Ålesund og omegn krisesenter og overgrepsmottak	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Åshild Vik	Alinde Marie Bjørkedal

Minnefondet for Olav Riste	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Gunnar Strøm	

Kontaktperson til Konfliktrådet på Sunnmøre	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Ordfører	Varaordfører

Søre Sunnmøre vassområde - pol. repr. i styringsgruppa	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Hild Våge	Helge Standal

Fairtrade, kommunal Representant.	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Anne Natvig	Mathilde Eiksund

Medlem til representantskap i Sunnmøre Regionråd (sjåsak 2014/2088)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Ordfører	Varaordfører

Trepartssamarbeid - partssamansettgruppe (sjåsak 2015/784) 2 plassar	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Ordfører	Varaordfører
KRF med framlegg om:	Erlend Krumsvik	Sindre Kvangarsnes

Representantar til Interkommunaltarkiv for MøreogRomsdal IKS sitt representantskap		
	Ordfører	Varaordførar

Stiftinga for sentrumsprosjektet		

*Styringsgruppa for sentrumsprosjektet
5 repr. Frå formannskapet
Ventar til repr.til formannskapet er valde.*

<u>Stiftinga for varmtvassbassenget</u>	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
	Arne Oddmund Torvik	Åshild Vik
	Odd A. Folkestad	Margrete Bjerkvik

Møtet heva omlag kl. 18:15

Referent: Øyvind Festø



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Arkivsak nr.:	2015/2102
	Arkivkode:	A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
110/15	Kommunestyret	29.10.2015

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - SPESIALUNDERVISNING - GRUNNSKULEN I VOLDA KOMMUNE

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning - grunnskulen Volda kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
 - a. Kommunen skal sørgje for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.
 - b. Kommunen skal sørgje for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
 - c. Kommunen skal utarbeid rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.
3. Kommunestyret merkar seg at det er dobbelt så mange elevar som tek mot spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen som i småskulen. Ut frå kunnskapen om kor viktig det er med tidleg innsats, ber kommunestyret administrasjonen vri innsatsen ved å setje inn større ressursar tidleg.
4. Kommunestyret ber om at ein i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode sterkt vurderer å følgje opp rapporten med ein ny forvaltningsrapport der ein ser på samspelet mellom skulen og pp-tenesta.
5. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.

Vedleggsliste:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt - spesialundervisning - grunnskulen Volda kommune, utarbeidd av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 11.06.2015.

Utskrift av endeleg vedtak:

VOLDA KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

U T S K R I F T

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Volda kommune	26/15	217	30.09.2015

SAK 26/15 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SPESIALUNDERVISNING – GRUNNSKULEN VOLDA KOMMUNE

Vedlegg

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning - grunnskulen Volda kommune.
Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 11.06.2015.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet vedtok i sak 37/14 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Formålet med prosjektet er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Problemstillingar, anbefalingar og rådmannen sine kommentarar

Problemstilling 1:

Sikrar kommunen eleven sine rettigheter knytt til sakkyndig vurdering? (Del 6 i rapporten. Side 18)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

- PPT skal utarbeide ei sakkyndig vurdering før kommunen gjer enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Kan vere tilstrekkeleg å utarbeide sakkyndig vurdering kvart tredje/fjerde år, men dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Eleven/føresette kan og krevje ny sakkyndig vurdering.
- Kontrollert 20 av 90 saker der det hadde blitt tildelt spesialundervisning, tilfeldig utvalt av alle dei offentlege skulane i kommunen.
- Innhaldet i dei sakkyndige vurderingane var i samsvar med føresetnadane i opplæringslova, og vurderinga låg som grunnlag for dei vedtaka som blei fatta.
- Dei sakkyndige vurderingane som ligg til grunn for enkeltvedtak dette skuleåret var ikkje eldre enn 3-4 år, og det gjekk fram kor lenge den var gjeldande.

- Skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga vert utarbeida, og dei føresette får dermed mulegheit til å komme med evt. innspel i forhold til vurderinga som vert gjort.
- I følge kommunen sine skriftlege rutinar skal føresette signere samtykkeerklæring før PPT startar kartlegging av eleven. Av dei kontrollerte elevmappene låg det berre føre ei signert samtykkeerklæring.
- I dei tilfelle der PPT ikkje tilrår spesialundervisning samarbeider PPT og skulen slik at eleven får eit tilrettelagt undervisningsopplegg innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Problemstilling 2:

Ligg det føre skriftleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med vedtaket?

(Del 7 i rapporten. Side 22)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Vedtak: Form og innhald

- Vedtak om spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få.
- Dei ulike skulane nytta i stor grad same mal for utforming på vedtaka, men det var derimot forskjellig detaljgrad og kvalitet på vedtaka.
- Vedtaka hadde i stor grad informasjon om innhald, organisering og omfang av spesialundervisninga, men også enkelte tilfelle der vedtaka inneheldt lite informasjon m.o.t. desse emna.
- Spesielt ved ein av skulane blei det i stor grad berre vist til den sakkyndige vurderinga og framtidig IOP.
- Det er viktig at vedtaka inneheld all relevant informasjon slik at foreldre/føresette får kjennskap til innhaldet.

Unnateke offentlegheit

- Dei fleste kontrollerte vedtaka var stempla med «unnateke offentlegheit», med unntak av vedtaka fatta ved Volda ungdomsskule.

Klage

- Vert berre i varierende grad fatta vedtak i saker der det ikkje har blitt tilrådd spesialundervisning.
- Eleven har ein del rettar i forbindelse med eit enkeltvedtak, og når det ikkje vert fatta vedtak fell desse rettane vekk.
- Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i saker der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Problemstilling 3:

Vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og årsrapportar)

(Del 8 i rapporten. Side 27)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Individuell opplæringsplan (IOP)

- IOP skal vise mål, innhald og korleis opplæringa skal gjennomførast.

- Planen skal rullerast kvart år så lenge eleven har vedtak om spesialundervisning, og skal innehalde kor mange timar med spesialundervisning i skuleåret som er spesifisert i enkeltvedtaket.
- Ulik utforming og kvalitet på planane ved dei ulike skulane.
- Det er utarbeida ny felles mal for IOP og årsrapport som vert teken i bruk ved alle skulane for skuleåret 2015/2016.
- IOP må utarbeidast så snart som mulig etter at enkeltvedtak er fatta. Manglande dato for når IOP har vore utarbeida gjorde det vanskeleg å evaluere sakshandsamingstida.
- I dei få tilfella det gjekk fram signaturdato kunne det sjå ut som at planane vart utarbeida på hausten, medan vedtaka i stor grad var fatta i mai/juni.
- Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld signatur og dato for utarbeiding, og evt. re-vurderingsdato.
- IOP bør utarbeidast så snart som mulig, og i samband med at enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta.
- Sjølv om ein registrerte forskjellig mal og utforming mellom dei ulike skulane, oppfylte i stor grad alle IOP-ane dei krava som går fram av lov og rettleiar.
- Kontrollen avdekkja ved nokre saker med avvik mellom vedtak og IOP i høve tildelt ressurs, utan at det hadde vore utarbeidd nytt enkeltvedtak.
- Ressursendringar som berre går fram av IOP-en fører til at eleven mistar klageretten sin. På ei anna side er IOP i stor grad utarbeida i samråd med dei føresette (signert).
- Kommunen bør utarbeide rutinar for å få på plass nytt enkeltvedtak i dei saker der ein vel å endre den tildelte ressursen til eleven i løpet av skuleåret.

Årsrapport

- Registrerte forskjellig mal og utformin av årsrapportane ved skulane, som også gjorde at kvaliteten varierte.
- Samanhengen mellom IOP og årsrapportane var varierende både m.o.t. opplæringsmål og tiltak.
- I dei fleste tilfella hadde årsrapporten anna utforming enn IOP, og i fleire av sakene gjekk det ikkje fram ei evaluering av sjølv ressursen (om timeforbruket har vore tilstrekkeleg).
- Kommunen bør sørge for at ein får implementert den nye malen for IOP med tilhøyrande årsrapport ved alle skulane i løpet av skuleåret 2015/2016, slik som administrasjonen har signalisert.

Anbefalingar i rapporten (Rapporten del 9. Side 30)

1. Kommunen bør sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.
2. Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
3. Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Rådmannen si tilbakemelding (Rapporten del 10. Side 31)

«Vi kjenner att det som er peika på i rapporten. Anbefalingane som er peika på er relevante og er allereie under arbeid.

Lene Nupen
Fagkonsulent
Opplæring og oppvekst»

Avslutning

Meir utfyllande og detaljert informasjon finn ein i rapporten frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som ligg ved saka.

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning - grunnskulen Volda kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
 - a. Kommunen skal sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.
 - b. Kommunen skal sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
 - c. Kommunen skal utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.
3. Kommunestyret merkar seg at det er dobbelt så mange elevar som tek mot spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen som i småskulen. Ut frå kunnskapen om kor viktig det er med tidleg innsats, ber kommunestyret administrasjonen vri innsatsen ved å setje inn større ressursar tidleg.
4. Kommunestyret ber om at ein i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode sterkt vurderer å følgje opp rapporten med ein ny forvaltningsrapport der ein ser på samspelet mellom skulen og pp-tenesta.
5. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.

Rett utskrift

Åram, 30. september 2015

Ida B. Marholm

Ida Birgitte Marholm
Sekretær

Utskrift til: **Kommunestyret for behandling**

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Spesialundervisning

Grunnskulen



VOLDA KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «Spesialundervisning- **grunnskulen Volda kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

" (...)Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke administrasjonen i Volda kommune for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik 11.06.15

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innholdsliste

SAMANDRAG	5
Anbefalinger	8
1 INNLEIING	9
1.1. Spesialundervisning.....	9
1.1.1 Opplæringslova - lovføresegn om spesialundervisning.....	9
1.1.2 Samanheng mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring.....	9
1.1.3 Saksgong.....	9
1.1.4 Vedtakskompetanse.....	10
1.1.5 Pedagogisk- psykologisk teneste – PPT.....	11
1.1.6 Grunnskulen i Volda	11
2 Målsetting og problemstilling	11
3 Revisjonskriterium.....	12
3.1 Innleiing.....	12
3.2 Kjelder til kriterium	12
4 Metode og gjennomføring	13
4.1 Dokument.....	13
4.2 Verifisering av data.....	13
4.3 Avgrensing.....	13
5 Analyse - ressursbruk	14
5.1 Rapportert ressursbruk i forhold til andre kommunar.....	14
5.2 Spesialundervisningstimar totalt per elev.....	16
5.3 Elevar med spesialundervisning pr. klassetrinn i Volda	16
5.4 Utvikling i antal elevar med spesialundervisning	17
5.5 Årsverk og lærartimar	17
6 Problemstilling 1: Sikrar kommunen eleven sine rettar knytt til sakkyndig vurdering?	18
6.1 Innleiing:.....	18
6.2 Revisjonskriterium:.....	18
6.2.1 Innmelding til PPT.....	18
6.2.2 Sakkyndig vurdering	18
6.3 Fakta	20
6.3.1 Samtykkeerklæring.....	20
6.3.2 Sakkyndig vurdering	20
6.3.3 Sakkyndig tilråding	21
6.4 Vurdering - konklusjon	21
7 Problemstilling 2:.....	22
Ligg det føre skriftleg vedtak og er dei i samsvar med regelverket?	22

7.1	Innleiing	22
7.2	Revisjonskriterium	22
7.3	Fakta	24
7.3.1	Vedtaket	24
7.3.2	Klage og klagesaker	25
7.4	Vurdering - konklusjon	26
7.4.1	Vedtak – innhald og utforming	26
7.4.5	Unnateke offentlegheit	26
7.4.6	Klage	26
8	Problemstilling 3:	27
Vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (individuell opplæringsplan og årsrapportar)		27
8.1	Revisjonskriterium	27
8.1.1	Individuell opplæringsplan	27
8.1.2	Årsrapportar	27
8.1.3	Oppsummert	28
8.2	Fakta	28
8.2.1	Individuell opplæringsplan	28
8.2.2	Årsrapport	29
8.3	Vurdering - konklusjon	29
8.3.1	Individuell opplæringsplan	29
8.3.2	Årsrapport	30
9	ANBEFALINGAR	30
10	Rådmannen sin kommentar	31

SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om Volda kommune innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt m.o.t. sakkyndig vurdering, vedtak, individuell opplæringsplan og års/halvårsrapportar. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse som viser kommunen sine ressursbruk innan spesialundervisning sett i forhold til andre kommunar.

Grunnskulen i Volda består av 8 skular. Fire barneskular, tre er kombinerte barne- og ungdomsskular, og ein ungdomsskule. I tillegg er det to private barneskular, ein på Bjørkedalen og ein på Ulvestad. Kommunen hadde 1093 elevar skuleåret 2013/14, der 758 var knytt til 1-7 årstrinn og 335 var knytt til 8-10 årstrinn. Dette året var det 90 elevar som hadde vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova. Av desse var 33 elevar på ungdomstrinnet og 57 elevar på barnetrinnet. Dette utgjorde 8,23 % av det totale elevtalet.

Volda kommune låg i 2013 på landsgjennomsnittet i høve andel spesialundervisning i grunnskulen. Kommunen låg "midt på treet" i forhold til nabokommunane på Søre Sunnmøre. Det vert vist til kap 5 i rapporten for meir detaljar og samanlikningar.

Problemstilling 1: Sikrar kommunen eleven sine rettar knytt til sakkyndig vurdering?

Opplæringslova krev at det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering før kommunen gjer enkeltvedtak om spesialundervisning. Det er PPT i kommunen som skal sørge for at det vert utarbeida ei sakkyndig vurdering med ei tilråding. Den sakkyndige vurderinga skal tilrå om det ligg føre behov for spesialundervisning eller ikkje, og kva tilbod som eventuelt bør bli gitt, samt kva omfang. Føresette skal gi samtykke for at PPT kan kartlegge eleven.

Den sakkyndige vurdering skal sikre at eleven si sak er tilstrekkeleg opplyst før det vert fatta vedtak. Om det vert konkludert med at eleven ikkje har rett på spesialundervisning skal eleven likevel ha tilrettelagt undervisninga for å nå måla i opplæringsplanen for grunnskulen sitt årstrinn.

Opplæringslova regulerer ikkje kor lenge ei sakkyndig vurdering er gyldig, men rettleiar gir føringar på at det kan vere tilstrekkeleg å utarbeide ei sakkyndig vurdering kvart 3.- 4. år. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle, men skulen pliktar å ta omsyn til evt. større endringar som tilseier at ny sakkyndig vurdering bør utarbeidast. Eleven/føresette kan og krevje at PPT gjennomfører ny sakkyndig vurdering.

Det er kontrollert 20 av 90 elevsaker der det er tildelt spesialundervisning. Utvalet vart gjort tilfeldig, men fordelt på alle skulane i kommunen. Av dei 20 sakene som vart kontrollert hadde alle fått sakkyndig vurdering, med tilhøyrande tilråding frå PPT. Innhaldet i vurderingane var i samsvar med føresetnadane i opplæringslova og rettleiar.

Ingen av dei sakkyndige vurderingane som vart vurderte, og som var grunnlaget for enkeltvedtak skuleåret 2013/14 har vore eldre enn 3-4 år. Det gjekk også fram av dei fleste vurderingane kor lenge dei var gjeldande.

Administrasjonen har opplyst at skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga vert utarbeidd, og at føresette dermed får mulegheit til å komme med evt. innspel i forhold til vurderinga som vert gjort. Det går også fram av kommunen sine skriftelege rutinar at føresette skal signere samtykkeerklæring før PPT startar kartlegging av eleven. Det låg føre berre ei signert samtykkeerklæring i dei elektroniske elevmappene som revisjonen kontrollerte.

Den sakkyndige vurderinga vert utarbeida på bakgrunn av PPT si kartegging av eleven og skulen og skal innehalde ei tilråding av kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod. I dei tilfelle der PPT ikkje tilrår spesialundervisning samarbeider PPT og skulen slik at eleven får eit tilrettelagt undervisningsopplegg innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Problemstilling 2: Ligg det føre skrifteleg vedtak og er dei i samsvar med regelverket?

Vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Også avgjerder om avslag på spesialundervisning er enkeltvedtak i hht. forvaltningslova. Vedtaket som vert fatta om tildeling av spesialundervisning bør være så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva slags opplæringstilbod eleven skal få. I vedtaka bør det nyttast formuleringar og omgrep som er enkle å forstå for mottakaren, det bør gå fram tildelt timeressurs, men også gi ei skildring av innhaldet i opplæringa og korleis den skal gjennomførast.

I flg. forvaltningslova har eleven ein del rettar i forbindelse med enkeltvedtaket. Vedtaket skal være skrifteleg, og føresette skal underrettast om vedtaket så raskt som råd. Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar at: ***I alle tilfeller hvor skoleeier/skolen har tilmeldt eleven til PP-tjenesten skal saken avgjøres ved at det treffes et enkeltvedtak***

Vedtak: Form og innhald

Opplæringslova har ingen særskilte reglar om utforminga eller innhaldet i enkeltvedtaket, men avvik frå den sakkyndige vurderinga må grunnjevast. Krav til innhald er at enkeltvedtaket må avgjere om eleven har rett til spesialundervisning, og rettleiaren gir vidare føringar for kva vedtaket skal innehalde. *«Enkeltvedtaket må si noe om elevens behov og kva som er et forsvarlig opplæringstilbud. Det skal blant annet si noe om innholdet i opplæringen, den organisatoriske gjennomføringen og omfanget av eventuelle støttetiltak».*

Rettleiar kring spesialundervisning seier at det er tilstrekkelig om det går fram av vedtaket at: *«det som er tilrådd i den sakkyndige vurderinga, skal ligge til grunn»*, men i Ot.prp nr 46 er det understreka at eit vedtak om spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få. Eit vedtak, som berre tildelar eleven ein viss timeressurs utan å fastsetje nærmare kravet til innhaldet i eller den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa, er ikkje godt nok.

Dei ulike skulane nytta i stor grad same mal for utforming på vedtaka, men det var derimot forskjellig detaljgrad og kvalitet på vedtaka. Vedtaka hadde i stor grad informasjon om innhald, organisering og omfang av spesialundervisninga, men også enkelte tilfelle der vedtaka inneheldt lite informasjon m.o.t. desse emna. Spesielt ved ein av skulane blei det i stor grad berre vist til den sakkyndige vurderinga og framtidig IOP(individuell opplæringsplan). Det er viktig at vedtaka inneheld all relevant informasjonen slik at foreldre/føresette får kjennskap til innhaldet.

Unnateke offentlegheit:

Sakshandsaming i høve spesialundervisning er informasjon som er unnateke offentlegheit. Alle dei kontrollerte vedtaka som revisjonen gjennomgjekk var adressert til dei føresette. Dei fleste var også stempla med «unnateke offentlegheit», med unntak av vedtaka fatta ved Volda ungdomsskule.

Klage:

Administrasjonen har informert at det berre i varierende grad har vore fatta vedtak i saker der det ikkje har blitt tilrådd spesialundervisning. Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar at: *«Også i de tilfellene hvor skoleeier/skolen kommer til at eleven ikkje har behov for spesialundervisning, skal det treffes enkeltvedtak om dette.* Eleven har ein del rettar i forbindelse med eit enkeltvedtak jfr. forvaltningslova, og når det ikkje vert fatta vedtak fell desse rettane vekk. Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i saker der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Problemstilling 3: Korleis vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og årsrapportar).

Alle elevar som har fått vedtak om spesialundervisning har rett på individuell opplæringsplan (IOP) og ei skrifteleg vurdering over den opplæring som har blitt gitt (årsrapport).

Individuell opplæringsplan

Den individuelle opplæringsplanen skal vise kva mål som vert sett for opplæringa, kva innhald opplæringa skal ha og korleis opplæringa skal gjennomførast. Planen skal rullerast kvart år så lenge eleven har vedtak om spesialundervisning og skal innehalde kor mange timar med spesialundervisning i skuleåret som er spesifisert i enkeltvedtaket. Planen skal også innehalde ei oversikt over innhaldet i opplæringstilbodet, eleven si forventa faglege utvikling og mål.

Ein registrerte ulik utforming og kvalitet på planane ved dei ulike skulane. I samtale med administrasjonen vart det nemnd at det er utarbeida ny felles mal for IOP og årsrapport, og at den vil bli teken i bruk ved alle skulane for skuleåret 2015/16.

Det går fram av rettleiaren at IOP må utarbeidast *«så snart som mulig etter at enkeltvedtaket er truffet»*. Manglande dato for når den individuelle opplæringsplanen har

vore utarbeida gjorde det vanskeleg å evaluere sakshandsamingstida. I dei få tilfella det gjekk fram signaturdato kunne det sjå ut som at planane vart utarbeida på hausten, medan vedtaka i stor grad var fatta i mai/juni. Kommunen bør derfor sørge for at framtidige IOP inneheld signatur og dato for utarbeiding og evt re-vurderingsdato. Ein bør også sørge for at den individuelle opplæringsplanen vert utarbeida så snart som muleg, og i samband med at enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta.

Det går fram av opplæringslova at ein IOP skal vise mål for opplæringa, innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal drivast. Det skal også vere ein raud tråd mellom enkeltvedtak, IOP-en og årsrapporten. Sjølv om ein registrerte forskjellig mal og utforming mellom dei ulike skulane, oppfylte i stor grad alle IOP-ane dei krava som går fram av lov og rettleiar.

Kontrollen avdekka ved nokre saker med avvik mellom vedtak og IOP i høve tildelt ressurs, utan at det hadde vore utarbeidd nytt enkeltvedtak. Ressursendringar som berre går fram av IOP-en fører til at eleven mistar klageretten sin. På ei anna side er IOP i stor grad utarbeidar i samråd med dei føresette (signert). Kommunen bør likevel utarbeide rutinar for å få på plass nytt enkeltvedtak i dei saker der ein vel å endre den tildelte ressursen til eleven i løpet av skuleåret.

Årsrapport

Ein registrerte forskjellig mal og utforming av årsrapportane ved skulane. Dette gjorde at kvaliteten også varierte. Samanhengen mellom IOP og årsrapportane var varierende både m.o.t. opplæringsmål og tiltak. I dei fleste tilfella hadde årsrapporten anna utforming enn IOP, og i fleire av sakene gjekk det ikkje fram ei evaluering av sjølve ressursen (om timeforbruket har vore tilstrekkeleg).

Kommunen bør sørge for at ein får implementert den nye malen for IOP med tilhøyrande årsrapport ved alle skulane i løpet av skuleåret 2015/16, slik som administrasjonen har signalisert.

Anbefalingar

1. Kommunen bør sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/16.
2. Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
3. Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde vedtak i sak 10/15 om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om Volda kommune innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt m.o.t. sakkyndig vurdering, vedtak, individuell opplæringsplan og års/halvårsrapportar. I tillegg ei deskriptiv analyse som viser kommunen sine ressursbruk innan spesialundervisning sett i forhold til andre kommunar.

1.1. Spesialundervisning

1.1.1 Opplæringslova - lovføresegn om spesialundervisning

Opplæringslova § 5-1 «Rett til spesialundervisning», stadfestar at elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar jfr. § 2-2 og 3-2.

1.1.2 Samanheng mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring

Elevar med spesielle opplæringsbehov kjenneteiknast ved at eleven har blitt vist til og vurdert av pedagogisk psykologisk teneste (PPT) på grunn av sine spesielle lærevanskar. Opplæringslova slår samtidig fast at alle elevar har rett til tilpassa opplæring. Tilpassa opplæring skal så langt det let seg gjere gi alle elevar eit godt utbytte av opplæringa innanfor rammene av det ordinære tilbodet. Spesialundervisning er den mest omfattande forma for tilpassa opplæring, og som det er knytt enkeltvedtak til. I juridisk forstand er spesialundervisning noko anna en ordinær tilpassa opplæring. Figuren nedanfor viser samanhengen mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning.



Figur 1: Sammenheng mellom tilpassa opplæring, ordinær opplæring og spesialundervisning

1.1.3 Saksgong

Skulane skal på sjølvstendig grunnlag vurdere om elevar kan ha behov for spesialundervisning. Om skulen finn grunnlag for at eleven bør utgreiast med omsyn til rett på spesialundervisning, skal skulen innhente foreldra si godkjenning(samtykkje) før ei slik utgreiing vert gjennomført, og deretter tilvise eleven til kommunen si pedagogisk psykologisk teneste (PPT). PPT er ansvarleg for å utarbeide ei sakkyndig vurdering av eleven, og kjem med ei tilråding i saka. Enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta på bakgrunn av den sakkyndige vurderinga. Tilbod om spesialundervisning er ein rett, og dermed frivillig.

Forplikting frå kommunen si side følger først når spesialundervisning er godkjent/vedteke, og er knytt opp i mot oppfølging av enkeltvedtaket.

Nedanfor er dei ulike fasane ved tildeling av spesialundervisning lista opp:

Fase 1: Før tilmelding og utredning

- Mistanke om at eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- Skulen/læraren er pliktig til å vurdere eleven sitt læringsutbytte kontinuerlig.
- Eleven og føresette har rett til å be om ei vurdering.
- Varslingsplikta- undervisningspersonalet si plikt til å vurdere om eleven treng spesialundervisning.

Fase 2: Tilmelding PPT

- Oversending av saka til PPT for sakkyndig vurdering.
- Kommunen ber PPT tenesta utgreie barnet sitt behov.

Fase 3: Sakkyndig vurdering av barnet sine behov

- PPT gjennomfører ei sakkyndig vurdering som består av utredning og tilråding.
- PPT har plikt til å rådføre seg med føresette i arbeidet med å utforme tilbod om spesialpedagogisk hjelp.
- Føresette har rett til å få kunnskap om innhaldet i den sakkyndige vurderinga.

Fase 4: Vedtak

- Kommunen er ansvarleg for at det vert fatta enkeltvedtak.
- Vedtaket skal vere i samsvar med tilrådinga til PPT. Om vedtaket ikkje er i samsvar skal dette grunngjevast særskilt.
- Vedtaket kan påklagast.

Fase 5: Planlegging og gjennomføring

- Hjelpa til barnet skal settast i verk i samsvar med enkeltvedtaket.
- Det skal utarbeidast individuell opplæringsplan til alle born som har fått godkjent spesialpedagogisk undervisning.

Fase 6: Evaluering

- Det skal utarbeidast årsrapportar.
- årsrapportar skal sendast til føresette og kommunen.

1.1.4 Vedtakskompetanse

I Volda kommune vert vedtak om spesialundervisning fatta av rektor ved kvar enkelt skule på delegert mynde frå rådmannen. Dette går fram av kommunen sitt delegasjonsreglement datert 28.08.14 at rådmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som ikkje har prinsipiell karakter – eller som er kurante. Rådmannen kan vidaredelegere mynde dersom kommunestyret ikkje har bestemt noko anna. Det er også utarbeida skriftleg delegering frå skulesjefen til rektorane (vedteke 05.09.14).

Vedtaka vert fatta på bakgrunn av PPT si sakkyndige vurdering av eleven med tilhøyrande tilråding. Det er den enkelte skulen som er ansvarleg for spesialundervisninga som vert gitt til dei elevar som får vedtak på dette.

1.1.5 Pedagogisk- psykologisk teneste – PPT

Volda kommune har felles pedagogisk - psykologisk teneste (PPT) med Ørsta. På Søre Sunnmøre har Ulstein/Hareid felles PP-teneste, det same har Sande/Vanylven, Herøy har eiga teneste. Tenesta er heimla i opplæringslova § 5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Dette er ei gjennomgåande teneste for aldersgruppa 0-19 år og for vaksne som har rett til spesialundervisning. Pr november 2013 var 10 årsverk knytt til PPT-tenesta i Ørsta/volda.

1.1.6 Grunnskulen i Volda

Grunnskulen i Volda består av 8 skular. Fire barneskular, tre kombinerte barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. I tillegg er det to private barneskular, ein på Bjørkedalen og ein på Ulvestad. For skuleåret 2013/14 omfattar dette 1093 elevar der 758 er knytt til 1-7 årstrinn og 335 er knytt til 8-10 årstrinn. Dette året var det 90 elevar som hadde vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5.1. Av desse var 33 elevar på ungdomstrinnet og 57 elevar på barnetrinnet. Dette utgjorde 8,23% av det totale elevtalet. KOSTRA- rapporteringa viste 8,4% i 2013 (sjå kap 5.1 og 5,4)

2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om Volda kommune innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt m.o.t. vedtak, individuell opplæringsplan og halvårs-/årsrapportar.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Sikrar kommunen eleven sine rettar knytt til sakkyndig vurdering?
2. Ligg det føre skrifteleg og er dei i samsvar med regelverket?
3. Korleis vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og årsrapport)

3 Revisjonskriterium

3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- **Opplæringslova:**
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd fosterbarn samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- **Rettleiar «spesialundervisning i grunnskole og vidaregåande opplæring» og «veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning»:**
Rettleiar (2004) gir råd om tolking av opplæringslova kapittel 5. Det vart i 2009 utarbeida ein ny rettleiar innanfor spesialundervisning.
- **Forvaltningslova:**
Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 5 «om vedtaket».

Revisjonskriterieia vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi baserer vår kontroll på analyse av relevante dokument, rutinar og korrespondanse med administrasjonen samt samtaler/ intervju med administrasjonen/skuleleiinga. Framgangsmåten i denne undersøkinga har i tillegg vore gjennomgang av enkeltsaker (saksmapper) og sakshandsamingssystemet Ephorte.

Det blei gjennomført ei deskriptiv analyse over kommunen sin ressursbruk innanfor området spesialundervisning på bakgrunn av kommunen si rapportering til SSB (KOSTRA) og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet).

4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er;

Saksmapper som inneheld:

- Sakkyndige vurderingar
- Enkeltvedtak spesialundervisning
- Individuelle opplæringsplanar
- Halvårs-/årsrapportar

Skriftelege rutinar:

Kommunen har utarbeida interne skriftelege rutinar i høve skuleseksjonen. Her er det blant anna utarbeida rutinar/prosedyrar og sjekklister i høve spesialundervisning og tilpassa opplæring.

4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt rådmannen for uttale 03.07.15. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

4.3 Avgrensing


Kontrollen er avgrensa til å gjelde skuleåret 2013/14.

5 Analyse - ressursbruk

5.1 Rapportert ressursbruk i forhold til andre kommunar


Det er samanlikna omfang av spesialundervisning i Volda kommune i forhold til nabokommunane på Søre Sunnmøre, kommunegruppe 10 og snittet for landet utanom Oslo. Sjå oversikta/diagrammet nedanfor. Kommunegruppe 10 kjenneteiknast av mellomstore kommunar med middels bunde kostnader pr innbyggjar, med lave frie disponible inntekter. Ein registrerte at KOSTRA- rapporteringa opererer med ein andel spesialundervisning på 8,4% i 2013, medan kommunen sine egne tal (henta frå GSI) viser ein andel på 8,23% utan at ein har gått nærmare inn på årsaka til avviket.

Andel spesialundervisning i forhold til alle elevar i ordinær grunnskule



Diagrammet viser at andelen spesialundervisning i Volda for 2013 ligg på landsgjennomsnittet. Av nabokommunane hadde Hareid høgast andel elevar med spesialundervisning (10,1 %) medan Sande og Vanylven også ligg høgare enn landsgjennomsnittet med 9,7 %. Ulstein og Herøy hadde lågast andel ,med hhv 6,2 % og 6,7 %.


Andel spesialundervisning fordelt på klassetrinn 2013



Tabellen overfor viser andel elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein registrear om lag ei dobling i andel elevar som tek i mot spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen.

Tidlig melding og vedtak om spesialundervisning kan være med å førebygge at eleven krev eit større behov for ressursar på eit seinare tidspunkt. Dermed kan ein låg terskel for å godkjenne spesialundervisning være med på å gi gode resultat på sikt.

Timar spesialundervisning i % av antal lærartimar totalt 2013




Ser ein på timar til spesialundervisning i forhold til lærartimar totalt i diagrammet over, ser vi at Hareid har høgast prosentvis andel timar knytt til spesialundervisning i forhold til totale lærartimar. Volda kommune ligg lågare enn tilhøyrande KOSTRA gruppe 10. Ulstein har ein

lågare andel spesialundervisning enn Volda kommune jfr. diagram side 14. Dette kan bety at færre elevar i Ulstein får spesialundervisning enn i volda, men at dei som får spesialundervisning i Ulstein får tildelt litt fleire timar enn i Volda.

5.2 Spesialundervisningstimar totalt per elev

Oversikta nedanfor viser årstimetallet knytt til spesialundervisning ved kvar enkelt skule delt på antal elevar ved skulen. Det er interessant å sjå at dei private skulane har nesten dobbelt så mange spesialundervisningstimar per elev i forhold til dei offentlege, utan at revisjonen har sett noko nærmare på kva som kan vere bakgrunnen for dette. Ulvestad barneskule hadde det desidert høgaste timetalet pr elev, medan den andre privatskulen i kommunen Bjørkedal Nærskule hadde det lågaste snittet av skulane. Det skal nemnast at små elevgrupper kan skape store utslag på spesialundervisninga ved kvar enkelt skule. Dei offentlege skulane var i stor grad på same nivå som gjennomsnittet for dei offentlege skulane i fylket.




5.3 Elevar med spesialundervisning pr. klassetrinn i Volda

Oversikta nedanfor viser antal elevar med spesialundervisning pr. klassetrinn i Volda kommune skuleåret 2013/14 f. Ut i frå tala registrerar ein at fleire i «storskulen» og ungdomsskulen mottek spesialundervisning i forhold til «småskulen». 10. klasse hadde flest elevar med spesialundervisning (16 elevar).

	1.KL	2.KL	3.KL	4.KL	5.KL	6.KL	7.KL	8.KL	9.KL	10.KL
Sum	5	5	4	7	10	14	12	10	8	16

5.4 Utvikling i antal elevar med spesialundervisning

Andelen elevar i grunnskulen i Volda kommune som får spesialundervisning (i % av alle elevar), har i følge KOSTRA- rapporteringa hatt følgjande utvikling dei siste 3 åra:



Oversikta viser at det sidan 2012 har vore ein sett ein reduksjon i antal elevar som tok i mot spesialundervisning i Volda kommune.

5.5 Årsverk og lærartimar

Oversikta nedanfor viser årsverk og lærartimar som vert nytta i Volda. Ein registrerte ein nedgang på ca 6 % skuleåret 2013/14.

Volda	2011-12	2012-13	2013-14
Sum lærartimar som vert gitt til undervisning totalt	78 951	80 083	73 235
Sum årstimar brukt på spesialundervisning og særskilt språkopplæring	20 657	21 410	15 067
Sum årstimar til ordinær undervisning	58 294	58 673	58 282
Spesialundervisning i % av tot. undervisning	26%	26%	20%

6 Problemstilling 1: Sikrar kommunen eleven sine rettar knytt til sakkyndig vurdering?

6.1 Innleiing:

Elevane i Volda kommune har rett til sakkyndig vurdering av PPT før det vert fatta vedtak om spesialundervisning jfr. opplæringslova § 5-3.

6.2 Revisjonskriterium:

6.2.1 Innmelding til PPT

Det går fram av dei interne skriftelege rutinane i Volda kommune at:

Før tilmelding:

Ved mistanke om at eleven ikkje får tilstrekkeleg utbytte av opplæringa skal undervisningspersonalet melde frå til rektor som då har plikt til å undersøke saka. Skulen vurderer eleven sine behov; kartlegg, justerer og prøver ut nye tiltak innafør dei ordinære rammene med sikte på å gje eleven eit best mogleg tilpassa opplæringstilbod. Skulen skal vurdere både individ- og systemfaktorar. Skulen vurderer eleven sitt læringsutbytte kontinuerleg.

Skulen inviterer til time i "Ressursteam" (etter gjeldande reglar) eller anna møte som skulen meiner er relevante i denne samanheng.

Meldingar til PPT: Dersom vurderinga i fase 1 kjem til at eleven innafør den ordinære opplæringa ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, må skulen få samtykkeerklæring frå føresette og evt melde til PPT. Tilmeldingsskjema og pedagogisk rapport.

Orientering til føresette om det juridiske grunnlaget for spesialundervisning og sakshandsaminga.

6.2.2 Sakkyndig vurdering

Opplæringslova § 5-3 krev at det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering før kommunen kan fatte enkeltvedtak om spesialundervisning. Den sakkyndige vurderinga skal innehalde:

- Eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Eleven sine lærevanskar og andre spesielle forhold som er viktig for opplæringa
- Om eleven har behov for spesialundervisning
- Realistiske opplæringsmål for eleven
- Kva slags opplæring som bør gis
- Om eleven sine vanskar kan løysast innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- Kva opplæring som vil gi eit forsvarleg opplæringstilbod

I følgje opplæringslova § 5-6, andre ledd er det PPT i kommunen som skal sørge for at den sakkyndige vurderinga av eleven vert utarbeida. Før PPT gjennomfører ei sakkyndig

vurdering er det krav om ei skrifteleg dokumentert samtykkeerklæring frå eleven sine føresette. Samtykkeerklæringa er eit uttrykk for aksept på at skulen sender ein førespurnad om ei sakkyndig vurdering , og ein aksept på at skulen drøftar forhold som gjeld den aktuelle eleven med PPT som ein ekstern instans. Når dette er på plass, kan skulen sende beskjed til PPT om å gjennomføre vurderinga.

PPT utarbeider ei sakkyndig vurdering av eleven med ei tilråding som seier om det ligg føre behov for spesialundervisning eller ikkje, og kva tilbod som eventuelt bør bli gitt, samt kva omfang.

Den sakkyndige vurderinga skal sikre at eleven si sak vert tilstrekkeleg opplyst før det vert fatta vedtak. Om det vert konkludert med at eleven ikkje har rett på spesialundervisning har eleven likevel, som alle andre elevar rett til tilpassa undervisning for å nå måla i opplæringsplanen for grunnskulen til sitt årstrinn.

Opplæringslova regulerer ikkje kor lenge ei sakkyndig vurdering er gyldig. I fleire tilfelle kan det være tilstrekkeleg å utarbeide ei sakkyndig vurdering kvart 3. – 4. år. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle, men skulen må heile tida ta omsyn til evt. større endringar som tilseier at ny sakkyndig vurdering bør utarbeidast. Eleven/føresette kan også krevje at PPT gjennomfører ny sakkyndig vurdering.

Det må utarbeidast ei sakkyndig vurdering med tilråding i forbindelse med alle henvisningar. Alle sakkyndige vurderingar skal føre til vedtak, enten vedtak om spesialundervisning eller avslag.

Oppsummering

- Det skal ligge føre samtykkeerklæring frå føresette
- Ei sakkyndig vurdering skal utarbeidast i alle tilfelle der eleven sjølv og/eller føresette ønskjer det, også i dei tilfelle PPT vurderer det slik at eleven ikkje har rett til spesialundervisning.
- Det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering frå PPT før skulen fattar vedtak om spesialundervisning. Vurderinga bør ikkje vere eldre enn 3-4 år.
- Den sakkyndige vurderinga skal innehalde ei tilråding.
- PPT bør gi skulen råd om korleis opplæringstilbodet kan til rette leggjast på best mogeleg måte for eleven i dei tilfelle spesialundervisning ikkje vert anbefalt.

6.3 Fakta

6.3.1 Samtykkeerklæring

Det går fram av kommunen sine egne interne rutinar at foreldre/føresette avgi/godkjenne ei samtykkeerklæring før PPT kan startar kartlegging og vurdering av eleven for å kunne utarbeide ei sakkyndig vurdering.

Kontrollen avdekte at i berre ei av dei 20 kontrollerte elektroniske elevmappene låg det føre samtykkeerklæring . Ein har ikkje kontrollert dei fysiske elevmappene, men meiner at samtykkeerklæringar bør også lagrast i kommunen sitt elektroniske arkiv.

6.3.2 Sakkyndig vurdering

Det er kommunen sin rådgjevande instans, pedagogisk – psykologisk teneste (PPT) som utarbeider den sakkyndige vurderinga for alle dei tilvisingane dei mottek om evt. rett til spesialundervisning. Dette gjeld både i dei tilfelle PPT vurderer at eleven har rett på spesialundervisning, men også i dei tilfelle PPT konkluderer med at eleven ikkje har rett på denne type undervisning.

Det går fram av kommunen sine egne rutinar at dei sakkyndige tilrådingane skal fornyast/justert innan 1.mars i 4. skuleår og 7. skuleår for elevar som har hatt spesialundervisning. I 7. skuleår skal tilrådinga utarbeidast med utgangspunkt i det opplæringsmiljøet og dei krava eleven skal møte på ungdomssteget. Tidspunktet på våren er sett slik at IOP og nytt vedtak kan vere på plass ved starten av 5. og 8. skuleår

Administrasjonen opplyste at skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga vert utarbeida, og får dermed mulegheit til å komme med evt. innspel i forhold til vurderinga som vert gjort. Dette går også fram av kommunen sine skriftelege rutinar der det går fram: *“Ein skal invitere føresette til drøfting om kva spesialundervisninga bør innehalde/omfatte før det blir utarbeida vedtak”*. Det låg ingen skriftelege møtereferat ol. i dei elektroniske elevmappene som bekreftar dette.

Kontroll:

Det vart kontrollert 20 av totalt 90 elevsaker der det hadde blitt tildelt spesialundervisning. Utvalet var tilfeldig og fordelte seg over alle skulane i kommunen. Elevmappene vert lagra elektronisk i kommunen sitt saksbehandlarsystem Ephorte og i fysisk arkiv på dei ulike skulane. Skulane sender over dokumenta til skuleadministrasjonen/servicekontoret som lagrar og arkiverer dokumenta i Ephorte.

Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til opplæringsmåla som er realistiske for eleven. I den sakkyndige vurderinga skal det leggjast særleg vekt på eleven sine utviklingsutsikter. Oversikta nedanfor viser dei krav som vert stilt til innhald i den sakkyndige vurderinga som vert regulert i lova, og om Volda kommune etterlever desse. Oversikta er basert på vår gjennomgang av dei elektroniske elevmappene i utvalet.

Krav til Innhald i følgje rettleiar:	Oppfylt?
Er det gjort greie for eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet?	Ja
Er eleven sine lærevansker og andre spesielle forhold som er viktig for opplæringen vurdert?	Ja
Er det vurdert om eleven har behov for spesialundervisning?	Ja
Kva som er realistiske opplæringsmål for eleven?	Ja
Kva opplæring som bør gis?	Ja
Er det vurdert tiltak i forhold til om eleven sine vanskar kan løysast innfor det ordinære opplæringstilbodet?	Ja
Er det gjort greie for kva opplæring som vil gi eit forsvarleg opplæringstilbod?	Ja
Er tilrådinga ein del av sakkyndige vurderinga?	Ja

Gjennomgang av dei sakkyndige vurderingane viste at vurderingane i stor grad følgde rettleiaren m.o.t. form og innhald. Ein registrerte at dei nyaste sakkyndige vurderingane (utarbeida i 2013) inneheld informasjon om kva undersøkingar/utgreiingar tilrådinga er bygd på, desse vurderingane hadde også ei meir detaljert framstilling av innhald, organisering og omfang av opplæringstilbodet som vart tilrådd.

6.3.3 Sakkyndig tilråding

I følgje rettleiar frå departementet skal tilrådinga inngå som ein del av den sakkyndige vurderinga. I alle dei sakkyndige vurderingane som er utarbeida av PPT og som vi har kontrollert gjekk det fram ei tilråding. Den sakkyndige tilrådinga inneheldt på eit generelt nivå korleis PPT meiner at undervisninga bør organiserast. I tillegg inneheld tilrådingane informasjon omfanget av spesialundervisninga og innhaldet i undervisninga.

Av dei 20 sakene som vi har gjennomgått hadde alle fått ei sakkyndig vurdering, med tilhøyrande tilråding frå PPT, før det vart fatta vedtak om spesialundervisning.

Administrasjonen har opplyst at i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning, samarbeider PPT og skulen slik at eleven får eit tilrettelagt undervisningsopplegg innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

6.4 Vurdering - konklusjon

PPT utarbeidar ei sakkyndig vurdering med ei tilråding i forhold til krava i opplæringslova § 5-3 for alle elevar det vert søkt om spesialundervisning for, og vurderinga ligg som grunnlag for det vedtaket som vert fatta. Kontrollen viste at innhaldet i dei sakkyndige vurderingane frå PPT er i samsvar med føresetnadane i opplæringslova

Ingen av dei sakkyndige vurderingane som vi har sett på i dette prosjektet, og som har vore grunnlaget for enkeltvedtak skuleåret 2013/14 har vore eldre enn 3-4 år og dei eldste var utarbeida i 2011. Det går også fram av dei fleste vurderingane kor lenge dei var gjeldande.

I saker der det ikkje blir tilrådd spesialundervisning blir det ikkje fatta skrifteleg vedtak. I slike tilfelle utarbeidar PPT ei tilråding der det går fram at eleven ikkje har rett på spesialundervisning.

7 Problemstilling 2: Ligg det føre skrifteleg vedtak og er dei i samsvar med regelverket?

7.1 Innleiing

I dette kapittelet ser vi på dei krava som er knytt til enkeltvedtak om spesialundervisning, og som går fram av kapittel 5 i opplæringslova.

7.2 Revisjonskriterium

Vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2-1, første ledd bokstav b. Også avgjerder om avslag på spesialundervisning er enkeltvedtak i henhold til forvaltningslova.

God forvaltningsskikk krev at sakshandsaminga skal vere skrifteleg for å kunne dokumentere faktagrunnlaget i enkeltvedtaket slik at det er mogeleg å etterprøve at vurderingane i vedtaket ikkje er basert på utanforliggende omsyn, og manglande skriftelegheit i sakshandsaminga kan svekke tilliten til avgjerda i enkeltvedtaket.

Ei avgjerd kring tildeling av spesialundervisning vil i stor grad være eit skjønsspørsmål, og i den samanheng vil det vere avgjerande at det ligg føre ei grundig utredning av eleven. Som tidlegare nemnt krev opplæringslova § 5-3 at det ligg føre ei sakkyndig vurdering før det vert fatta enkeltvedtak om spesialundervisning.

Den som er tildelt vedtakskompetanse i slike saker går fram av kommunen sitt delegasjonsreglement, og ei ryddig sakshandsaming bør skilje klart mellom vedtaksmynde og rådgivande instans (PPT). Opplæringslova legg til grunn at kommunen sitt vedtak skal være i samsvar med tilrådinga frå PPT, og dersom det vert fatta vedtak som har avvik i forhold til den sakkyndige vurderinga, skal dette grunnjevast.

Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar kapittel 6.6.1.2 Krav til enkeltvedtakets innhald:

Når enkeltvedtaket skal fattast er det viktig at det er utgreia i tilstrekkelig grad. Det er også viktig at enkeltvedtaket klart og tydelig angir hva slags opplæringstilbud eleven skal ha. I Ot.prp. nr 46 (1997-90) merknad til §5-3 er det understreket at det må gå klart og fullstendig fram hva slags opplæringstilbud eleven skal ha. Her sies det om enkeltvedtaket: Et vedtak i kommunen og fylkeskommunen om spesialundervisning eller spesialundervisning skal være så klart og fullstendig at det ikke er tvil om hva opplæringstilbud eleven skal få. Eit vedtak som berre tildelar eleven ein viss timeressurs utan å fastsetje nærmare kravet til innhaldet i eller den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa, er ikkje godt nok.

Enkeltvedtaket må også seie noko om eleven sine behov og kva som er et forsvarlig opplæringstilbod. Det skal seie noko om innhaldet i opplæringa, den organisatoriske gjennomføringa og omfanget av eventuelle støttetiltak.

Kommunen kan ikkje avslå tilbod om spesialundervisning eller redusere dette tilbodet for elevar som har krav på spesialundervisning, på bakgrunn av økonomi. Dersom den som er ansvarleg for å fatte enkeltvedtak om spesialundervisning ser at det ikkje er tilstrekkelege budsjettmidlar til å overhalde lov- og regelverket på dette området, pliktar vedkomande å rapportere forholdet til nærmaste overordna nivå i kommunen. Kommunen har plikt til å stille midlar til disposisjon til føremålet.

Sidan enkeltvedtak om tildeling av spesialundervisning er tidsavgrensa, bør vedtaksperioden gå fram av vedtaket, når det skal settast i verk og avsluttast. Enkeltvedtaket bør også innehalde opplysningar om vilkår som må være oppfylt for at vedtaket kan fornyast.

Søknad om spesialundervisning med nødvendige vedlegg inneheld i stor grad taushets belagde opplysningar. Av den grunn skal denne type saker vere unnateke offentlegheit i forhold til offentleglova, og må merkast tilsvarande.

Det går fram av utdanningsdirektoratet sin rettleiar kap 6.6.1.1: *«Også i de tilfellene hvor skoleeier/skolen kommer til at eleven ikke har behov for spesialundervisning, skal det treffes enkeltvedtak om dette. Når det fattes enkeltvedtak, utløses elevens/foreldrenes klagerett. Det er derfor viktig for eleven sin rettssikkerhet at det fattes enkeltvedtak om dette. I alle tilfeller hvor skoleeier/skolen har tilmeldt eleven til PP-tjenesten skal saken avgjøres ved at det treffes et enkeltvedtak».*

Forvaltningslova heimlar eleven sine rettar i forbindelse med enkeltvedtaket. Vedtaket skal være skrifteleg, og føresette skal underrettast om vedtaket så raskt som råd, dvs ei skrifteleg melding som gir informasjon om enkeltvedtaket. Denne underretninga skal sendast partane i saka. Det skal i underrettinga opplysast om klagefrist, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument (innsynsrett). Når forholda tilseier det skal det i underretninga også bli gitt informasjon om tilgangen til å søke fri rettshjelp, om kommunen/skolen si rettleingsplikt og tilgangen til å få tilkjent eventuelle sakskostnadar.

Det går fram av kommunen sine eigne rutinar at: Enkeltvedtak bør vere fatta innan 7 mai.

Oppsummert vert følgjande revisjonskriterium lagt til grunn for våre vurderingar:

- All sakshandsaming skal dokumenterast skrifteleg i samsvar med god forvaltningsskikk
- Vedtak skal fattast av skulefagleg leiar/ rektor og bygge på den sakkyndige vurderinga frå PPT. Dette gjeld også avslag på spesialundervisning

- Vedtaka bør være så klare og fullstendige at det ikkje er tvil om kva opplæringstilbod eleven skal ha. Årstimane bør definerast i vedtaket, opplysning om vedtaket si eventuelle tidsavgrensing og vilkår for fornying bør opplyst.
- Vedtaka skal innehalde ei grunngjeving dersom det er avvik mellom PPT si tilråding og rektor sitt vedtak
- Underretninga (vedtaket) skal innehalde opplysningar om klagefrist, klageinstans, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument. Når forholda ligg til rette for det (ved avslag), bør underretninga også innehalde opplysningar om tilgang til å søkje fri rettshjelp, skulen si rettleiingsplikt og tilgang til ev. å få tilkjent saksomkostningar.
- De aktuelle dokumenta i ei sak om spesialundervisning skal unntakast frå offentlegheita i samsvar med off.lova.
- Enkeltvedtak i høve spesialundervisning bør vere fatta før 7. mai.

7.3 Fakta

7.3.1 Vedtaket

Sakshandsaminga som vert gjort i forbindelse med spesialundervisning vert dokumentert skrifteleg. Kommunen nyttar Ephorte i si sakshandsaming, eit system som er godkjent av riksarkivaren. Den sakshandsaminga som PPT er ansvarlig for vert gjennomført i deira eige sakshandsamingssystem. Dokumentasjon som ikkje vert utarbeida i Ephorte vert scanna og lagt inn. Skulane har pr i dag ikkje tilgang til å legge inn dokumentasjon i Ephorte sjølve, og dette vert i hovudsak gjort på rådhuset. I tillegg til dei elektroniske elevmappene har kommunen fysisk arkiv på dei ulike skulane.

Det er rektor på den enkelte skule som har det delegerte ansvaret for å fatte vedtak i saker som gjeld spesialundervisning i grunnskulen. Rektor har også ansvaret for at vedtaka vert etterlevd. Vedtaka vert fatta på bakgrunn av PPT si sakkyndige vurdering av eleven med tilhøyrande tilråding. Seksjonsleiar/fagkonsulent fattar vedtak om rett til/ikkje rett til spesialundervisning i dei tilfelle rektor er hindra frå å fatte vedtak, og i samband med ressursvedtak i høve privatskulane i kommunen.

Det vart i all vesentleg grad nytta same mal og utforming på vedtaka ved dei ulike skulane i Volda kommune. Ein såg derimot forskjellig detaljgrad og kvalitet på vedtaka. Fleire av vedtaka hadde informasjon om innhald, organisering og omfang av spesialundervisninga, men også enkelte tilfelle der vedtaka inneheldt lite informasjon m.o.t. desse emna. I desse tilfella blei det i stor grad berre vist til den sakkyndige vurderinga og framtidig IOP.

Alle dei kontrollerte vedtaka som revisjonen vurderte var adressert til dei føresette. Dei fleste var også stempla med «unnateke offentlegheit», med unntak av vedtaka som var fatta ved Volda ungdomsskule (4 av dei 20 kontrollerte sakene).

I ei av sakene registrerte ein reduksjon i assistentressursen i enkeltvedtaket i høve den sakkyndige tilrådinga. Det gjekk derimot fram av vedtaket at reduksjonen hadde blitt gjort i samråd med føresette, men utover dette var ikkje reduksjonen grunngeven. I ei anna sak tilrådde PPT ein lærarressurs på 380 årstimar, men ressursen var redusert til 304 årstimar i enkeltvedtaket. Det gjekk fram av vedtaket at klassa hadde 190 årstimar felles pedagog.

Ein registrerte også eit tilfelle der ressursen hadde blitt auka assistentressursen frå 570 til 684 årstimar. Utover dette var 17 av dei 20 kontrollerte vedtaka i samsvar med den sakkyndige tilrådinga. Det låg ikkje føre ei grunngeving for auken.

Vedtaka inneheld ikkje nokon vilkår for fornying. På bakgrunn av at den sakkyndige vurderinga som ligg føre i sakene gir informasjon om kor lenge den skal gjelde, og at det vert fatta enkeltvedtak kvart år ser ein ikkje det som nødvendig å ta med vilkår for fornying i sjølve vedtaket.

Revisjonen etterspurde saker der PPT i sakkyndig vurdering rår til at eleven ikkje har rett til spesialundervisning. Administrasjonen hadde ikkje noko oversikt over slike saker, og har gitt tilbakemelding på at dette i varierende grad har blitt følgt opp tidlegare, men at ein i inneverande år har ein prøvd å følgje med på at det vert gjort. Det skal fattast enkeltvedtak også i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Kommunen har eigne rutinar på at vedtak skal fattast før 7.mai. 6 av dei 20 kontrollerte vedtaka var fatta innan denne fristen.

7.3.2 Klage og klagesaker

Det går fram av vedtaket korleis ein skal gå fram ved klage. Ein registrerte lik utforming på klagetekst/framgangsmåte som går fram, og vedtaksteksten gir i stor grad informasjon om, klagefrist, kven som er klageinstans, framgangsmåte ved klage og innsynsrett. Derimot seier ikkje vedtaka noko om tilgang til å få tilkjent saksomkostningar, mogeligheita til å søke fri rettshjelp eller om skulen si rettleiingsplikt. Dei sistnemnde er mest aktuelt ved avslag på spesialundervisning.

Revisjonen etterspurde klagesaker der PPT i sakkyndig vurdering rår til at eleven ikkje har rett til spesialundervisning. Slike klagesaker hadde ikkje kommunen dei tre siste skuleåra. Dette kan ha samanheng med at det berre i liten grad tidlegare har vore fatta vedtak i saker der PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Administrasjonen har informert at dei våren 2015 har ei klagesak, men dette gjeld i ei sak der spesialundervisning har vore innvilga. Saka er no hos fylkesmannen.

7.4 Vurdering - konklusjon

7.4.1 Vedtak – innhald og utforming

Opplæringslova har ingen særskilte reglar om utforminga eller innhaldet i enkeltvedtaket, men avvik frå den sakkyndige vurderinga må grunngjevast. Krav til innhald er at enkeltvedtaket må avgjere om eleven har rett til spesialundervisning, og det går fram av den nye rettleiaren til utdanningsdirektoratet at enkeltvedtak skal angi eleven sitt opplæringstilbod klart og tydelig, og skal blant anna seie noko om; innhald, omfang, organisering og kompetanse.

Enkeltvedtak som berre omfattar omfanget av spesialundervisninga og ikkje seier noko om organisering av opplæringa, i kva fag eleven har behov for særskilt tilrettelegging eller kva innhald det skal være i opplæringstilbodet, vert vurdert som vedtak med sakshandsamingsfeil. Vedtaka i volda inneheld i stor grad dette.

7.4.5 Unnateke offentlegheit

Dei fleste vedtaka (utanom ved Volda ungdomsskule) var merka/stempla med unnateke offentlegheit med tilhøyrande lovheimel. Dette gjekk også fram av dei fleste tilhøyrande dokument som følgde saka (for eksempel sakkyndig vurdering, IOP osv).

7.4.6 Klage

Det skal i underrettinga (vedtaksteksten) opplystast om klagefrist, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument (innsynsrett). Når forholda tilseier det (avslag) skal underrettinga også gi informasjon om tilgangen til å søke fri rettshjelp, om kommunen/skulen si rettleiingsplikt og tilgangen til å få tilkjent eventuelle sakskostnader.

Volda kommune har ikkje med i vedtaksteksten at ein kan få tilkjent saksomkostningar, og ein får ikkje informasjon om tilgangen til å sjå saka sine dokument. Det gjekk heller ikkje fram av vedtaksteksten informasjon om mulegheita til å søke fri rettshjelp og til å få tilkjent saksomkostningar. Kommunen bør derfor utarbeide ein oppdatert vedtakstekst der desse emna inngår.

Kommunen har informert om at det berre i varierende grad har vore fatta vedtak i saker der det ikkje vert tilrådd spesialundervisning. Eleven har ein del rettar i forbindelse med eit enkeltvedtak jfr. forvaltningslova, og når det ikkje vert fatta vedtak misser eleven desse rettane. Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i saker der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

8 Problemstilling 3: Vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (individuell opplæringsplan og årsrapportar).

8.1 Revisjonskriterium

Alle elevar som har fått vedtak om spesialundervisning har rett på individuell opplæringsplan (IOP) og ei skriftleg vurdering over den opplæring som har blitt gitt (halvårs/årsrapport).

8.1.1 Individuell opplæringsplan

Den individuelle opplæringsplanen skal vise kva mål som vert sett for opplæringa, kva innhald opplæringa skal ha og korleis opplæringa skal gjennomførast. Planen skal minst rullerast kvart år så lenge eleven har vedtak om spesialundervisning. Planen skal innehalde antal timar med spesialundervisning i skuleåret som er spesifisert i enkeltvedtaket, oversikt over innhaldet i opplæringstilbodet og elevens si forventa faglege utvikling og mål.

Det går fram av kommunen sine skriftlege rutinar at:

IOP vert utarbeidd dersom eleven har fått rett til spesialundervisning. IOP skal operasjonalisere enkeltvedtaket og verte eit arbeidsverktøy for skulen. Planane skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast. Føresette vert involvert i arbeidet og synet deira skal tillegkast vekt. IOP skal sendast til føresette med kopi til PPT og opplæring og oppvekst. Utarbeida innan 1.oktober.

8.1.2 Årsrapportar

Etter opplæringslova § 5-5 andre ledd har elevar som tek i mot spesialundervisning rett til å få ei skriftleg oversikt over opplæringa han/hun har fått og ei vurdering av si eiga utvikling. Etter tidlegare rett skal ei slik oversikt og vurdering utarbeidast kvart halvår. Dette er no endra (frå 1. august 2013) og gjeldande rett er at den skriftlege oversikta og vurderinga skal utarbeidast ein gong i året i staden for to.

Årsrapportane kan brukast for den enkelte elev som dokumentasjon på i kva grad kommunen har etterlevt krava til spesialundervisning som følgje av opplæringslova. I følgje forskrift til opplæringslova § 2-1 «skolebasert vurdering», skal skulen jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidreg til å nå fastsette mål i læreplanverket for kunnskapsløftet. Skuleeigar har ansvar for å sjå til at vurderinga vert gjennomført i forhold til føresetnadane. Derfor er eit av hovudmåla med årsrapporten å evaluere den individuelle opplæringsplanen (IOP-en), for å kunne endre og forsterke opplæringa undervegs om det skulle vere behov for det.

Årsrapporten skal sendast til eleven sine føresette og kommunen. Kravet inneber at skulen må kunne dokumentere at skriftelig rapport er sendt kvart år.

Det går fram av kommunen sine skriftlege rutinar at:

Utarbeiding av årsrapport (vurdering av spesialundervisninga) som skal sendast til føresette med kopi til PPT og opplæring og oppvekst. Frist 15 juni.

8.1.3 Oppsummert

Vi legg følgjande revisjonskriterium til grunn for vår vurdering:

- Elevar med spesialundervisning skal ha individuell opplæringsplan som skal rullerast kvart år.
- Det skal ligge føre dokumentasjon for at det er utarbeida halvårsrapportar/årsrapportar for elevar med vedtak om spesialundervisning som skal innehalde:
 1. Ei vurdering av eleven si utvikling i forhold til dei mål som går fram av eleven sin individuelle opplæringsplan
 2. Ei vurdering av om det er gitt spesialundervisning i det time omfanget vedtaket beskriv
- Det skal ligge føre dokumentasjon for at rapportane er sendt til både foreldre og kommunen.

8.2 Fakta

8.2.1 Individuell opplæringsplan

Det var utarbeida individuell opplæringsplan (IOP) til alle kontrollerte elevar med vedtak om spesialundervisning. Det er ikkje krav til korleis den individuelle opplæringsplanen skal utformast, men den skal byggjast på vedtaket. Kor detaljert ein utformar ein plan er avhengig av eleven sitt behov. . Det er derfor tilstrekkeleg med mindre grunngeve planar på elevar med mindre vanskar, medan elevar med meir samansette vanskar krev ein meir grundig IOP.

I Volda kommune registrerte ein forskjellig mal og utforming på dei individuelle opplæringsplanane mellom dei ulike skulane. Dette gjorde samanlikning mellom skulane vanskelig, og ein registrerte forskjellig detaljgrad og kvalitet på rapportane men generelt sett inneheldt planane hovudmomenta som går fram av rettleiaren. Administrasjonen har informert om at det er utarbeida ny felles mal for IOP og årsrapport. Denne har vore prøvd ut på enkelte av skulane dette skuleåret. Dette for å få erfaringar med planen og gjere nødvendige justeringar før den vert kommunen sitt felles system. Den nye malen vert obligatorisk for alle f.o.m. skuleåret 2015/16.

Ein registrerte i enkelte av sakene avvik mellom den tildelte ressursen som gjekk fram av vedtaket og ressursen som gjekk fram av den individuelle opplæringsplanen utan at det har vore fatta nytt vedtak og/eller grunngeve.

19 av dei 20 IOP-ane som vi kontrollerte var signerte av foreldre/føresette.

Det går fram av rettleiaren at IOP må utarbeidast «så snart som mulig etter at enkeltvedtaket er truffet». I 12 av dei 20 kontrollerte sakene gjekk det ikkje fram av IOP når den har vore utarbeida og eventuelt revidert. Dette gjorde det vanskeleg å kontrollere kor lang tid det har tatt frå vedtak har vore fatta til IOP låg føre. Det går fram av kommunen sine egne rutinar at IOP skal utarbeidast før 1.oktober. Berre 8 saker hadde dato, og der 5 var utarbeidd før 1.oktober.

8.2.2 Årsrapport

Gjennomgang av dei fysiske elevmappene viser at skulane for skuleåret 2013/14 har utarbeida årsrapportar. Det låg føre rapportar i alle dei kontrollerte sakene, med unntak av ein, og i stor grad har rapportane vore utarbeida i juni. Ein registrerte forskjellig mal og ein utforming på rapportane mellom dei ulike skulane. Generelt sett inneheldt rapportane hovudmomenta som går fram av rettleiaren.

I to av dei kontrollerte sakene låg det ikkje føre Årsrapport for skuleåret 13/14 i Ephorte. Revisjonen etterspurde dokumenta og fekk eine årsrapporten, medan den andre ikkje hadde blitt utarbeida grunna sjukefråvær. Det låg derfor føre årsrapport i 19 av dei 20 kontrollerte sakene.

Årsrapportane viste i varierende grad samanhengen med den individuelle opplæringsplanen, og ulik mal og utforming gjorde at ein også såg varierende kvalitet. Administrasjonen har opplyst at for skuleåret 2015/16 vil det på lik linje med dei individuelle opplæringsplanen bli utarbeida ein felles mal som skal takast i bruk for årsrapporten. Revisjonen har gjennomgått den nye malen og den bygg direkte på den nye IOP-malen noko som gjer at ein vil få tilfredstillande samheng mellom IOP og årsrapport.

8.3 Vurdering - konklusjon

8.3.1 Individuell opplæringsplan

Ein registrerte ulik utforming og kvalitet på planane ved dei ulike skulane. Ein har fått tilbakemelding på at det har blitt utarbeida ny felles mal for IOP og årsrapport, og at denne vert obligatorisk for alle f.o.m. skuleåret 2015/2016.

Det går fram av rettleiaren at IOP må utarbeidast «så snart som mulig etter at enkeltvedtaket er truffet». Manglande utarbeidingsdato på dei fleire av dei individuelle opplæringsplanane har vore gjorde det vanskeleg å evaluere sakshandsamingstida. I dei få tilfella det gjekk fram signaturdato kunne det sjå ut som at planane var utarbeida på hausten. Kommunen har interne rutinar som tilseier at IOP skal vere utarbeida innan 1.oktober. Ein registrerte tilfelle der denne fristen ikkje var overhaldt.

Kommunen bør derfor sørgje for at framtidige IOP inneheld opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato. Ein bør også sørgje for at den individuelle opplæringsplanen vert utarbeida så raskt som råd etter at vedtak vert fatta, og revisjonen meiner det må vere

rimeleg å forvente at IOP vert utarbeida i samband med at enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta.

Det går fram av opplæringslova § 5-5 at ein IOP skal vise mål for opplæringa, innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal drivast. Det bør vere ein raud tråd mellom enkeltvedtak, IOP og årsrapporten. Sjølv om ein registrerte forskjellig mal og utforming mellom dei ulike skulane oppfylte i stor grad alle planane dei krava som går fram av lova.

I enkelte av dei kontrollerte sakene registrerte ein avvik mellom vedtak og IOP i forhold til tildelt ressurs, utan at det hadde vore utarbeidd nytt enkeltvedtak. Som det går fram av rettleiaren (kap 6.7.7.2) kan skulen justere IOP dersom ein meiner dette er nødvendig for at eleven skal få eit forsvarleg opplæringstilbod, eller at eit anna tilbod vil kunne gi eleven betre læringsutbytte. Det må likevel vurderast konkret om endringane i IOP er innanfor enkeltvedtaket, eller om dette er endringar som ikkje kan gjerast utan at det vert fatta nytt enkeltvedtak. Dette vil avhenge av ei konkret vurdering.

8.3.2 Årsrapport

Ein registrerte forskjellig mal og utforming av årsrapportane mellom skulane, og kvaliteten varierte. Ein såg i varierende grad god samanheng mellom IOP og årsrapportane både m.o.t. opplæringsmål og tiltak. I dei fleste tilfella hadde årsrapporten anna utforming enn IOP, og i fleire av sakene gjekk det ikkje fram ei evaluering av sjølve ressursen.

For å skape enda betre samanheng mellom IOP og årsrapportane, bør kommunen implementere den nye malen for IOP og årsrapport ved alle skulane i løpet av skuleåret 2015/16, slik administrasjonen har signalisert.

9 ANBEFALINGAR

1. Kommunen bør sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/16.
2. Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
3. Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

10 Rådmannen sin kommentar

Hei!

Takk for rapporten.

Vi kjenner att det som er peika på i rapporten. Anbefalingane som er peika på er relevante og er allereie under arbeid.

Lene Nupen
fagkonsulent
Opplæring og oppvekst

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Bente Engeseth

Arkivsak nr.: 2015/1796

Arkivkode: U63

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

111/15

Kommunestyret

29.10.2015

SKJENKELØYVE - FJORDKONGEN AS (ORG NR 915055885)

Administrasjonen si tilråding:

- Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.*
- Kommunestyret vedtek følgjande presiseringar i skjenkeløyvet gitt av driftsstyret i sak 24/15:*
 - Butikkarealet må fysisk avgrensast, slik at det ikkje er mogleg å gå direkte mellom skjenkearealet og butikkarealet. Frist for gjennomføring av tiltaket blir sett til 30. november 2015. Dersom ikkje utbetringa er utført innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil tiltaket er utført.*
 - Det er stilt vilkår for skjenkeløyvet, jf alkohollova § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf pkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016."*
 - Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge.*
 - Det vert stilt krav om 18 års aldersgrense i opningstid ved skjenking innanfor gruppe 1 og 2. Så lenge Fjordkongen AS har løyve for gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og det vert ikkje gitt høve til at yngre er tilstades i følgje med vaksne.*
 - Det vert stilt krav om at vakthaldet alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra. Plan for vakthald må leverast innan 30. november 2015. Dersom ein slik plan ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*
 - Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt innan 30. november 2015, og at dei stetter krava i alkohollova. Dersom internkontrollrutinane ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*

Vedleggsliste:

1. 2015/1604 Søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve 29.06.15 – Fjordkongen AS
2. 2015/1604 Vedlegg til søknad om skjenkeløyve datert 29.06.2015 – Fjordkongen AS
3. 2015/1604 Bevis for kunnskapsprøve etter alkohollova
4. 2015/1604 Bevis for etablerarprøva etter serveringslova
5. 2015/1604 Bed om uttale i høve søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve, Voldabesøk med fjordcruise og pubaften, brev til lensmannen i Ørsta og Volda datert 29.06.15
6. 2015/1604 Uttale frå lensmann 01.07.15 vedk søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve - Voldabesøk med fjordcruise og pubaften
7. 2015/1604 Uttale frå lensmann svarskjema, 01.07.15 vedk søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve - Voldabesøk med fjordcruise og pubaften
8. 2015/1604 Vedtaksbrev 02.07.15 skjenkeløyve ved einskildhøve til Fjordkongen
9. 2015/1604 Vedk skjenkeløyve til Fjordkongen – spørsmål om vedtaket var lovleg, brev frå Ivar Otto Kristiansen 13.07.15
10. 2015/1604 Førebels svar – vedr skjenkeløyve til Fjordkongen 27.07.15
11. 2015/1604 Vedkomande vedtak om skjenkeløyve datert 07.08.15
12. 2015/1781 Søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve, Fjordcruise Lauvstad og Volda sentrum, datert 09.08.15 – Fjordkongen AS
13. 2015/1781 Bed om uttale 10.08.15 i samband med søknad om skjenkeløyve i høve Fjordcruise Lauvstad og Volda sentrum
14. 2015/1781 Uttale frå lensmann vedk skjenkeløyve ved einskildhøve, Fjordcruise Lauvstad og Volda sentrum datert 12.08.15 m vedlegg
15. 2015/1781 Vedtaksbrev 11.08.15 om skjenkeløyve ved einskildhøve til Fjordkongen, Fjordcruise på Lauvstad
16. 2015/1781 Søknad om fast skjenkeløyve 11.08.15 – Fjordkongen AS
17. 2015/1781 Bed om uttale i samband med søknad om fast skjenkeløyve 13.08.15
18. 2015/1781 Uttale frå lensmann vedk fast løyve 14.08.15
19. 2015/1781 Utale frå lensmann vedk fast løyve 14.08.15 – svarskjema
20. 2015/1781 Framlegg til vedtak i driftsstyret 19.08.15
21. 2015/1781 Utskrift av sak 24/15 i driftsstyret 19.08.15 – fast skjenkeløyve
22. 2015/1781 Søknad om serveringsløyve 20.08.15
23. 2015/1781 Vedtaksbrev - Serveringsløyve 21.08.2015
24. Notat frå ordførar 31.08.15 til rådmann og leiar i driftsstyret
25. Ny tilråding frå driftsstyret 07.10.15
26. Presisering av vedtak om skjenkeløyve, brev til Fjordkongen AS 11.09.2015
27. Utskrift av sak 30/15 i driftsstyret 07.10.15- presisering av vedtak
28. Annonsering på Facebook 21. og 22. august
29. Bilete frå synfaring 16.10.15
30. Protokoll KST 24.05.2012 - Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2015
31. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016
32. Delegeringsreglement vedteke i Volda kommunestyre 28.08.2014

Uprenta saksvedlegg:

1. Alkohollova
URL: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27?q=alkohollova>
2. [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) (FOR 2005-06-08 nr 538)
URL: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538>

SAMANDRAG

Etter å ha fått skjenkeløyve ved enkelthøve for alkoholgruppe 1 og 2 for tidsavgrensa periode i sommar, fekk Fjordkongen fast løyve for alkoholgruppe 1, 2 og 3 i driftsstyret i sak 24/15 den 19.08.15. Dette løyvet vart handsama administrativt, og rådmannen har beklaga at saka ikkje vart lagt fram for politisk handsaming. Problemstillingar i saka inneber at søknaden om fast løyve skulle vore lagt fram for kommunestyret til avgjerd før det vart gjeve løyve, jfr Rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Sakshandsaminga har ikkje vore tilstrekkeleg nok, og det er derfor behov for ein nøyare gjennomgang av saka. Driftsstyret har i møte 07.10.15, PS-sak 30/15 bedt om at saka vert lagt fram for kommunestyret:

1. *Driftsstyret ber om at administrasjonen vurderar saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016"*
2. *Driftsstyret rådar administrasjonen til ei ny synfaring på båten med tanke på båt-, bar- butikk-konseptet og vurdere utearealet.*
3. *Saka skal sendast vidare til neste møte i kommunestyret.*
4. *Driftsstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.*

SAKSOPPLYSNINGAR

Tidlegare saksgang

Volda kommune har handsama to søknader om skjenkeløyve ved *einskildhøve* frå Fjordkongen:

Søknad datert 29.06.2015 (arkivsak 2015/1604)

I arkivsak 2015/1604 er det handsama søknad 29.06.2015 om skjenkeløyve ved *einskildhøve*.

Dette gjaldt søknad om skjenkeløyve ved *einskildhøve*. Det blei gjort eit delegert vedtak, der det blei gitt løyve til Fjordkongen AS i samband med besøk i Volda. "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016" seier at eit slikt løyve kan gis for *inntil* 6 dagar, men ved ein sakshandsamingsfeil blei det gitt løyve i 19 dagar. Løyvet var altså ikkje i tråd med lokal plan, men det er likevel ikkje i konflikt med alkohollova.

Søknad datert 10.08.2015 (Arkivsak 2015/1796)

Volda kommune mottok deretter ein ny søknad frå Fjordkongen AS datert 10.08.15 der det blei søkt om skjenkeløyve ved *ei rekke einskildhøve*. I denne søknaden ser ein at det som det blir søkt om berer preg av å vere definert under *fast løyve*, og sakshandsamar fann derfor at det ikkje var rett å bruke reglane etter *einskildvedtak*. Det blei gitt løyve ved *einskildhøve* for det førstkomande arrangementet det var søkt om: Fjordcruise på Lauvstad 15. august, på grunn av at dette arrangementet var nært føreståande.

Søkjar vart oppmoda om å søkje om fast løyve dersom det framleis var aktuelt å ha fleire arrangement i Volda.

Søknad datert 11.08.2015 (Arkivsak 2015/1796)

Volda kommune mottok deretter ein ny søknad, datert 11.08.15 om serveringsløyve og *fast skjenkeløyve* for Fjordkongen AS. I denne søknaden blei det søkt om fast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. Driftsstyret gjorde slik vedtak om fast/alminnelig skjenkeløyve om bord i passasjerfartøyet M/S Fjordkongen (PS-sak 24/15 den 19.08.15):

Med heimel i alkohollova §§ 1-4 b, 1-7 a, 1-7 b, 1-7 c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:

Tidsrom: Frå vedtaksdato til 30.juni 2016.

Løyvehavar: FJORDKONGEN AS, org. nr. 915055885

Styrar: Terje Kragset, f. 30.09.60.

Stedfortredar: Arve Jøssang, f. 21.09.67

Skjenkestad: Løyvet gjeld om bord i M/S Fjord-kongen når fartyet ligg ved kai i Volda og på turar med utgangspunkt i Volda.

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Og gruppe 3 i samsvar med søknad.

Omfang/type: Alminneleg løyve.

Type verksemd: Passasjerfarty som ikkje går i kollektivtrafikk.

Skjenkeareal: Inne 200m² og uteareal 200m².

Skjenketider: Jf. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016.

Opningstider: Skjenkestaden må stenge og tømast for gjester 30 min etter skjenketida er slutt.

Vilkår 1: Det vert stilt vilkår jf § 4-3 om at det må vere 18-års aldersgrense når det er pub, dans, trubadurkveld og/eller liknande på skjenkestaden. Når det er arrangement som er særskilt retta mot middagsgjestar og det vert servert alkoholhaldig drikk gruppe 3 må det vere 20-års aldersgrense. Så lenge aktiviteten om bord er fjordcruise og det skjer i oversiktlege former der gjestane sit til bords og matservering er ein vesentleg del av aktiviteten kan også dei under 18 år vere med i fylgje med vaksne.

Vilkår 2: Det vert stilt vilkår om at vakthald alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra.

Vilkår 3: Det vert stilt vilkår jf § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt søknad og at dei stettar krava i alkohollova.

Vilkår 4 : Det vart stilt vilkår jf § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf. punkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk plan for Volda kommune 2012 – 2016".

Vilkår 5: Det vert stilt vilkår jf § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for born og unge.

I ettertid er det stilt spørsmål om fast skjenkeløyve for M/S Fjordkongen representerer eit nytt konsept, og om løyvet skulle vore handsama av kommunestyret, jf "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016".

Ei presisering av løyvet til M/S Fjordkongen vart lagt fram for driftsstyret i møte 07.10.15 (PS sak 30/15), der driftsstyret som nemnt vedtok å sende saka over til kommunestyret.

Rådmannen utgreier ny sak, og ettersom det ikkje er driftsstyremøte før kommunestyremøtet, vert saka lagt fram med innstilling frå rådmannen direkte til kommunestyret.

Løyvehavar

Løyvehavar er Fjordkongen AS, org nr. 915055885. Skjenkestaden er passasjerfartyet MS Fjordkongen. Skjenkestaden har fått serveringsløyve og fast skjenkeløyve ut perioden som er fram til 30. juni 2016. Styrar for løyvet er Terje Kragset, f. 30.09.60. Vara for styrar er Arve Jøssang, f. 21.09.67. Eigar og styrar for løyvet har nødvendige prøver for å drive både serveringsstad og skjenkestad. Vara for styrar har også kunnskapsprøve etter alkohollova. Vandelskravet er innfridd. Skjenkearealet er 200 m² inne, 200 m² ute. Det er 400 gjesteplassar totalt: 200 inne og 200 ute. Pr i dag har MS Fjordkongen løyve for 100 personar ombord når passasjerfartyet ikkje ligg til kai. Når det ligg til land gjeld ikkje dei same reglane for tal på besøkande.

I søknaden står det at M/S Fjordkongen vil drive fjordcruise og arrangement ved kaier på Sunnmøre. Det vart søkt om skjenkeløyve ved kaier i Volda kommune og ved fjordcruise med utgangspunkt frå kaier i Volda kommune.

Synfaring fredag 16.10.2015

Terje Kragset møtte som representant for Fjordkongen AS, Bente Engeseth og Inger-Johanne Johnsen møtte frå administrasjonen.

Tal på passasjerar:

Terje Kragset opplyste om at båten pr i dag har sertifikat for 100 passasjerar når den er i drift (t.d. fjordcruise), men at det blir arbeidd for å få på plass eit nytt sertifikat slik at båten kan ha 300 passasjerar. Når båten ligg i land blir det praktisert at det berre vert tatt om bord maksimalt 200 menneskjer.

Tilgong til butikk/butikkareal:

Butikklokalet er eit eige rom i båten. I eine enden er det ei dør som knapt er synleg pga spegel på. Denne døra er ikkje låst pga branntryggleik. I andre enden (mot baren/skjenkearealet) er det delvis vegg, med tre opningar med søyler mellom. Mellom søylene er det klesstativ som hindrar passasje og utsyn/innsyn. I den eine opninga var det berre eit bord som skal hindre passasje. Båten har moglegheit for å ”sluse” folk direkte inn i butikkareal, utan at dei må gå via skjenkeareal, men samtidig manglar det eit fysisk skilje mellom skjenkelokalet og butikklokalet.

Sikkerheit/avgrensing: Båten har gelender med høgde 1,2 m rundt heile båten. Det er alltid plassert vakt ved landgangen, opplyste Kragset om. Landgangen er også sikra med ekstra nett, når båten ligg ved land og skjenkestaden er open for publikum. Det er nylig lagt teppe på dekk for å hindre at folk glid. Kragset opplyser om at utearealet er avgrensa til å berre gjelde fremre del av båten ved skjenking i helgene.

Kjøkken/servering: Båten har ikkje godkjent kjøkken etter dei krava som vert stilt til restaurantdrift. Det er opplyst at ved større arrangement vil ikkje mat bli tilberedt om bord. Fjordkongen vil nytte catering t.d. når det skal vere julebord. Det er spiseplassar om bord (ferjebenker og bord i salongen).

Uteareal

Alt skjenkeareal ute er sikra med rekkverk alle stader. Nede er det avgrensa med høg rekke, og oppe i båten er der rekkverk på 1.20 m. Landgangen er sikra med ekstra nett og den skal alltid vere godt overvaka. At landgangen må vere godt overvaka og sikra var for øvrig eit vilkår i vedtaket som driftsstyret gjorde 19.08.2015 (sak 24/15).

I ”Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016” vedlegg 1-1, pk. 9 står fylgjande: *”Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkohol inntil 22 vol % på godkjende uteområde i tilknytning til skjenkestadar med eksisterande alminneleg løyve. Bruken av utearealet skal vere godkjent i høve regulering og plan- og bygningslova, før det kan gjevast løyve. Skjenkearealet skal vere tydeleg definert og avgrensa.”*

Det er gitt løyve for skjenking på uteareal om bord i båten. Det er ikkje relevant å gjere vurderingar jf pk. 9) då dette er om bord i ein båt. Kravet i Rusmiddelpolitisk handlingsplan om at skjenkeareal ute skal vere tydeleg definert og avgrensa, har med kontrollomsynet å gjere. Det skal ikkje vere mogleg å lange alkoholhaldig drikk til folk som ikkje er gjestar ved skjenkestaden. Båten er av naturens art avgrensa frå folk utanfor skjenkearealet.

Marknadsføring

Det har blitt stilt spørsmål om marknadsføringa til Fjordkongen er brot på regelen om reklameforbod, alkohollova § 9-4.

Etter ”Forskrift for omsetning av alkoholhadig drikk mv.”, § 14-3 ”Unntatt frå forbudet er:” pk. 3: *”Annonser om salgssted eller skjenkestad med informasjon om stedets navn, adresse og åpningstider samt bevillingsrettigheter.”*

Alkoholhaldig drikk er ei lovleg vare, og det er ikkje ulovleg å opplyse om at ein har skjenkerett og for kva alkoholgrupper ein har løyve for.

Marknadsføringa viser tydeleg at denne verksemda driv både butikk og skjenkestad. Så lenge skjenkestaden ikkje brukar vare- eller firmamerke eller kjenneteikn for alkoholhaldig drikk som ein må anta at dei reklamen vender seg til, vil oppfatte som alkoholreklame, er det ikkje i strid med reklameregelen i alkohollova eller i forskrifta.

Internkontrollrutinar MS Fjordkongen

I følgje "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016" pkt 1.2.1. skal skjenkestaden ha internkontrollrutiner, og desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar er det etter denne bestemmelsen eit krav om at internkontrollrutinene skal vere levert til kommunen ein månad etter at løyvet er tildelt. Kommunen har pr dags dato ikkje motteke internkontrollrutiner for MS Fjordkongen, og det må bli stilt vilkår om at desse blir ettersendt innan ein gitt frist for at løyvet skal gjelde.

Løyve for alkoholgruppe 3

I vedlegg 1-1 Retningslinjer/kriteria for tildeling av saks- og skjenkeløyve i Rusmiddelpolitisk handlingsplan står det følgjande som overordna hovudregel:

Når det gjeld vurderingar knytt til løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol. %, skal det som hovudregel leggast vekt på skjenkestaden sitt konsept. Konsept som satsar på matsservering og tilbod til middagsgjestar kan få alle rettar. Konsept som har meir preg av pub/bar/kro, konsertscene eller dansestad kan berre få løyve for alkohol inn til 60 vol. % etter ei særskilt vurdering.

Planen skisserer vidare kva løyve som gjevast til ulike driftskonsept, m.a:

3. *Restaurantar og enklare serveringsstader*
Kjøkenet skal vere oppe fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudformålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.
4. *Pub/bar*
Dette konseptet vert kjenneteikna som ein uformell serveringsstad, med hovudvekt på omsetjing av øl og vin på kveldstid og i helgane. Det vert ofte servert enklare mat og snacks. Denne typen skjenkestader kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

Berre etter nærare, særskilt vurdering; inntil 60 vol. %. Ein føresetnad for slikt løyve vil vere eige, avgrensa lokale, eigen inngang og med aldersgrense på minst 20 år.
5. *Selskapslokale*
Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere middagsgjestar i slutta selskap. Slike stader kan få innskrenka skjenkeløyve med alle rettar.

Båten Fjordkongen er ikkje eit driftskonsept som er særskilt regulert av planen. Ein må likevel vurdere om konseptet kjem inn under dei kriteria som kan gi grunnlag for å gi fast skjenkeløyve for alkoholgruppe 3. Det fell ikkje inn under hovudregelen for slike rettar ettersom det ikkje er eit konsept med matsservering som hovudformål. Krava til kjøkken og matsservering for hovudformål tilseier at konseptet heller ikkje kjem inn under punkt 3 ovanfor. Konseptet kjem heller ikkje inn under punkt 5 selskapslokale der vilkåret er at driftskonseptet er å servere middagsgjestar i slutta selskap. Driftskonseptet ber meir preg av pub/bar i punkt 4 ovanfor der det berre etter nærare og særskilt vurdering kan gjevast skjenkeløyve inntil 60 vol. % (alkoholgruppe 3). Ein føresetnad for slikt løyve er at ein har eit eige lokale som er avgrensa frå det øvrige skjenkelokalet og med eigen inngang, samt aldersgrense 20 år. Fjordkongen har ikkje eit slikt eige lokale fysisk avgrensa med eigen inngang mv i høve til skjenkearealet som vert vurdert som pub/bar.

Rådmannen meiner at skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 er gitt på sviktande grunnlag da det ikkje er i samsvar med Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune. Rådmannen meiner at kommunen bør gjere tiltak med sikte på å inndrage løyvet for alkoholgruppe 3. I mellomtida vert det nødvendig å presisere at aldersgrense ved skjenking av alkohol i gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og at det ikkje er høve til å ta med yngre i følgje med vaksne.

Etter forvaltningslova § 35 kan vedtaket gjerast om til skade for den det gjeld, her Fjordkongen AS, dersom vedtaket er å sjå på som ugyldig. Vedtaket om løyve i alkoholgruppe 3 er i utgangspunktet ikkje ugyldig i høve til alkohollova, men strid i mot kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen meiner likevel kommunen bør varsle løyvehavar om at ein har til siktemål å trekkje attende fast løyve om skjenkeløyve i alkoholgruppe 3, og at Fjordkongen AS ut frå sitt konsept heller bør søkje om slikt løyve ved enkelthøve. Rådmannen meiner at kommunen bør avklare nærare juridisk før ein går til det skrittet å trekkje det faste løyvet attende, men uansett kan det vere naturleg å forvente at Fjordkongen AS med bakgrunn i kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan er innstilt på å rette seg etter denne.

Dersom det faste løyvet vert inndrage, kan Fjordkongen likevel søke om skjenkeløyve ved einskildhøve for alkoholgruppe 3 når det t.d. blir arrangert julebord eller andre lukka lag om bord.

Representerer eit fast skjenkeløyve for M/S Fjordkongen eit nytt konsept i Volda kommune?

I Volda kommune sin ”Rusmiddelpolitiske handlingsplan 2012-2016, går det fram at det skal forast ei restriktiv line når det gjeld tildeling av nye typar konsept (jf handlingsplan pkt 1.2. siste strekpunkt og vedlegg 1-1 pkt 10). Kombinasjonen pub/bar med alkoholserving og handel om bord i båten er ny i Volda kommune, og tildeling av løyvet etter søknad datert 11.08.2015 burde difor vore handsama av kommunestyret, og ikkje driftsstyret. Det er kommunestyret som skal vurdere tildeling av skjenkeløyve til nye konsept.

Helse og miljøkonsekvensar:

Sjå alkoholpolitisk handlingsplan.

Økonomiske konsekvensar:

Løyvehavar må betale gebyr til kommunen etter faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk. Minimumsgebyret er kr 4100,- pr. år.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjugard
rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

FJORDKONGEN AS, c/o Terje Kragset, 6149 ÅRAM
Ørsta og Volda lensmannskontor, Torvmyrane 11 B, 6160 HOVDBYGDA

Securitas AS, Postboks 8225 Spjelkavik, 6022 ÅLESUND
Arve Jøssang, Hellandsheiveien 36, 4120 TAU

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda kommune

Telefon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.volda.kommune.no>

Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for én enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)

Bevillingshaver (søker)			
Bevillingshaver er			
<input checked="" type="checkbox"/> organisasjon registrert i Enhetsregisteret			
<input type="checkbox"/> enkeltpersonforetak eller forening uten organisasjonsnummer			
Org.nr.	Navn på virksomhet		
915055885	FJORDKONGEN AS		
Adresse		Postnr.	Poststed
c/o Terje Kragset		6149	ÅRAM
Telefonnr.	E-postadresse		
99405051	boutique.no@hotmail.com		
Skattekommune			
VANYLVEN			
Bevillingssøker:			
Etternavn		Fornavn	Fødselsnr.
Kragset		Terje	300960
E-postadresse		Mobilnr.	
boutique.no@hotmail.com		99405051	

Skjenkestedet			
Stedets navn			
Fjord-Kongen			
Stedsadresse		Postnr.	Poststed
Kommunekai i Volda		6101	Volda
Telefon			
99405051			

Ønsket utvidelse			
Arrangement			
<input checked="" type="checkbox"/> Åpent arrangement			
<input type="checkbox"/> Lukket arrangement			
Skjenking - alkoholholdig drikk			
<input checked="" type="checkbox"/> Gruppe 2 (over 4,7 vol.prosent og høyst 22 vol.prosent)			
<input type="checkbox"/> Gruppe 3 (mellom 22 vol.prosent og 60 vol.prosent)			
Areal (m2)	Antall gjesteplasser inne		Antall gjesteplasser ute
250	200		50
Skjenkeareal			
250			

Ønsket utvidelse av skjenketid	
Ønsket skjenketid for alkoholholdig drikk:	
Gruppe 1	
<input checked="" type="checkbox"/> Skjenking inne	
<input checked="" type="checkbox"/> Skjenking ute	
Fra kl. (inne)	Til kl. (inne)

Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for én enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)

Fra kl. (ute)	Til kl. (ute)
Gruppe 2 <input checked="" type="checkbox"/> Skjenking inne <input checked="" type="checkbox"/> Skjenking ute	
Fra kl. (inne)	Til kl. (inne)
Fra kl. (ute)	Til kl. (ute)
Gruppe 3 <input type="checkbox"/> Skjenking inne <input type="checkbox"/> Skjenking ute	

Type arrangement
Dato 30.06.2015
Antall personer 250
Hvem står som arrangør? Fjordkongen as
Beskrivelse av arrangementet M/S Fjord-kongen er en ombygd passasjerferge med motebutikk, salong og pub. Motebutikken er adskilt fra skjenkeområdet. MS Fjord-Kongen har fast skjenkeløyve i Vanylven kommune. Planen er å komme til Volda i morgen 30.06 og vere der til senest 21.07. Vi har trubadur om bord og vil arrangere pub aftener med trubadur, fjordcruise, rekeaftener mens vi ligg i Volda. Ønsker skjenkeløyve for tidsrommet ovenfor innenfor kommunens maksimaltid når vi ligg ved kai og når vi eventuelt går på fjordcruise med utgangspkt fra kai i Volda.

Bekreftelse og vedlegg
Bekreftelse <input checked="" type="checkbox"/> Jeg bekrefter at ovenstående opplysninger er riktige, og forplikter meg til å besørge at bestemmelser i alkoholloven blir overholdt. Jeg forplikter meg til å orientere kommunen om eventuelle endringer i driften av serveringsstedet, f. eks. skifte av styrer/stedfortreder eller innstilling av driften med mer.
Tegning over arealet det søkes om utvidelse til skal følge søknaden:
Last opp vedlegg Ettersendes <input checked="" type="checkbox"/> per post

From: kare.kvangarsnes@vanylven.kommune.no
To: boutique.no@hotmail.com; lene.utseth@heroy.kommune.no
Subject: VS: Fjordkongen -vedlegg til søknad om skjenkeløyve
Date: Wed, 24 Jun 2015 07:42:08 +0000

Hei Terje

Viser til motteken e-post.

Oversender kopi av bestått kunnskapsprøve og etablerarprøve for Terje Kragset til Herøy kommune. For ettertida føreset eg at du sender desse bevisa saman med søknaden.

Med helsing

Vanylven kommune
Kåre Kvangarsnes. Tlf. 70030037

Fra: Andreas Chr. Nørve
Sendt: 15. juni 2015 14:31
Til: Kåre Kvangarsnes
Emne: VS: Fjordkongen -vedlegg til søknad om skjenkeløyve

Fra: Hans Jakob Sandanger
Sendt: 15. juni 2015 14:12
Til: Andreas Chr. Nørve
Emne: VS: Fjordkongen -vedlegg til søknad om skjenkeløyve

Hei

Etter avtale, sender vedlegg om kunnskapsprøve og etablerarprøve.

Venleg helsing

Hans Jakob Sandanger Rådgjevar
Sentraladministrasjonen

Fra: terje kragset [<mailto:boutique.no@hotmail.com>]
Sendt: 2. juni 2015 15:49
Til: Hans Jakob Sandanger
Emne: Fjordkongen -vedlegg til søknad om skjenkeløyve



Finnøy



Forsand



Gjesdal



Hå



Klepp



Lund



Randaberg



Rennesøy



Sandnes



Strand



Time




Bjerkheim



Egersund



Sokndal



Kvitsøy



Hjelmeland



Sola



Stavanger

Kunnskapsprøve om alkoholløvgivningen

Terje Kragset

født den 30. september 1960

har den

8. mars 2015

bestått offentlig kunnskapsprøve for

skjenkebevilling

gitt i medhold av lov av 02.06.1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v., § 1-7c og forskrift av 08.06.2005 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.

Randi Helland Stråtveit
Randi Helland Stråtveit

Sverre Skårland
Sverre Skårland






Finnøy



Forsand



Gjesdal



Hå



Klepp



Lund



Randaberg



Rennesøy



Sandnes



Strand



Time




Bjerkheim



Egersund



Sokndal



Kvitsøy



Hjelmeland



Sola



Stavanger

Etablererprøve - serveringsloven

Terje Kragset

født den 30. september 1960

har den

8. april 2015

bestått offentlig kunnskapsprøve for
serveringsbevilling

gitt i medhold av lov av 13. juni 1997 nr. 55
om serveringsvirksomhet §5 annet ledd og
forskrift av 18. januar 2000 med hjemmel
i lov om serveringsvirksomhet

for Inger L Gjerdem
Randi Helland Stråtveit

Sverre Skårland
Sverre Skårland





VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Volda og Ørsta lensmannskontor
Torvmyrane 11B

6160 HOVDEBYGDA

Unnateke offentlegheit: jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1604	7275/2015	U63	SVK/ BEN	30.06.2015

**BED OM UTTALE I SAMBAND MED SØKNAD OM SKJENKELØYVE
FJORDKONGEN AS, ORG NR 915055885**

Bed om uttale i samband med søknad om skjenkeløyve. Fjordkongen AS (org nr 915055885) har søkt om løyve for alkoholgruppe 1 og 2 i samband med besøk i Volda. Det er søkt om løyve fram til 21. juli 2015.

I søknaden står det at M/S Fjord-kongen er ei ombygd passasjerferje med motebutikk, salong og pub. Motebutikken er adskilt fra skjenkeområdet. Planen er å komme til Volda 30.06 og vere der til seinast 21.juli. Dei har trubadur om bord og vil arrangere pub aften med trubadur, fjordcruise, rekeaften medan dei ligg i Volda.

Dei ynskjer skjenkeløyve for tidsrommet 30.06.-21.07 innan kommunen si maksimaltid.

Det er plass til 250 personar om bord i båten.

Søkjar og styrar for løyvet er Terje Kragset, f og p nr 300960

Med helsing

Bente Engeseth
konsulent

Svarskjema for retur til Volda kommune sak: 2015/1604

Kryss av det som høver:

- Politiet har ingen merknad
 Politiet har merknad:
-

Bed og om uttale for ansvarleg søkjar og styrar for løyvet: Terje Kragset, f 30.09.60.

Kryss av det som høver:

- Politiet har ingen merknad
 Politiet har merknad:
-

Dato

Guttorm Hagen
lensmann

Bente

Viser til vedlegg.

Egil Rustad
Fung. Lensmann
Ulstein og Hareid lensmannskontor
Sunnmøre politidistrikt

Telefon: 70116160 / 90975529

E-post: egil.rustad@politiet.no

www.politi.no

Svarskjema for retur til Volda kommune sak: 2015/1604

Kryss av det som høver:

Politiet har ingen merknad

Politiet har merknad:

For politiet er det sikkerheitsmessige for publikum av interesse. Skjenkestaden er ved havneområdet, og det bør ligge ved ein plan på trygt vakhald og sikring generelt.

Bed og om uttale for ansvarleg søkjar og styrar for løyvet: Terje Kragset, f 30.09.60.

Kryss av det som høver:

Politiet har ingen merknad

Politiet har merknad:

1/7-15

Dato



(Guttorm Hagen
lensmann)



Egje Rustad
Fung. lensmann (Regions lensmann)



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Fjordkongen AS c/o Terje Kragset

6149 ÅRAM

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2015/1604
Delegert vedtak:	Delegert vedtak - serverings- og skjenkesaker	Arkivkode:	U63
Vedtaksnr.:	21/15	Vedtaksdato:	02.07.2015

VEDTAKSBREV - SKJENKELØYVE FOR EITT BESTEMT HØVE - FJORDKONGEN AS ORG NR 915055885

Viser til søknad den 30.06.15 der det er søkt om skjenkeløyve for båten Fjord-Kongen. Det er søkt for perioden 30.06.15-21.07.15 i høve besøk i Volda. Det skal vere arrangement med pubaften med trubadur, fjordcruise og rekeaften.

Etter alkohollova § 1-6, 3. ledd kan det gjevast skjenkeløyve – ved einskildhøve.

Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt vedtak:

1. Med heimel i alkohollova § 1- 6, får FJORDAKONGEN, org nr 915055885 skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2 innan maksimaltida til Volda kommune i høve besøk i Volda med båten Fjord-Kongen. Det skal vere arrangement om bord med pubaften med trubadur, fjordcruise og rekeaften. Løyvet gjeld frå vedtaksdato til 21.07.15.
2. Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Terje Kragset f. 30.09.60.
3. Det vert stilt vilkår (jf. alkohollova § 4-3) om at det er utarbeidd ein plan på vakthald og sikring av området jf. uttalen til politiet og i samråd med politiet.
4. Avgift for løyvet vert sett til kr. 1500,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2015/1604.

Dette vedtaket er handsama med heimel i alkohollova. Det vil ikkje overstyre andre lover, forskrifter eller reglement.

Vedleggsliste:

Søknad 29.06.15

Klageskjema

Uprenta saksvedlegg:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016 (link:

<http://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=18&FilId=131>)

Saksopplysningar:

Volda kommune mottok søknad 29.06.15 frå FJORDAKONGEN AS (org nr 915055885) om skjenkeløyve om bord i båten Fjord-Kongen. Søknaden gjeld i perioden 30.06.15-21.07.15. Det er søkt om løyve for alkoholgruppe 1 og 2 i samband med besøk i Volda. Det skal vere arrangement med pubaften med trubadur, fjordcruise og rekeaften.

Politiet har i sin uttale stilt krav om at det skal vere utarbeidd ein plan på vakthald og sikring av området. Dette vert arrangement på hamna og det vil difor vere krav til sikring av området og godt vakthald.

Det er søkt om løyve innan maksimaltidene til Volda kommune. Desse tidene er regulert i "Rusmiddelpolitisk plan for Volda kommune".

Skjenketidene i Volda er jf Rusmiddelpolitisk plan pkt 1.5.2.

- Normal skjenketid for varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Normal skjenketid for varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er høve til å gje generell utviding av skjenketida til kl 02.00 for romjula (2. Juledag - 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal skal fylgje normal skjenketid, jf. kulepunkt 1 og 2.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for alkohol som er sterkare enn 22 vol. % på uteareal.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

Dette vil seie at skjenestaden må stenge 30 min etter at skjenketida har gått ut.

Vurdering og konklusjon:

Miljøkonsekvensar:

Ikkje relevant.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Beredskapsmessige konsekvensar:


Det er stilt krav om plan på sikring av området og vakthald jf politiet si uttale.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med alkohollova § 1-16 kap. 1.

Klageinstans: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda, 02.07.2015


for Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service


Bente Engeseth
konsulent

Kopi til:
Volda og Ørsta lensmannskontor Torvmyrane 11B 6160 HOVDEBYGDA
Securitas AS Postboks 8225 Spjelkavik 6022 Ålesund

Ivar-Otto Kristiansen
Vevendelvegen 39
6102 Volda

Volda 13.07.2015

Til Volda kommune
V/ Rådmannen/ Ordfører/ Kommunestyret/ Driftsstyret

Vurdering av lovlighet av skjenkeløyve gitt Fjord Kongen.

Viser til skjenke bevilgning gitt til Fjord-Kongen liggende ved Vikeneskaia i Volda, og ønsker med dette å få avklart en del prinsipielle sider vedrørende vedtaket om skjenke løyve. Jeg er kjent med at rådmannen selv er på ferie, og var på ferie i det da vedtaket ble fattet.

Jeg kjenner ikke ordlyden i vedtaket som er gitt, men er blitt kjent med at vedtaket har gitt Fjord Kongen skjenkeløyve løyve til 21.07.2015.

Prinsipielle sider som ønskes belyst er om løyve er gitt i samsvar med Rusmiddelpolitikks handlingsplan (som er i samsvar med alkoholloven) og delegasjonsreglementet.

Rusmiddelpolitikks handlingsplan 1.1.1 Delegering

- *Driftsstyret er løyvemynde i Volda kommune, når det gjeld alminnelege sals – og skjenkeløyve. Mynde for tildeling av ambulerande løyve, for einskildhøve og utviding av eksistereande løyve i enskilde høve vert delegert til rådmannen. Likeins vert mynde til å godkjenne skifte av løyvehavar, styrar for eit løyve og denne sin vara delegert til rådmannen.*
- *Av delegasjonsreglementet går det fram at rådmannen har slikt mynde:*
 - *avgjere einskildbevillingar delegert frå kommunestyret og som ikkje kan delegerast til anna organ.*
 - *gjere vedtak om inndraging av skjenkeløyve for tidsrom som går ut over 8 veker.*

Det er elles berre driftsstyret som kan ta avgjerd i saker om:

- *Tidsavgrensing i sal og skjenking for alminnelege kommunale løyve*
- *Permanent flytting til nye lokale*
- *Endring av driftsform/konsept*
- *Permanent utviding av skjenkestad*
- *Omgjering av løyve med fastsetjing av nye vilkår.*

Rådmannen har i samsvar med delegasjonsreglementet slikt mynde:

- *avgjere søknader om skjenkeløyve ved einskildhøve*
- *avgjere søknad om utvida skjenketid for slutta lag*
- *avgjere søknad om utvida skjenkeareal og skjenketid for enskilde arrangement*
- *godkjenne ny sals- og skjenkestyrar, og vara for denne*
- *tildele ambulerande skjenkeløyve for slutta lag*
- *fastsetje gebyr for kommunale sals- og skjenkeløyve*
- *handheve retningslinjer for reaksjonar på brot på alkohollova for periodar på inn til 8 veker*

Sakshandsamarane i kommunane har kvartalsvis samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve dette.

Fjord Kongen har markedsført dette som et nytt forretningskonsept gjennom artikler i Møre og Møre-nytt – det er da verd å merke seg punkt 1.2. tildeling av alminnelig skjenkeløyve i Rusmiddelpolitikk handlingsplan, selv om dette ikke berører den delegerte myndigheten gitt til rådmannen, beskriver den noe av intensjonen med planen.

- Kva slags profil og målgruppe kommunestyret ønskjer skjenkestandane skal ha. Ein skal her vurdere søknaden ut frå både ein alkoholpolitisk og ein næringspolitisk ståstad
- Eit alminneleg skjenkeløyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept. Sjå retningslinjer for handsaming i vedlegg 1- 1. Det skal først ei restriktiv line med når det gjeld tildeling av løyve til nye typar konsept.

Jeg regner vidare med at vedleggene til Rusmiddelpolitisk handlingsplan ska legges vekt på ved tildeling av skjenkeløyve om dette blir tildelt av rådmannen eller driftsstyret, se utprint av vedlegg.

Vedlegg 1-1. Retningslinjer/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve

10) Særlege tilfelle

I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan *kommunestyret sjølv* gjere unntak frå typar av driftskonsept omhandla i punkta 1– 10 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve. Kommunestyret ønskjer ei restriktiv line med omsyn til utviding av konsept- og verksemdstypar som skal få skjenkeløyve, og ser på dette som eit element i edruskapspolitikken. Difor skal spørsmål om løyve til nye konsept avgjerast av kommunestyret

Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve:

Kule pkt 8.

Det vert ikkje gjeve sals – eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar og serveringsstader i tilknytning til slike. Jf forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 3-4. Campinghytter, campingplassar og motell vert ikkje å vurdere som serveringsstader eller overnattingstadar, som skal få skjenkeløyve. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til frisørsalongar, hudpleiesalongar og liknande typar konsept . Det skal først ei restriktiv line i høve tildeling av løyve til nye typar konsept.

I delelegasjonsreglementet er det beskrevet hvilke mynde rådmannen har etter særlovene og etter kommuneloven §23-4.

5 Mynde til å treffe vedtak etter særlover

Rådmannen får delegert mynde til å gjere vedtak etter følgjande særlover med tilhøyrande forskrifter når sakene er av ikkje- prinsipiell karakter **og** myndet ikkje er lagt til anna organ ved heimel i lov eller i delegeringsreglement:

Jeg oppfatter at skjenkeløyve gitt Fjord Kongen er av prinsipiell karakter, og strider mot intensjonen og målsettingen i Rusmiddelpolitiks handlingsplan og retningslinjer gitt i vedlegg 1 – 1 til planen. Jeg regner med at teksten under **10) Særlege tilfeller** beskriver kommunestyrets ønsker om en restriktiv linje med omsyn til utviding av konsept- og virksomhetstyper som skal få skjenkeløyve. Derav er det også beskrevet at denne type spørsmål skal behandles av kommunestyret selv. Videre regner jeg at kule pkt. 8 under samme vedlegg med overskriften «**Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve**» ikke er uttømmende.

Rådmannens myndighet etter delegeringsreglementet og 5.14 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)
- Tiltak etter ruspolitisk handlingsplan og vedtak om sanksjonar ved brot på alkohollova.

På bakgrunn av dette antar jeg at det er gitt Alminnelig løyve til enkeltarrangement, det kan da være ønskelig å få definert hva som ligger under begrepet enkeltarrangement. Ligger et løyve til Fjord Kongen innenfor delegert myndighets område og kan det kalles et enkeltarrangement? Er løyve som strekker seg over 3 uker ansett som et enkeltarrangement? Under – pkt. 1.3 i Rusmiddelpolitisk handlingsplan, beskriver dette og lengden på løyve.

1.3. Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve

Etter alkohollova kan kommunen gje ambulerande skjenkeløyve, som ikkje er knytt til ein bestemt person, eller skjenkestad.

a) Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i *slutta lag*. Med slutta meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein lukka/ privat krets av personar som er samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.

b) Det kan gjevast løyve for eit *einskildhøve*. Einskildhøve er opne arrangement i tilknytning til eitt bestemt høve som er klart avgrensa i tid, og som ikkje varer lenger enn 1- 6 dagar. Typiske døme kan vere festivalar , konsertar og messer. Eit slikt løyve kan omfatte alkohol inn til 22 vol %.

Jeg registrerer at mange mener det er kjekt at det skjer noe i bygda og at tiltaket til Fjord kongen er hjertelig velkommen. Jeg har full forståelse for at man ønsker aktivitet, men aktiviteten kan ikke etableres i strid med gjeldende Rusmiddelpolitisk handlingsplan, som er i samsvar med alkohollovens bestemmelser, slik jeg oppfatter er tilfelle her.

Jeg ber rådmannen på bakgrunn av dette å legge saken fram for kommunestyret for å få vurdert de prinsipielle sidene ved skjenkeløyve gitt til Fjord Kongen. Viser også til hensikten med en fellers Rusmiddelpolitikks handlingsplan for Søre Sunnmøre og Ulstein rådmannens behandling av tilsvarende sak. Videre ber jeg om at det blir vurdert om det foreligger brudd på alkohollova i henhold til at Fjord – Kongen har ligget ved Kai i på Vikeneset i Volda fra den 02.07 – 21.07.2015. med gitt skjenkeløyve.

Som nevnt innledningsvis så er jeg klar over at rådmannen selv ikke har behandlet saken, selv om denne vil bli stilet til rådmannen, ordføreren, kommunestyret og Driftsstyret.

Med vennlig hilsen
Ivar-Otto Kristiansen
Vevendelvegen 39
6102 Volda.

Jeg er kjent med at både Rådmann Rune Sjugård og Ordfører Arild Iversen er på ferie og ikke kjenner saken. (Og derved ikke har vært i befatning med behandlingen av saken)

Jeg ønsker svar på de prinsipielle sidene og lovligheten ved fattet vedtak, og ber om at dette blir lagt fram for kommunestyret ved første møte etter ferien.

/ Det kan også være grunnlag for å se på åpnings og lukketidene for drift av klesbutikk jfr. Annonse, men dette er ikke omtalt i brevet.

Med vennlig hilsen
Ivar-Otto Kristiansen



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Ivar-Otto Kristiansen
Vevendelveen 39

6102 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1604	7935/2015	U63	SVK/ IJJ	27.07.2015

FØREBELS SVAR - VEDR. SAK OM SKJENKELØYVE TIL FJORDKONGEN

Vi viser til ditt brev datert 13. juli 2015, der du ber om å få avklart ein del prinsipielle sider vedr. vedtaket om skjenkeløyve til Fjordkongen.

Grunna ferieavvikling vil vi ikkje kunne gje deg svar innan fristen på 3 veker, men du vil få svar så snart som råd etter at sakshandsamar er tilbake frå ferie.

Med helsing

Inger-Johanne Johnsen
Sektorsjef, Kultur og service



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

NOTAT

Til: Servicekontoret
Frå: Bente Engeseth
Sak: Fjordkongen - skjenkeløyve

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1604	8197/2015	U63	SVK/BEN	07.08.2015

VEDKOMANDE VEDTAK OM SKJENKELØYVE TIL FJORDKONGEN AS

Viser til brev 13.07.15 og spørsmål kring vedtak om skjenkeløyve for einskildhøve gitt til FJORDKONGEN AS, org nr 915055885. Det er bedt om at ein del prinsipielle sider ved vedtaket vert oppklart.

1. Det er stilt spørsmål om løyvet er gitt i samsvar med Rusmiddelpolitisk handlingsplan, med alkohollova og med delegasjonsreglementet til Volda kommune.
2. Det er bedt om definisjon på kva eit einskildarrangement er.
3. Det er merknad til om vedtaket er i tråd med intensjonen bak planen sitt punkt ”1.2. *Tildeling av alminneleg skjenkeløyve*”.
4. Det er stilt spørsmål om vedtaket er i strid med intensjonen og målsetjinga i Rusmiddelpolitisk handlingsplan og retningsliner gitt i vedlegg 1-1. Det vert vist til punkt 10 Særlege tilfelle og kulepunkt 8 under ”Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve”.
5. Det vert vist til felles rusmiddelpolitisk handlingsplan og Ulstein kommune si handsaming av tilsvarande sak.
6. Det er bedt om vurdering av om det er brot på alkohollova med omsyn til løyvet som er gitt til Fjordkongen AS.

Vedtaket i det aktuelle skjenkeløyvet lyder slik:

Etter alkohollova § 1-6, 3. ledd kan det gjevast skjenkeløyve – ved einskildhøve. Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt vedtak:

1. *Med heimel i alkohollova § 1- 6, får FJORDAKONGEN, org nr 915055885 skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2 innan maksimaltida til Volda kommune i høve besøk i Volda med båten Fjord-Kongen. Det skal vere arrangement om bord med pubaften med trubadur, fjordcruise og rekeaften. Løyvet gjeld frå vedtaksdato til 21.07.15.*
2. *Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Terje Kragset f. 30.09.60.*



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

3. *Det vert stilt vilkår (jf. alkoholova § 4-3) om at det er utarbeidd ein plan på vakthald og sikring av området jf. uttalen til politiet og i samråd med politiet.*
4. *Avgift for løyvet vert sett til kr. 1500,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2015/1604.*

Dette vedtaket er handsama med heimel i alkoholova. Det vil ikkje overstyre andre lover, forskrifter eller reglement.

Svar på punkt 1:

Det er gitt skjenkeløyve ved einskildhøve jf alkoholova § 1.6 (en enkelt bestemt anledning).

Dette er eit delegert vedtak som er i tråd med delegasjonsreglement for Volda kommune. Det er gitt løyve til Fjordkongen AS i samband med besøk i Volda. Det er snakk om eit ope arrangement som er avgrensa i tid.

Etter alkoholova er det ikkje spesifisert noko om kor mange dagar eit slikt løyve kan gjelde, men i den lokale planen til Volda, Rusmiddelpolitisk handlingsplan, er det ei avgrensing på 6 dagar. Det er difor ein sakshandsamingsfeil i vedtaket som strekk seg utover 6 dagar. Løyvet er altså ikkje i tråd med lokal plan, men det er ikkje i konflikt med alkoholova.

Før søknad kom inn var det mykje telefonkontakt mellom søkjar og sakshandsamar. Søkjar var usikker på kva tid han kom til Volda. Det var mellom anna avhengig av kva tid han fekk sertifikat for passasjerar. Det var snakk om at han skulle til Ålesund først og så til Volda. Sakshandsamar oppfatta det slik at det var snakk om at han ynskte løyve for ei helg i samband med besøk i Volda der han skulle tilby fjordcruise og trubaduraften. Då det var få dagar til sakshandsamar skulle ut i ferie og der var ingen andre som kunne handsama søknad på ei stund, vart vedtaket tilpassa slik at det skulle vere klart til ferja kom til Volda.

Skriftleg søknaden vart sendt inn til kommunen den 29. juli. Det vil seie at sakshandsamar fekk den opp i sakshandsamingssystemet 30. juli, ein dag før ferieavvikling. I kombinasjon med å avløse sentralbordet til kommunen vart det i all hast utarbeidd eit vedtak om skjenkeløyve ved einskildhøve. Intensjonen var at ferja skulle ha løyve ei helg, men vedtaket vart gitt slik at ferja skulle kunne komme når alt var klart til å tilby fjordcruise og trubaduraften i Volda.

Volda kommune kunne valt å avslå handsaming av søknaden pga for kort sakshandsamingstid og for mange dagar oppført på søknaden. Då det er innarbeidd praksis med å yte så god service som mogleg og at kommunen ofte handsamar søknader på kort varsel, vart det likevel utarbeidd vedtaksbrev.

Fjordkongen AS hadde på si side sin fulle rett til å skjenke dei dagane som stod i vedtaket. Det er sakshandsamar sitt ansvar å sjå til at vedtak som blir gjort er innanfor gjeldande lover og planar.



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Svar på punkt 2:

Definisjon på einskildløyve.

Viser til definisjon frå Håndbok i alkoholloven m.v. – Rundskriv IS-5/2008:

”Kommunen kan vidare gi bevilling for en enkelt bestemt anledning. Bevillingen må knytte seg til en bestemt begivenhet. Det må gis særskilt bevilling for hvert enkelt arrangement. Når det gjelder 51 Kapittel 1. Alminnelige bestemmelser skjenking, kan bevilling gis som alminnelig bevilling, eller som bevilling til sluttet selskap. Bestemmelsen gir også adgang til å utvide en eksisterende skjenkebevilling for en enkelt bestemt anledning til å omfatte alkoholholdig drikk som ikke er omfattet av den gitte bevillingen. De to begrepene “en enkelt bestemt anledning” i § 1-6 og “en enkelt anledning” i § 4-2 tredje ledd og § 4-5 skal forstås på samme måte.”

Hva som er en enkelt bestemt anledning må avgjøres i hvert enkelt tilfelle. Det sentrale er om arrangementet fremstår som et klart avgrenset arrangement. Momenter i en slik vurdering vil være tema, tidsramme mv. I de tilfeller hvor kommunen gir bevilling for en bestemt del av året eller for en bestemt anledning følger det av begrepet “bestemt” at det må fremgå klart av bevillingen når den begynner og når den opphører.”

Svar på punkt 3:

Er vedtaket i tråd med intensjonen bak planen sitt punkt ”1.2. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve”?

Slik lyder punkt ”1.2. Tildeling av alminneleg løyve”:

1.2. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Volda kommune ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Driftsstyret tildeler skjenkeløyve i samsvar med denne planen og etter ei samla vurdering, der ein legg vekt på:

- Kor mange skjenkeløyve ein ynskjer å ha i eit geografisk avgrensa område i kommunen.*
- Kva slags profil og målgruppe kommunestyret ønskjer skjenkestandane skal ha. Ein skal her vurdere søknaden ut frå både ein alkoholpolitisk og ein næringspolitisk ståstad. Nokre skjenkestadar vil berre få løyve for øl og vin. Det vert føresett at nasjonale mål vert lagt til grunn for vurderingane.*
- Eit alminneleg skjenkeløyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept. Sjå retningsliner for handsaming i vedlegg 1- 1. Det skal førast ei restriktiv line med når det gjeld tildeling av løyve til nye typar konsept.*

Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda.

Dette punktet handlar om vurdering av faste løyve og desse kriteria skal ikkje verte vurdert ved handsaming av skjenkeløyve ved einskildhøve.

Svar på punkt 4:

Er vedtaket i strid med vedlegget i Rusmiddelpolitisk plan, ”Vedlegg 1-1.

Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve” punkt 10 og kulepunkt 8 under “Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve”?



VOLDA KOMMUNE Servicekontoret

Dette står i planen under desse punkta:

”10) Særlege tilfelle

I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan kommunestyret sjølv gjere unnatak frå typar av driftskonsept omhandla i punkta 1– 10 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve. Kommunestyret ønskjer ei restriktiv line med omsyn til utviding av konsept- og verksemdstypar som skal få skjenkeløyve, og ser på dette som eit element i edruskapspolitikken. Difor skal spørsmål om løyve til nye konsept avgjerast av kommunestyret.”

Kulepunkt 8 under ”Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve”:

Det vert ikkje gjeve sals – eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar og serveringsstader i tilknytning til slike. Jf forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 3-4. Campinghytter, campingplassar og motell vert ikkje å vurdere som serveringsstader eller overnattingstadar, som skal få skjenkeløyve. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til frisørsalongar, hudpleiesalongar og liknande typar konsept . Det skal førast ei restriktiv line i høve tildeling av løyve til nye typar konsept.

Skjenkeløyve for båt er ikkje noko nytt konsept for Volda kommune. Kommunen har i fleire år hatt ein cruicebåt med fast skjenkeløyve. Hurtigruta Polarlys fekk også skjenkeløyve ved einskildhøve då den vitja Volda. Med omsyn til likehandsaming av tilsvarande saker, vil det alltid vere relevant å følgje tidlegare praksis i ei kommune. Det er også ope for å bruke skjønn i vurdering av slike søknader, så kommunane har opning for å vurdere søknader om skjenkeløyve ulikt.

Når det gjeld kulepunkt 8 så vert det vist til utradisjonelle konsept som skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar, campinghytter, campingplassar, frisørsalongar og hudpleiesalongar. Dette er tradisjonelt sett nye stader der det tidlegare ikkje har vore vanleg å kunne kjøpe seg alkoholhaldig drikk. Føremålet med alkohollova er å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer. Å opne for å gi skjenkeløyve til slike konsept vil gjere tilgangen større og dermed auke forbruket.

Alkoholloven § 1-1. Lovens formål.

”Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.”

Skjenkeløyve om bord i båtar er ikkje eit nytt og uvanleg konsept og kan ikkje samanliknast med nye konsept som det ville vere å gje skjenkeløyve til bensinstasjonar, gatekjøkken, frisørsalongar, osv.

Svar på punkt 5:

Vedkomande felles rusmiddelpolitisk handlingsplan og Ulstein kommune si handsaming av tilsvarande sak. Det er ope for å bruke skjønn og tolke både lokal plan og alkohollova forskjellig. Kommunane må også sjå på tidlegare praksis i kommunen. Viser til Herøy



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

kommune som også ga alminneleg skjenkeløyve ved einskildhøve på tilsvarande søknad frå Fjordkongen AS.

Svar på punkt 6:

Er vedtaket om skjenkeløyve til Fjordkongen AS eit brot på alkohollova?

Vedtaket til Fjordkongen inneheld ikkje brot på alkohollova, men det er ikkje i tråd med Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2015, då det er gitt løyve utover 6 dagar. Dette er ein sakshandsamingsfeil som ikkje skulle ha skjedd. Administrasjonen i Volda kommune har som intensjon å fylgje alle planar som er politisk vedteke.



Volda kommune

Telefon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.volda.kommune.no>

Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)

Bevillingshaver (søker)			
Bevillingshaver er			
<input checked="" type="checkbox"/> organisasjon registrert i Enhetsregisteret			
<input type="checkbox"/> enkeltpersonforetak eller forening uten organisasjonsnummer			
Org.nr.	Navn på virksomhet		
915055885	FJORDKONGEN AS		
Adresse		Postnr.	Poststed
c/o Terje Kragset		6149	ÅRAM
Telefonnr.	E-postadresse		
99405051	boutique.no@hotmail.com		
Skattekommune			
VANYLVEN			
Bevillingssøker:			
Etternavn		Fornavn	Fødselsnr.
kragset		terje	300960
E-postadresse		Mobilnr.	
boutique.no@hotmail.com		99405051	

Skjenkestedet		
Stedets navn		
M/S FJORD-KONGEN		
Stedsadresse	Postnr.	Poststed
Lauvstad	6133	Lauvstad
Telefon		
99405051		

Ønsket utvidelse		
Arrangement		
<input checked="" type="checkbox"/> Åpent arrangement		
<input type="checkbox"/> Lukket arrangement		
Skjenking - alkoholholdig drikk		
<input checked="" type="checkbox"/> Gruppe 2 (over 4,7 vol.prosent og høyst 22 vol.prosent)		
<input type="checkbox"/> Gruppe 3 (mellom 22 vol.prosent og 60 vol.prosent)		
Areal (m2)	Antall gjesteplasser inne	Antall gjesteplasser ute
200	200	100
Skjenkeareal		
200		


Ønsket utvidelse av skjenketid	
Ønsket skjenketid for alkoholholdig drikk:	
Gruppe 1	
<input checked="" type="checkbox"/> Skjenking inne	
<input checked="" type="checkbox"/> Skjenking ute	
Fra kl. (inne)	Til kl. (inne)

Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for én enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)

Fra kl. (ute)	Til kl. (ute)
Gruppe 2 <input checked="" type="checkbox"/> Skjenking inne <input checked="" type="checkbox"/> Skjenking ute	
Fra kl. (inne)	Til kl. (inne)
Fra kl. (ute)	Til kl. (ute)
Gruppe 3 <input type="checkbox"/> Skjenking inne <input type="checkbox"/> Skjenking ute	

Type arrangement
Dato 15.08.2016
Antall personer 300
Hvem står som arrangør? Fjordkongen as
Beskrivelse av arrangementet 15,08 ankommer m/s Fjord-kongen Lauvstad. Vi skal gå fjordcruise om kvelden med 100 personer ombord og vi skal ha åpen båt for alle med pubaften og trubadur etter fjordcruiset. Søker difor om skjenkeløyve ved kai på lauvstad og på fjordcruiset 15,08. Vurderer å gå til Volda 16.08 og ligge der i noen uker. Søker difor om skjenkeløyve ombord i M/S Fjord-kongen ved kai i Volda for følgende datoer i samme søknad : 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09

Bekreftelse og vedlegg		
Bekreftelse <input checked="" type="checkbox"/> Jeg bekrefter at ovenstående opplysninger er riktige, og forplikter meg til å besørge at bestemmelser i alkoholloven blir overholdt. Jeg forplikter meg til å orientere kommunen om eventuelle endringer i driften av serveringsstedet, f. eks. skifte av styrer/stedfortreder eller innstilling av driften med mer.		
Tegning over arealet det søkes om utvidelse til skal følge søknaden:		
<table border="1"> <tr> <td>Last opp vedlegg</td> <td> Ettersendes <input type="checkbox"/> per post </td> </tr> </table>	Last opp vedlegg	Ettersendes <input type="checkbox"/> per post
Last opp vedlegg	Ettersendes <input type="checkbox"/> per post	



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Volda og Ørsta lensmannskontor
Torvmyrane 11B

6160 HOVDEBYGDA

Unnateke offentlegheit: jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1781	8237/2015	U63	SVK/ BEN	10.08.2015

**BED OM UTTALE I SAMBAND MED SKJENKELØYVE FOR FJORDCRUISE
LAUVSTAD OG VOLDA SENTRUM - FJORDKONGEN**

Bed om uttale i samband med søknad om skjenkeløyve. Fjordkongen AS har søkt om løyve for alkoholgruppe 1 og 2 i samband med besøk på Lauvstad og i Volda sentrum.

Det er søkt om løyve følgende dagar: 15.08, 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09

I søknaden står det:

”15.08 ankommer m/s Fjord-kongen Lauvstad. Vi skal gå fjordcruise om kvelden med 100 personer om bord og vi skal ha åpen båt for alle med pubaften og trubadur etter fjordcruiset. Søker difor om skjenkeløyve ved kai på lauvstad og på fjordcruiset 15.08.

Vurderer å gå til Volda 16.08 og ligge der i noen uker.

Søker difor om skjenkeløyve om bord i M/S Fjord-kongen ved kai i Volda for følgende datoer i samme søknad: 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09”

Terje Kragset f. 30.09.60 er ansvarleg søkjar og styrar for løyvet.

Med helsing

Bente Engeseth
konsulent

Svarskjema for retur til Volda kommune sak: 2015/1781

Kryss av det som høver:

- Politiet har ingen merknad
 Politiet har merknad:
-

Bed om uttale for ansvarleg søkjar og styrar for løyve, Terje Kragset f. og p. nr: 300960

Kryss av det som høver:

- Politiet har ingen merknad
 Politiet har merknad:
-

Dato

Guttorm Hagen
lensmann

Eg syner til søknad og tilrår denne.

For politiet er det særleg viktig at landgang er overvaka.

Ørsta, 12.8. 2015

Guttorm Hagen

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bente Engeseth [<mailto:Bente.Engeseth@volda.kommune.no>]

Sendt: 10. august 2015 11:50

Til: Postmottak PDI Sunnmøre

Kopi: Guttorm Hagen

Emne: Arkivsak 2015/1781 - Skjenkeløyve Fjordkongen AS 15. august Lauvstad og 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09 i Volda sentrum

Hei

Bed om uttale i samband med søknad om skjenkeløyve frå Fjordkongen AS.

Det er søkt om løyve for alkoholgruppe 1 og 2 følgande dagar: 15. august Lauvstad og 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09 i Volda sentrum.

Dette er det søkt om. Eg skal sjekke nærare om han kan få alle dagane, men ber om uttale slik at eg kan handsame søknaden som gjeld førstkomande helg på Lauvstad den 15. august.

Kom gjerne med uttale som gjeld alle dagane, så vert det klart korleis politiet ser på saka.

Mvh

Bente Engeseth
Volda kommune



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Fjordkongen AS
c/o Terje Kragset
6149 ÅRAM

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2015/1781
Delegert vedtak:	Delegert vedtak - serverings- og skjenkesaker	Arkivkode:	U63
Vedtaksnr.:	22/15	Vedtaksdato:	11.08.2015

VEDTAKSBREV OM SKJENKELØYVE VED EINSKILDHØVE TIL FJORDKONGEN

Viser til søknad den 09.08.15 der det er søkt om skjenkeløyve om bord i M/S Fjord-kongen.

Etter alkohollova § 1-6, 3. ledd kan det gjevast skjenkeløyve ved einskildhøve.

Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt vedtak:

1. Med heimel i alkohollova § 1- 6, får FJORDKONGEN AS (org nr 915055885) skjenkeløyve ved einskildhøve for alkoholgruppe 1 og 2, innan maksimaltidene til Volda kommune. Løyvet gjeld om bord i M/S Fjord-kongen når fartyet ligg ved kai på Lauvstad og under fjordcruise med utgangspunkt frå Lauvstad den 15. august 2015 (natt til 16. august).
2. Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Terje Kragset f. 30.09.60.
3. Det vert stilt vilkår om 18-års aldersgrense jf. alkohollova § 4-3.
4. Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2015/1781.

Dette vedtaket er handsama med heimel i alkohollova. Det vil ikkje overstyre andre lover, forskrifter eller reglement.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016

Søknad

Teikning

Samandrag av saka:

FJORDKONGEN AS, org nr. 915055885 har søkt om skjenkeløyve ved einskildhøve følgjande dagar: 15.08, 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09. Det vert gitt skjenkeløyve ved

arrangement den 15. august 2015 med utgangspunkt frå Lauvstad. Løyvet gjeld om bord i passasjerfartyet M/S Fjord-kongen når fartyet ligg ved kai på Lauvstad og tur med utgangspunkt frå Lauvstad.

Saksopplysningar:

FJORDKONGEN AS, org nr. 915055885 har søkt om skjenkeløyve ved einskildhøve følgjande dagar: 15.08, 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09.

I søknaden står det:

”15.08 ankommer m/s Fjord-kongen Lauvstad. Vi skal gå fjordcruise om kvelden med 100 personer om bord og vi skal ha åpen båt for alle med pubaften og trubadur etter fjordcruiset. Søker difor om skjenkeløyve ved kai på lauvstad og på fjordcruiset 15.08.

Vurderer å gå til Volda 16.08 og ligge der i noen uker.

Søker difor om skjenkeløyve om bord i M/S Fjord-kongen ved kai i Volda for følgende datoer i samme søknad: 21.08, 22.08, 28.08, 29.08 og 04.09”

Når det vert søkt om så mange gjentakande arrangement kan ein ikkje bruke regelen om einskildhøve. Det vert difor gitt løyve ved einskildhøve til første arrangementet i søknaden, den 15. august 2015, som skal ut utgangspunkt frå Lauvstad. Dersom FJORDKONGEN AS ynskjer å få skjenkeløyve ved fleire høve må det bli søkt om fast skjenkeløyve for Volda kommune. Søknader om faste skjenkeløyve må opp til politisk handsaming i driftsstyret.

Vurdering og konklusjon:

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:


For å få skjenkeløyve ved einskildhøve må ein betale gebyr til kommunen.


Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Saka skal ~~sendast~~ sendast ~~til~~ vidare til ~~kommunestyret~~ neste kommunestyremøte.

Punkt 4. Driftstyret ber kommunestyret ~~sluttvurdere~~ ~~saka~~ ~~endelig~~.
~~slutt~~handsame saka:

SR 5

Ps 30/15



FJORDKONGEN AS v/Terje Kragset
c/o Terje Kragset

6149 ÅRAM

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1796	9585/2015	U63	SVK/ BEN	11.09.2015

PRESISERING AV VEDTAK OM SKJENKELØYVE - FJORDKONGEN AS (ORG NR 915055885)

Presiseringar i høve vedtak om skjenkeløyve ved FJORDKONGEN AS. Det viser seg å vere nødvendig med presisering av vedtak om skjenkeløyve i forhold til Rusmiddelpolitisk handlingsplan slik at det ikkje vert missforståingar kring dette.

I vedtaket står dette punktet ”*Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Og gruppe 3 i samsvar med søknad.*”

Dette kom inn i vedtaket etter framlegg til vedtak i driftsstyret frå Sp, Sv, Ap og Frp.

Presisering:

Det er altså gitt løyve i samsvar med søknaden. I søknaden står det: ”*Søker om å kunne få skjenkeløyve i klasse 3 ved slutta lag og til spesielle arrangement med matservering som for eksempel julebord*”

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan altså berre skje etter dei vilkår det er søkt om, ved slutta lag og spesielle arrangement med matservering som for eksempel julebord.

Det er i tråd med Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016, Vedlegg 1-1. Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve, pkt 3. Der står det:

”*Restaurantar og enklare serveringsstadar. Kjøkenet skal vere ope fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudføremålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.*”

Vedkomande butikkarealet i passasjerfartyet. Det er ikkje lov å nytte dette lokalet til skjenkeareal, med andre ord skal det ikkje foregå skjenking i det tidsrommet butikken er open for sal. Dette er tydeleg kommunisert før vedtak om løyve vart gitt.

Med helsing

Bente Engeseth
konsulent



Fjordkongen AS

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1796	10873/2015	U63	SVK/ BENENG	21.10.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - MELDING OM VEDTAK I DRIFTSSTYRET
07.10.15 PS 30/15 - PRESISERING TIL VEDTAK OM SKJENKELØYVE -
FJORDKONGEN AS (ORG NR 915055885)**

Vi melder med dette frå at driftsstyret den 07.10.15, hadde føre ovannemnde som sak 30/15, der det vart gjort slikt vedtak:

Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 07.10.2015

- 1. Driftsstyret ber om at administrasjonen vurderer saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan.***
- 2. Driftsstyret rådar administrasjonen til ny synfaring på båten, med tanke på båt-, bar-, butikk-konseptet og utearealet.***
- 3. Saka skal sendast vidare til neste kommunestyremøte.***
- 4. Driftsstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.***

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Bente Engeseth

Arkivsak nr.: 2015/1796

Arkivkode: U63

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

30/15

Driftsstyret

07.10.2015

PRESISERING TIL VEDTAK OM SKJENKELØYVE - FJORDKONGEN AS (ORG NR 915055885)

Handsaming:

Det vart lagt på bordet eit skriv: *Skjenkeløyver til Fjordkongen AS*, til sak PS 30/15. Skrivet var frå ordførar Arild Iversen, og stila til rådmann og til leiar for driftstyret. Ved ein feil var ikkje dette skrivet journalført før den 07.10.15. Driftstyret las gjennom brevet før handsaming.

Framlegg til ny tilråding, frå driftstyret:

1. *Driftstyret ber om at administrasjonen vurderer saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan.*
2. *Driftstyret rådar administrasjonen til ny synfaring på båten, med tanke på båt-, bar-, butikk-konseptet og utearealet.*
3. *Saka skal sendast vidare til neste kommunestyremøte.*
4. *Driftstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.*

Røysting:

Driftstyret sitt tilråding fekk 5 røyster. Adm.sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 07.10.2015

5. *Driftstyret ber om at administrasjonen vurderer saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan.*
6. *Driftstyret rådar administrasjonen til ny synfaring på båten, med tanke på båt-, bar-, butikk-konseptet og utearealet.*
7. *Saka skal sendast vidare til neste kommunestyremøte.*
8. *Driftstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.*

Administrasjonen si tilråding:

Driftsstyret vedtek følgende presisering av vedtaket om skjenkeløyve Til Fjordkongen AS gitt i DS-sak 24/15 den 19.08.15:

1. Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Det vert gitt løyve for alkoholhaldig drikk gruppe ved slutta lag og spesielle arrangement med matsservering som for eksempel julebord. Hovudføremålet med arrangementet skal vere servering av mat.

2. Vedkomande butikkarealet i passasjerfartyet. Det er ikkje lov å nytte dette lokalet til skjenkeareal, med andre ord skal det ikkje foregå skjenking i det tidsrommet butikken er open for sal.

Vedleggsliste:

Vedtaksbrev om skjenkeløyve til FJORDKONGEN AS

Søknad om skjenkeløyve frå FJORDKONGEN AS

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016

Uprenta saksvedlegg:

Alkohollova og forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk.

Samandrag av saka:

Det er behov for presisering av vedtaket gjort i driftsstyret sitt møte 19.08.2015 om skjenkeløyve til FJORDKONGEN AS. Dette står i punktet "Alkoholvare":

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Og gruppe 3 i samsvar med søknad.

Det er behov for presisering av dette vedtaks punktet som er gitt med heimel i alkohollova § 2-2, slik at det vert tydleg at dette er i samsvar med Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan altså berre skje etter dei vilkår det er søkt om, ved slutta lag og spesielle arrangement med matsservering som for eksempel julebord.

Vedkomande butikkarealet i passasjerfartyet. Det er ikkje lov å nytte dette lokalet til skjenkeareal, med andre ord skal det ikkje foregå skjenking i det tidsrommet butikken er open for sal.

Saksopplysningar:

For å unngå missforståing kring vedtak om skjenkeløyve tildelt FJORDKONGEN AS i driftsstyret sitt møte 19.08.2015 er det behov for ei presisering av vedtaket.

I vedtaket står dette punktet: "Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Og gruppe 3 i samsvar med søknad."

Dette punktet kom inn i vedtaket etter framlegg til vedtak i driftsstyret frå Sp, Sv, Ap og Frp.

Presisering:

Det er altså gitt løyve i samsvar med søknaden. I søknaden står det: *”Søker om å kunne få skjenkeløyve i klasse 3 ved slutta lag og til spesielle arrangement med matsservering som for eksempel julebord”*

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan altså berre skje etter dei vilkår det er søkt om, ved slutta lag og spesielle arrangement med matsservering som for eksempel julebord.

Det er i tråd med Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2016, Vedlegg 1-1.

Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve, pkt 3. Der står det:

”Restaurantar og enklare serveringsstadar.

Kjøkenet skal vere ope fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudføremålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.”

Vedkomande butikkarealet i passasjerfartyet. Det er ikkje lov å nytte dette lokalet til skjenkeareal, med andre ord skal det ikkje skje skjenking i det tidsrommet butikken er open for sal. Dette er tydeleg kommunisert før vedtak om løyve vart gitt. Det viser seg at butikkarealet ikkje er tydeleg nok avgrensa frå skjenkearealet om bord i passasjerfartyet. Det er difor viktig at det ikkje vert skjenka alkoholhaldig drikk når butikken er open.

Løyveinnehavar er i brev av 11.09.15 varsla om at desse forholda vert presisert.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig at alle vedtak er tydeleg formulert slik at dei ikkje skaper rom for tvil og vert feiltolka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Viser til Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje relevant



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

FJORDKONGEN AS, c/o Terje Kragset, 6149 ÅRAM
Securitas AS, Postboks 8225 Spjelkavik, 6122 ÅLESUND

Klageinstans: Fylkesmannen i Møre og Romsdal



M/S Fjord-Kongen

22. august · 🌐

JULEBORD PÅ FJORD-KONGEN. Vi har nå fått skjenkeløyve for øl og vin samt brennevin for slutta lag i Volda kommune 😊 . Ser difor muligheten til Julebord cruise. Ta gjerne kontakt for ett tilbud. (Firma - Foreninger - Grendalag etc.) Vil også arrangere julebordcruise eller julebord ved kai der det er åpne for alle å melde seg på. Mvh fjord-kongen.

Frå Facebook 21. august:

M/S Fjord-kongen

Ligg ved Vikeneskaia(fergekaia)

Følg oss!
m/s fjord-kongen



Velkommen ombord i Volda

Fredag 21 og lørdag 22 August
Kl. 12-17 open båt med motesalg.
Haustens nyheiter direkte fra Paris
til halv pris!

kl. 22:00 - 02:00 pubaften
med trubadur Ole Jørgen Lundal
18. års grense **Fri entrè!**


FJORDKONGEN




Kanskje vert din by eller bygd neste stoppestad

For oppdatering av seglingsplan og informasjon
fyl oss på Facebook m/s fjord-kongen

Følg oss!
m/s fjord-kongen







Handsaming:

Brev av 22.05.12 frå Det Grøne Treet v/Trude Lid vart utdelt på møtet.

Jan Henning Egset og Roald Espset reiste spørsmål om dei var ugilde, jf Fvl §6, 2. 1. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Bjørn Ytrestøyl tok sete som vara for Jan Henning Egset.

Røysting vedk. ugildskap:

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend ugild.

Roald Espset vart samrøystes kjend ugild.

Det var 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Krf v/Håvard Strand kom med fylgjande endringsframlegg:

1. *Taket på skjenkeløyver skal vere som no.*
2. *Normal skjenketid for varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom 11.00 og kl. 24.00 søndag – torsdag, og mellom 11.00 og kl. 01.00 fredag og laurdag.*
3. *Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 11.00.*
4. *Skjenketider for romjul og påske vert tilsvarande skjenketider helg.*

Odd Harald Sundal, SP, kom med fylgjande endringsframlegg for pkt. 1.5.2. Skjenketider:
Kulepkt. 5: Skjenketida for uteareal skal fylgje normal skjenketid, jf kulepkt. 1 og 2.

Jon Georg Dale, Frp, kom med fylgjande endringsframlegg for pkt. 1.5.2:
Det vert ikkje endra alkoholstyrke som kan serverast ute.

Røysting:

Framlegget frå Odd Harald Sundal fekk 19 røyster og vart vedteke. 7 røysta mot.

Framlegget frå Jon Georg Dale fekk 20 røyster og vart vedteke. 6 røysta mot.

Framlegget frå Krf v/Håvard Strand fekk 7 røyster og fall. 19 røysta mot.

Tilrådinga frå formannskapet med ”fylgjande endringar” i fyrste avsnitt vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2012

Kommunestyret vedtek Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012 – 2016, kapittel 1: Løyvepolitikken, med fylgjande endringar i vedlegg 1:

Kulepkt. 5: Skjenketida for uteareal skal fylgje normal skjenketid, jf kulepkt. 1 og 2. Det vert ikkje endra alkoholstyrke som kan serverast ute.

Gjennomføring av sals- og skjenkekontroll vert vedteken med desse endringane: Kontrollane skal føre strengt tilsyn med skjenking/sal til personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense. Det same skjenking/sal til openbart rusa personar.

Jan Henning Egset og Roald Espset tok sete, og Bjørn Ytrestøyl gjekk.

RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR VOLDA KOMMUNE

2012 - 2016

Kapittel 1 – LØYVEPOLITIKKEN

Vedteken i kommunestyret 24. mai 2012 PS 6/12

KAPITTEL 1. MÅLET MED LØYVEPOLITIKKEN

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Kommunestyret ser nytteverdien av at kommunane på Søre Sunnmøre har ein løyvepolitikk som er mest mogeleg samordna. Det er særleg tenleg med:

- Felles retningslinjer for sals- og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider, tilgjenge og tilgjenge til alkoholsterk drikke. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

1.1. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Volda kommune er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er 4 år. Alle løyve som vert gjevne i medhald av denne planen skal såleis i utgangspunktet gjelde fram til og med 30. juni 2016. Salsløyvet til Vinmonopolet skal etter § 1-6 gjelde i 4 år.

Ut over reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova, med forskrifter.

1.1.1. Delegering

Driftsstyret er løyvemynde i Volda_ kommune, når det gjeld alminnelege sals- og skjenkeløyve. Mynde for tildeling av ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og utviding av eksisterande løyve i einskilde høve vert delegert til rådmannen. Likeins vert mynde til å godkjenne skifte av løyvehavar, styrar for eit løyve og denne sin vara delegert til rådmannen.

Av delegasjonsreglementet går det fram at rådmannen har slikt mynde:

- avgjere einskildebvillingar delegert frå kommunestyret og som ikkje kan delegerast til anna organ.
- gjere vedtak om inndraging av skjenkeløyve for tidsrom som går ut over 8 veker.

Det er elles berre driftsstyret som kan ta avgjerd i saker om:

- Tidsavgrensing i sal og skjenking for alminnelege kommunale løyve
- Permanent flytting til nye lokale
- Endring av driftsform/konsept
- Permanent utviding av skjenkestad
- Omgjering av løyve med fastsetjing av nye vilkår.

Rådmannen har i samsvar med delegasjonsreglementet slikt mynde:

- avgjere søknader om skjenkeløyve ved einskildhøve
- avgjere søknad om utvida skjenketid for slutta lag
- avgjere søknad om utvida skjenkeareal og skjenketid for einskilde arrangement

- godkjenne ny sals- og skjenkestyrar, og vara for denne
- tildele ambulerande skjenkeløyve for slutta lag
- fastsetje gebyr for kommunale sals- og skjenkeløyve
- handheve retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova for periodar på inn til 8 veker

Sakshandsamarane i kommunane har kvartalsvis samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve dette.

1.1.2.Sakshandsamingsreglar

- Før alminneleg sals- og skjenkeløyve vert gjeve til ein serveringsstad, skal det ligge føre løyve etter lov om serveringsverksemd (serveringslova).

- **Uttale frå skatte- og avgiftsmynde**

Det skal innhentast uttale frå skatte- og avgiftsmynde i samband med handsaming av søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve.

- **Uttale frå politiet**

Alle søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve og opne einskildarrangement skal sendast til politiet for uttale. Unnataket er slutta lag, der politiet får melding om vedtak. Politiet skal ikkje vurdere alkoholpolitiske, men politimessige sider av søknaden. Tilhøve som bør vurderast særleg er trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden, og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering, verksemda eller dei ansvarlege for verksemda som tilseier at ein ikkje kan tilrå søknad.

Politiet skal også gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra. Løyvehavar og ansvarlege verksemda og for løyvet må ha utvist uklanderleg vandel i høve reglane i alkohollova og anna lovgjeving som har samband med føremålet i alkohollova.

- **Uttale frå sosialtenesta**

Ved handsaming av alle søknader, med unnatak for dei som gjeld slutta lag, skal det innhentast uttale frå kommunen sin sosialteneste som har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden ut frå et sosialpolitisk og helsemessig perspektiv.

- **Særskilt om løyve for einskildhøve**

Dersom slike arrangement skal vere utandørs, i telt eller liknande bør det stillast vilkår om at arrangøren hentar inn godkjenning frå grunneigar. Søknaden skal då innehalde teikning og kart over skjenkearealet. I samband med sakshandsaminga skal ein vurdere om det er behov for å stille krav om godkjenning frå mattilsynet, brannvernet og byggesaksavdelinga. Ein bør også vurdere om det er behov for å stille krav om aldersgrense.

Søknader om skjenkeløyve som manglar vesentleg dokumentasjon eller opplysningar, skal sendast i retur for ferdigstilling.

1.1.3.Typar løyve

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| υ Over 2,5 og høgast 4,7% | (gruppe 1) |
| υ Over 4,7 og mindre enn 22% | (gruppe 2) |
| υ Mellom 22 og 60% | (gruppe 3) |
| υ Alkoholfri drikk; | Inneheld under 0,7% |
| υ Alkoholsvak drikk; | mellom 0,7 og 2,5% |

1.2. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Volda kommune ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve.

Driftsstyret tildeler skjenkeløyve i samsvar med denne planen og etter ei samla vurdering, der ein legg vekt på:

- Kor mange skjenkeløyve ein ynskjer å ha i eit geografisk avgrensa område i kommunen.
- Kva slags profil og målgruppe kommunestyret ønskjer skjenkestandane skal ha. Ein skal her vurdere søknaden ut frå både ein alkoholpolitisk og ein næringspolitisk ståstad. Nokre skjenkestadar vil berre få løyve for øl og vin. Det vert føresett at nasjonale mål vert lagt til grunn for vurderingane.
- Eit alminneleg skjenkeløyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept. Sjå retningsliner for handsaming i vedlegg 1- 1. Det skal førast ei restriktiv line med når det gjeld tildeling av løyve til nye typar konsept.

Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda.

1.2.1. Vilkår for å få skjenkeløyve

I tillegg til dei vilkår for tildeling av skjenkeløyve som følgjer av lovverket, må den ansvarlege for skjenkestadane ha gjennomgått kurs i ”ansvarleg vertskap” i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs. Der det er sett vilkår om ordensvakter skal desse vere godkjende.

Det er eit krav at skjenkestadane skal ha internkontrollrutinar. Desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar er det krav om at internkontrollrutinar skal vere levert til kommunen innan ein månad etter at løyvet er tildelt.

1.3. Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve

Etter alkohollova kan kommunen gje ambulerande skjenkeløyve, som ikkje er knytt til ein bestemt person, eller skjenkestad.

- a) Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i *slutta lag*. Med slutta meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein lukka/ privat krets av personar som er samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.
- b) Det kan gjevast løyve for eit *einskildhøve*. Einskildhøve er opne arrangement i tilknytning til eitt bestemt høve som er klart avgrensa i tid, og som ikkje varer lenger enn 1- 6 dagar. Typiske døme kan vere festivalar , konsertar og messer. Eit slikt løyve kan omfatte alkohol inn til 22 vol %.

For begge gjeld reglane om skjenketider i kapittel 1.5.

1.4. Tildeling av salsløyve

Det er høve til å gje salsløyve for alkohol i varegruppe 1 til ordinære daglegvarebutikkar. Det skal førast ei restriktiv line med tanke på tildeling av salsløyve til andre typar konsept, sjå retningsliner for sakshandsaming i vedlegg 1-1.

Salsløyvet skal vere knytt til eit bestemt lokale, med eit avgrensa areal. Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda. Løyvemynde kan setje vilkår for løyvet i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Vilkåret skal ha sakleg samanheng med det løyvet som vert gjeve. Omsyn til plassering av salsstadane skal takast ut frå lovverket.

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa. Dei alkoholhaldige varene skal vere fysisk tildekte utanom salstida.

1.4.1. Vilkår for å få salsløyve

For å få salsløyve, vert det sett krav om at den som er ansvarleg for salsstaden har gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap/ansvarleg sal" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs.

Det er eit krav at salsstaden skal ha internkontrollrutinar. Desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar er det krav om at internkontrollrutinar skal vere levert til kommunen innan ein månad etter at løyvet er tildelt.

1.5. Sals- og skjenketider

1.5.1. Salstider for varegruppe 1

I Volda kommune er *salstidene* for øl i butikk sett til mellom kl 09.00 og kl 20.00 på kvardagar. På laurdag og dagar før heilagdagar skal salstida vere mellom kl 09.00 og kl 18.00.

1.5.2. Skjenketider

Skjenketid er eitt av dei verktya kommunen kan nytte som edruskapspolitisk verkemiddel. Volda kommunestyre vil praktisere ein relativt stram politikk med omsyn til skjenketider for å avgrense tilgjenge til alkohol og alkoholtypar på sein kveld og natt.

Av omsyn til dei som bur og oppheld seg i sentrumsmiljøa, er det føremålstenleg å ha ei avgrensing av den tida det vert skjenka alkohol. Dette er særskilt viktig med omsyn til uteservering. Kommunestyret meiner at det ikkje er det offentlege si oppgåve å legge til rette for støy utandørs på nattetid. Etter midnatt bør det vere krav om alminneleg ro i det offentlege rom.

- Normal skjenketid for *varegruppe 3* skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Normal skjenketid for *varegruppe 1 og 2* skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er høve til å gje generell utviding av skjenketida til kl 02.00 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal skal fylgje normal skjenketid, jf. kulepunkt 1 og 2.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for alkohol som er sterkare enn 22 vol. % på uteareal.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

1.6 Kontroll med sals- og skjenkestader

Kommunen har ansvar for å føre kontroll med løyvehavarar si forvaltning av kommunale sals- og skjenkeløyve. 6 av kommunane på Søre Sunnmøre har felles avtale med eit eksternt kontrollfirma, som gjennomfører skjenkekontrollen. Kontrollplikta omfattar alle løyve som kommunen har gjeve, med unntak for A/S Vinmonopolet sine utsal, eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal føre strengt tilsyn med skjenking/sal til personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense. Det same gjeld skjenking/sal til openbart rusa personar.

1.6.1 Gjennomføringa av sals og skjenkekontrollane

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7. Kontrollørane skal opphalde seg i lokalet i meir enn 20 minutt per kontroll og skal utførast til varierende tider, stadar og dagar.

Skjenkekontroll:

For skjenkestadane skal minst 2/3 av kontrollane skje på fredagar og laurdagar frå kl 23.00 og fram til stenetid. Halvparten av desse kontrollane skal gjennomførast på fredag og laurdag ved skjenkestaden si stenetid. Det skal maksimum gjennomførast 2 kontrollar per kveld, per kommune.

Salskontroll:

Det er spesielt viktig å kontrollere salstidene. Kontrollane bør i all hovudsak utførast ved slutten på salstida og då primært på torsdag, fredag og laurdag.

Det skal sendast rapport til kontaktpersonen i kvar kommune etter kvar kontroll innanfor den frist som går fram av forskrifta. I samband med skjenkekontroll skal kommunen sitt kontrollansvar i hht tobakkskadelova § 6 følgjast opp.

Kontrollane må organiserast slik at skjenkestadane får besøk av ulike kontrollørar gjennom avtaleperioden.

Skjenkekontroll bør lysast ut på anbod kvart 4. år.

Kommunestyret ønskjer også eit samarbeid med lensmennene i området, slik at kveldspatroljane og særleg nattpatroljane i helgane rutinemessig tek stikkkontrollar på dei skjenkestadane som samlar mykje folk på sein kveldstid og i helgane. Kommunestyret ønskjer at det vert prioritert å få til eit slikt samarbeid med politiet, då ein ser stor nytteeffekt av eit slikt tiltak. I tillegg til å halde oppsikt med løyvehavar si forvaltning av løyvet og alkohollova, vil ei slik ordning ha positiv innverknad i høve ro og orden i sentrumsområda i helgane. Kommunestyret ønskjer at politiet nyttar sitt mynde til å gripe inn mot ulovlege tilhøve, eller at slike tilhøve vert rapportert til kommunen.

Når det gjeld sanksjonering av brot på lovverk eller vilkår, sjå vedlegg 1-2.

1.7. Reaksjonar på brot på alkohollova

Kommunen kan inndrage eit sals- eller skjenkeløyve for ein periode ved brot på alkohollova, vilkåra for løyvet eller brot på andre reglar som er gjevne i medhald av andre lover som har samband med føremålet i alkohollova. Jamfør alkohollova § 1-8.

Løyvet vil verte inndrege dersom det ikkje er nytta i løpet av dei siste 12 månadane. Kommunen kan også melde lovbrot.

Politiet har høve til å stengje ein sals- eller skjenkestad for inntil 2 dagar når dette er naudsynt for å hindre forstyrring av offentleg ro og orden, sikre tryggleiken for einskildpersonar eller ålmenta, eller for å hindre eller stanse lovbrot.

Volda kommunestyre ser på høvet til å sanksjonere regelbrot ved til dømes inndraging av løyve for kortare eller lengre periodar som ein del av kommunen sin alkohol- og edruskapspolitikk.

Saman med den generelle kontrollen og politiet sin kontroll/patroljering vil dette vere eit viktig verkemiddel for å motverke uheldige utslag av alkoholbruken og uheldig forvaltning av sals- og skjenkeløyve. Inndraging av løyve er eit sterkt verkemiddel, som set krav til at kommunen si vurdering tek omsyn til forvaltningslova sine krav om forsvarleg sakshandsaming.

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og føreseiande reaksjonssystem i dei tilfelle alkohollova sine reglar ikkje vert overhaldne. Påviste brot på reglane kan få fylgjer for løyvehavarane i form av inndraging av løyve (kommunen) og/eller straff (politiet). Ved brot på alkohollova ligg det innanfor kommunen sitt frie forvaltningsskjøn å avgjere reaksjonsforma og lengda på inndraging. Reaksjonane skal settast etter vedlagde prikk-belastningssystem (vedlegg 1-2), og skal handhevast likt i kommunane. Handheving er delegert til rådmannen for rask iverksetting av reaksjon for brot. Rådmannen har delegert mynde til inndraging i inn til 8 veker. Reaksjonar ut over dette skal avgjerast av driftsstyret. Reaksjonen må stå i samsvar til brotet sin art og omfang.

Sjå vedlegg 1-2 – ”Retningslinjer for reaksjonar på brot i høve alkohollova og vilkår for løyve i Volda kommune”.

1.8. Sals- og skjenkegebyr

I samsvar med alkohollova og forskrift til lova skal løyvehavar for alminneleg løyve kvart år betale sals- og skjenkegebyr i høve stipulert omsetjing av alkoholhaldig drikk. Ved årsskifte skal løyvehavar sende inn oppgåve over faktisk mengde omsett alkohol. Ved eventuell avvik mellom forventa og faktisk omsetjing, vil det verte gjennomført etteroppgjjer. Utrekning og satsar følgjer av forskrifta. Gebyra skal sikre kommunen ei viss dekning av kostnadane med handsaming av søknader og kommunen sine kontrolloppgåver.

Manglande innrapportering skal føre til inndraging av løyve (Jfr. Retningslinjer for brot). Innrapportert sal gir grunnlag for gebyr. Før krav vert sendt ut, skal innbetalt forskot for same år trekkjast frå.

For handsaming av søknad om løyve som gjeld *slutta lag* gjeld gebyrsatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr. 2012 kr 280,-

For handsaming av søknad om løyve som gjeld *einskildhøve* gjeld gebyrsatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr 2012 kr 4 000,-
I samband med einskilde arrangement, der alkohol ikkje er ein sentral del av arrangementet, eller der hovudsiktemålet ikkje er å tene pengar på sal av alkohol, kan gebyret setjast til kr 500.- pr. gong.

Vedlegg 1-1. Retningslinjer/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve

Ved handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve skal løyvemynde leggje vekt på følgjande :

Det som går direkte fram av alkohollova § 1-7a:

- Talet på sals- og skjenkeløyve i kommunen
- Sals- og skjenkestaden sin karakter, storleik, driftskonsept m.m.
- Lokalisering
- Målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige tilhøve
- Næringspolitiske omsyn
- Andre relevante omsyn

Nedanfor følgjer ei utgreiing av ulike typar verksemder som vert å nytte som kriteria ved tildeling av skjenkeløyve. Det kan vere grunnlag for inndraging/ending av løyve dersom driftskonseptet vert endra i løpet av løyveperioden, slik at kriteria for tildeling ikkje lenger er oppfylt.

Når det gjeld vurderingar knytt til løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol.%, skal det som hovudregel leggjast vekt på skjenkestaden sitt konsept. Konsept som satsar på matsservering og tilbod til middagsgjestar kan få alle rettar. Konsept som har meir preg av pub/bar/kro, konsertscene eller dansestad kan berre få løyve for alkohol inn til 60 vol % etter ei særskilt vurdering.

Følgjande verksemder / driftskonsept kan få skjenkeløyve slik:

1) Hotell

Til hoteldrift vil det vere knytt restaurantar, diskotek, bar, nattklubb, selskapslokale og minibar på rom. Alle desse lokala vil vere ein naturleg del av vanleg hoteldrift, og vil verte omfatta av eit løyve. Søknaden skal handsamast ut frå det oppgjevne driftskonseptet. I tillegg kan søknaden vurderast særskilt med omsyn til turisme, reiseliv og andre næringspolitiske omsyn.

Hotell kan få løyve for all alkoholhaldig drikk inn til 60 vol. %.

Konseptet *sommarhotell* er å tolke som større overnattingsstadar/internat, som har fått godkjenning som sommarhotell etter plan- og bygningslova for å drive hotellverksemd i sommarhalvåret. Dette konseptet kan få løyve ein del av året for alkoholhaldig drikk inn til 60 vol %.

2) Anna serveringsstad/overnattingsstad – Gjestegard, gardsturisme, "kulturisme" i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og/ eller overnatting.

Gjestegardar, serveringsstadar og/eller overnattingsstadar som driv som gardsturisme eller reiselivsverksemd i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og kulturbasert oppleving som del av driftskonseptet, kan få skjenkerett for all alkoholhaldig drikk inn til 60 vol. %.

3) Restaurantar og enklare serveringsstadar.

Kjøkenet skal vere ope fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudføremålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.

4) Pub/bar

Dette konseptet vert kjenneteikna som ein uformell serveringsstad, med hovudvekt på omsetjing av øl og vin på kveldstid og i helgane. Det vert ofte servert enklare mat og snacks. Denne typen skjenkestadar kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

Berre etter nærare, særskilt vurdering; inn til 60 vol. %. Ein føresetnad for slikt løyve vil vere eige, avgrensa lokale, eigen inngang og med aldersgrense på minst 20.

5) Diskotek, nattklubb, restaurant med dans, konsertlokale.

Konsept med hovudfokus på musikkunderhaldning og dans på kveldstid og i helgane. Denne typen skjenkestadar kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

6) Selskapslokale

Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere *middagsgjestar* i slutta selskap. Slike stadar kan få innskrenka skjenkeløyve med alle rettar.

7) Bowlinghall

Lokale med bowlingbane som hovudkonsept. Kommunestyret opna for skjenkeløyve for denne typen verksemd for to periodar sidan, men på særlege vilkår. Erfaringane med dette har vore gode, då vilkåra om avgrensa skjenketid har gjort at det ikkje vert skjenkt alkohol før kl. 21.00, då born og unge gjer mest bruk av hallen.

Ein føreset ei restriktiv line med omsyn til skjenketida for det alminnelege løyvet. Bowlinghall kan få alminneleg skjenkeløyve for alkohol inn til 22 vol. %, etter kl 21.00. Dette av omsyn til barn og unge.

8) Ambulerande skjenkeløyve / einskilde høve.

Kan omfatte alkohol inn til 60 vol. % i slutta lag og einskildhøve. Eit kriterium for tildeling av løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol. % skal vere om arrangementet primært er retta mot middagsgjestar.

9) Utandørs serveringsareal for serveringsstader med løyve

Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkohol inn til 22 vol. % på godkjent uteområde i tilknytning til skjenkestadar med eksisterande alminneleg løyve. Bruken av utearealet skal vere godkjent i høve regulering og plan- og bygningslova, før det kan gjevast løyve. Skjenkearealet skal vere tydeleg definert og avgrensa.

10) Særlege tilfelle

I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan *kommunestyret sjølv* gjere unnatak frå typar av driftskonsept omhandla i punkta 1– 10 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve. Kommunestyret ønskjer ei restriktiv line med omsyn til utviding av konsept- og verksemdstypar som skal få skjenkeløyve, og ser på dette som eit element i edruskapspolitikken. Difor skal spørsmål om løyve til nye konsept avgjerast av kommunestyret.

Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve:

- Alminneleg skjenkeløyve skal ikkje verte gitt til *kulturhus og grendehus*. Her kan det ved søknad gjevast løyve for slutta lag eller einskildhøve. Det vert ikkje gitt løyve når det er arrangement for unge under 18 år.
- Det vert ikkje gjeve *alminneleg* skjenkeløyve til serveringsstader i skulebygg, eller bygg der hovudfokus er undervisning, eller andre alkoholfrie aktivitetar retta mot barn og ungdom. Jamfør opplæringslova § 9-5, 3. ledd.
- Det skal ikkje gjevast *ambulerande* skjenkeløyve til lokale i reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det i særlege høve gjerast unnatak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida. Jamfør opplæringslova § 9-5, 3. ledd.
- Det vert ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve som ei fast ordning for serveringsstader i direkte tilknytning til idrettsanlegg, idrettshallar, og anlegg med tilbod om mosjons- og idrettsaktivitetar.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til arrangement som i hovudsak er retta mot born og ungdom.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for serveringsstader i direkte tilknytning til kjøpe-/butikksenter i desse si opningstid. Unnatak kan gjerast for serveringslokale i slike anlegg når det er fysisk skilt og har eigen inngang og utanfor anlegget si generelle opningstid.
- Det vert ikkje gjeve sals – eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar og serveringsstader i tilknytning til slike. Jf forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 3-4. Campinghytter, campingplassar og motell vert ikkje å vurdere som serveringsstader eller overnattingstadar, som skal få skjenkeløyve. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til frisørsalongar, hudpleiesalongar og liknande typar konsept . Det skal først ei restriktiv line i høve tildeling av løyve til nye typar konsept.
- Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje skjenkeløyve.
- Kommunal representasjon skal alltid vere alkoholfri.

Vedlegg 1-2. Retningslinjer for reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve

Interkommunale retningslinjer for reaksjonar i høve brot på alkohollova for løyvehavarar:

1. Brot på alkohollova eller forskrift vert delt inn i 4 grupper:

1.1. Mindre alvorlege brot, 1 prikk

- Manglar alkoholfrie alternativ
- Manglar ved skjenkekart
- Brot på reglane om reklameforbod
- Brot på dei generelle reglane om opplæring av tilsette, der det er sett som vilkår for løyve.
- Manglande internkontroll og oppfølging av denne.

1.2. Alvorlege brot, 3 prikkar

- Alkohol vert teke med utanfor godkjent skjenkeareal, eller det vert nytt medbrakt
- Det vert nytt alkohol i utsalslokale.
- Det vert gjeve alkoholservering ved bord der det oppheld seg openbart rusa person.
- Manglande innmelding frå løyvehavar om endringar med omsyn til ansvarlege for løyvet eller skifte av eigarskap.
- Skjenking/sal utover tillaten skjenketid / utsalstid
- Openbart rusa vert gjeve tilgang til skjenkestaden / vert ikkje vist ut før kontrolløren gjer merksam på tilhøvet.

1.3. Grove brot, 8 prikkar

- Det vert skjenkt /selt til openbart rusa person
- Det vert skjenkt /selt til eller av personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense
- Dersom det vert påvist gjenteken bruk og omsetnad av narkotika på skjenke- eller utsalsstaden.

1.5. Reaksjon

- 5 prikkar fører til inndraging av løyvet i 1 veke
- 8 prikkar fører til inndraging av løyve i 2 veker
- 10 prikkar fører til inndraging av løyve i 4 veker.
- 12 eller fleir prikkar fører til inndraging av løyve i 8 veker

2. Vesentlege brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga fører til inndraging av løyve i ei periode på minimum 3 månadar allereie ved fyrste gongs brot.

3. Manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og manglande betaling av løyvegebyr fører til at kommunestyret eller den kommunestyret delegerer til, kan inndra løyve inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt. Omsetningsoppgåve skal vere levert til kommunen innan 1. mars kvart år.

4. Ved oppsummering av prikkbelastningar, er det summen av prikkar/brot i den einskilde rapport som vert lagt til grunn. Ei inndragingsveke er å rekne frå og med måndag kl 00.00 til og med søndag kl 24.00. Etter inndragingsperiode og ved nytt løyve er prikkbelastninga sett til 0.

5. Rådmannen har fullmakt til å tildele prikkar etter gjeldande regelverk.

6. Iverksetjing av inndraging skal skje utan ugrunna opphald, etter at løyvehavar har fått høve til å uttale seg og saka er ferdig handsama.

7. Kommunen praktiserer ikkje oppsetjande verknad ved klage på vedtak.



Sak: Delegering frå kommunestyret til rådmann

Arkivsak nr. *Løpenr.* *Arkivkode* *Avd/Sakshandsamar* *Dato*
2014/1115 044 ADM/RSJ 28.08.2014

DELEGERING FRÅ KOMMUNESTYRET TIL RÅDMANNEN

Vedteke i Volda kommunestyre den 28.08.2014, sak PS 108/14

1 Føremål

Dette reglementet skal bidra til:

-
- Ei føremålstenleg og effektiv arbeidsdeling mellom politiske organ og administrasjonen
 - Gje administrasjonen nødvendig handlefridom til å utvikle ein effektiv organisasjon med vekt på å dekkje innbyggjarane sine behov innanfor dei politisk opptrekte rammene.
 - Sikre innbyggjarane ein rask og effektiv service og sakshandsaming.
-

2 Rådmannen sitt arbeids- og ansvarsområde

Rådmannen er øvste leiaren for den kommunale administrasjonen. Han/hennar rettar og plikter går m.a. fram av kommunelova § 23.

Rådmannen skal ha eit særleg ansvar for:

-
- Leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen.
 - Leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker for dei folkevalde organa og sjå til at desse er forsvarleg utgreidde m.a. med omsyn til heilskapsperspektiv og konsekvensar for helse, miljø, økonomi, beredskap, personell og publikum sine krav til tenester.
 - Gjennomfører dei politiske vedtaka.
 - Syte for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar, under dette etablere rutiner for internkontroll.
 - Vidareutvikle, kvalitetssikre og tilpasse kommunale tenester til dei behov innbyggjarane har.
 - Motivere og utvikle kommunen sine tilsette innanfor ein fleksibel og effektiv organisasjon.
 - Kommunen sitt overordna ansvar for det interne arbeidet med helse, miljø og tryggleik og det utadretta i høve innbyggjarane si folkehelse.
 - Oppfølging av dei andre kommunale leiarane.
 - Delta i kommunen sitt interkommunale samarbeid og ekstern profilering.
-

3 Generelt mynde

Rådmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som ikkje har prinsipiell karakter – eller som er kurante. Kva som er av prinsipiell karakter, må takast stilling til

ikkje berre ut frå karakteren og konsekvensane av vedtaket, men også ut frå ei vurdering av i kva grad dei viktigaste skjønsmessige sidene av den aktuelle avgjerda er klarlagde gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

I sondringa prinsipiell/ikkje- prinsipiell sak skal ein vurdere om det er grunn for at avgjerda treng meir enn ei fagleg og/el. regelbunden vurdering eller handsaming. Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter, skal rådmannen ta opp med ordføraren om saka leggjast fram for politisk organ til avgjerd.

Rådmannen kan vidaredelegere mynde dersom kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

Rådmannen skal til vanleg utgreie saker som skal handsamast i formannskap og utval (første folkevalde organ som handsamar ei sak). Nærare retningslinjer for form og innhald i saksutgreiingane vert fastlagde av kommunestyret.

Rådmann kan opprette og nedlegge stillingar innanfor kommunestyret si fastsette personalramme (årsverkramme). Rådmannen er tilsetjingsmynde for alle stillingar der slikt mynde ikkje er lagt til andre ved lov eller reglement.

Ved avgang av sektorleiarar (etatsjefar) skal formannskapet orienterast. Ved tilsetjing i slike stillingar, skal formannskapet orienterast før utlysing.

Rådmannen gjer vedtak i alle personalsaker innanfor dei retningslinjer som politisk vert vedteke i retningslinjer og arbeidsgjevarstrategien.

Rådmannen har fullmakt til å handsame klage på vedtak som underinstans.

4 Mynde i økonomiske saker

Rådmannen har ansvar for og mynde til å disponere heile kommunen sitt budsjett innanfor kommunestyret sitt vedtekne budsjett, mål og retningslinjer.

Rådmannen har fullmakt til å overføre driftsmidlar mellom kommunen sine felles stabs- og støttfunksjonar når dette ikkje er i strid med budsjettføresetnadene eller fører til vesentlege endringar i budsjettet.

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre dei låneopptaka som kommunestyret har vedteke og fylkesmannen har godkjent etter kommunelova § 50. Fullmakta gjeld også refinansiering av eldre gjeld i samsvar med kommunen sitt finansreglement for å redusere kommunen sine finansieringskostnader.

Fordeling av låneporteføljen på fast og flytande rente og val av rentesikring skal drøftast med formannskapet.

Innanfor same eining (rammeområde) kan rådmannen omdisponere mellom alle driftspostane og eventuelt styrke driftspostar ved bruk av meirinntekter i samsvar med reglane i økonomireglementet.

Rådmannen kan auke ein driftspost ved å ta i bruk tidlegare overførde løyvingar til vedkomande føremål.

Rådmannen kan fråfalle kommunal pant eller fråfalle/vike prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Rådmannen har mynde til å godkjenne avdragsutsetting med inntil eitt år for lån der kommunen har gitt kommunal garanti.

5 Mynde til å treffe vedtak etter særlover

Rådmannen får delegert mynde til å gjere vedtak etter følgjande særlover med tilhøyrande forskrifter når sakene er av ikkje- prinsipiell karakter **og** myndet ikkje er lagt til anna organ ved heimel i lov eller i delegeringsreglement:

5.1 Plan og bygningslova (27.06.2008 nr 71)

I samsvar med delegasjonsreglementet er ikkje -prinsipielle avgjerder delegert til rådmannen. Dette inneber at ikkje prinsipielle saker i medhald av plan- og bygningslova kan handsamast administrativt.

5.2 Lov om eigedsregistrering (matrikkellova) (LOV-2005-06-17-101)

- Møte på vegne av kommunen ved kart- og delingsforretningar.
- Overlate til andre å utføre kart- og delingsforretningar.
- Adresseforvaltning (§ 21).

5.3 Nabolova (16.06.61 nr. 15).

- Opptre på vegne av kommunen i naboforhold.

5.4 Veglova (21.06.63 nr. 23).

- Kommunen sitt mynde etter veglova.

5.5 Vegtrafikklova (18.06.65 nr. 4).

- Kommunen sitt mynde etter vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.
- Skiltforskriftene av 10.10.80 nr. 1, pkt. 30 (Jf. Delegering frå vegsjefen av 02.01.98).

5.6 Lov om samferdsel (04.06.76 nr. 63).

- Gi uttale på vegne av kommunen i alle løyvesaker (unntatt saker vedk. kollektivtransport).

5.7 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (10.06.77 nr. 82).

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter lova.

5.8 Eigarseksjonslova (23.05.97 nr. 37).

- Kommunen sitt mynde etter eigarseksjonslova.

5.9 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (16.03.2012 nr. 12).

- Og mynde etter forskrift om kommunale vatn- og avløpsgebyr av 10.01.95.

5.10 Forureiningslova (13.03.81 nr. 6).

- Kommunen sitt mynde etter forureiningslova med tilhørende forskrifter (§ 83).
- Mynde etter vedtekter for renovasjon vedk. kloakkslam og husholdningsavfall.

5.11 Konesesjonslova (Lov 2003-11-28-98)

Mynde til å gjere vedtak/uttale seg på vegne av kommunen på følgjande punkt:

- Konesesjon for bustadtomt eller tomt til fritidsbustad som det ikkje er bygd på dersom tomta er under 2 daa (§ 4, 1. ledd).
- Konesesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova §§ 20-4, 1. ledd nr. 1 og 25, 1. ledd nr. 1.
- Konesesjon på eigedom der konesesjonsfridom er sett ut av kraft med heimel i Konesesjonslova § 5.
- Fritak frå bu- og driveplikt etter Odelslova § 28 og Konesesjonslova § 5, 2. ledd.
- Saker som gjeld søknader om bu- og driveplikt skal handsamast politisk.

5.12 Lov om trussamfunn (13.06.69 nr. 25).

- Fordele støtte til trussamfunn, jf. §§ 19, 19a.

5.13 Lov om gjeldsordning (17.07.93 nr. 99).

- Godta eller forkaste forslag til gjeldsordningar innanfor ei ramme på kr. 200.000,-.
- Gjere avskrivning av tap på etableringslån, med dekning av kommunen sin innskotskonto for etableringslån i bank som vert nytta ved forvaltning av etableringslån. Innbetalingar på etableringslån i høve til oppretta gjeldsordningar godskrivast innskotskontoen.

5.14 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)
- Tiltak etter ruspolitisk handlingsplan og vedtak om sanksjonar ved brot på alkohollova.

5.15 Serveringslova (13.06.97 nr. 55).

- Godkjenne ny styrar ved skifte (§ 4).
- Serveringsløyve
- Vedtak om sanksjonar ved brot på serveringslova.

5.16 Lov om helse og omsorgstjenester (Lov 2011-06-24-30)

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.17 Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24.06.2011 nr 29.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.18 Lov om barneverntjenester (barnevernloven) av 17.07.1992.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.19 Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 24.05.1999 nr. 55.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.20 Lov om helsepersonell m.v av 02.07.1999 nr. 64.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.21 Lov om pasientrettigheter av 02.07.1999 nr. 63.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.22 Lov om helsemessig beredskap av 17.01.1986 nr. 3047.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.23 Lov om vern mot tobakkskader av 15.12.1995 nr. 99

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.24 Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern 02.07.1999 nr. 62.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.25 Lov om samordnet næringsmiddeltilsyn av 17.03.1978 nr. 6

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.26 Lov om sosiale tenester i NAV (Lov 2009-12-18-131).

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.27 Lov om tilsyn med næringsmiddel (19.05.33 nr. 3).

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova..

5.29 Lov om barn og foreldre (08.04.81 nr. 7).

- Gi uttale på vegne av kommunen (§41).

5.30 Lov om folketrygd (17.06.66 nr. 12).

- Gi uttale på vegne av kommunen (§ 18-3).

5.31 Lov om vaksenopplæring (28.05.76).

- Avgjere søknad om kommunalt tilskot til vaksenopplæring etter reglar vedteke av kommunen.

5.32 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) (17.07.98)

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med følgjande unntak:
Saker om skulekrinsar, skulekringsgrenser, namn på skular, målform i grunnskulen og fastsette forskrifter etter lov om opplæring og saker som kommunestyret sjølv skal handsame etter lova

5.33 Barnehagelova (05.05.95 nr. 19).

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova.

5.34 Lov om film og videogram (15.05.87 nr. 21).

- Avgjere søknad om løyve til framvising av film og videogram i næring (§2).

5.35 Jordlova (12.05.95 nr. 23).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova med fylgjande unntak:

Saker som gjeld søknader om bu- og driveplikt skal handsamast politisk.

5.36 Skogbrukslova (LOV 2005-05-27-31)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter lova.

5.37 Odelslova (28.06.74 nr. 58).

- Fritak frå bu- og driveplikta etter § 28, jf. Konesjonslova § 5, 2. ledd.

5.38 Lov om regulering av ervervsmessig husdyrhald (13.06.75 nr. 46) med forskrifter.

- Kommunen si oppgaver og mynde etter lova.

5.39 Viltloven (Lov-1981-05-29-38)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter lova.

5.40 Friluftsløven (Lov-1957-06-28-16)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

5.41 Forpaktingslova (Lov-1965-06-25-1)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter lova.

5.42 Lov om vassdrag (15.03.40 nr. 3).

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

5.43 Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven). LOV-2002-06-14-20

- Kommunen sitt mynde etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgaver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter vert delegert til rådmannen (rådmannen) for vidare delegering til brannsjefen.

5.44 Lov om Husbanken (29.05.09 nr 30)

- Saker om vidareformidling av Startlån og tilskot, jfr Foskrift 2014-03-12-273 om Startlån.

5.45 Introduksjonslova (Lov-2003-07-04-80)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter introduksjonslova.

5.46 Kulturlova (Lov-2007 – 06 -29 -89)

Og forskrift for tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv (V 0732) så langt dette omhandlar kommunen (jfr teknisk godkjenning av anlegg)

5.47 Kulturminnelova (Lov-1978-06-09-50)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter kulturminnelova.

5.48 Biblioteklova (Lov-1985-12-20-108)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter biblioteklova.

5.49 Konfliktrådsloven (Lov 2014-06-20-49)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter konfliktrådslova.

5.50 Gjeldsordningsloven (Lov1992-07-17-99)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter gjeldsordningslova.

5.51 Skattelova (Lov-1999-03-26-14)

- Kommunen sine oppgaver etter skattelova.

5.52 Eigedomsskattelova (Lov-1975-06-06-29)

- Utskriving og innkreving av skatt.

5.53 Skattebetalingslova (Lov-2005-06-17-67)

- Kommunen sine oppgaver og mynde etter skattebetalingslova.

Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger (Lov-1933-06-29-2)

5.54 Eldrerådslova (Lov-1991-11-08-76)

- Kommunen sine oppgaver etter lova.

5.55 Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne (Lov-2005-06-17-58)

- Kommunen sine oppgaver etter lova.

5.56 Lov om kommunal beredsskapsplikt

- Kommunen sine oppgaver etter lova.

5.57 Krisesenterlova (Lov-2009-19-44)

- Kommunen sine oppgaver etter lova.

6 Mynde etter generell forvaltnings- og arbeidsmiljølovgeving

Rådmannen har i kraft av å vere øvste leiar for administrasjonen m.a mynde etter desse lovene:

- 6.1 Forvaltningslova (Lov-1967-02-10)**
- 6.2 Offentleglova (Lov-2006-05-19-16)**
- 6.3 Arkivlova (Lov-1992-12-04-126)**
- 6.4 Personopplysningslova (Lov-2000-04-14-31)**
- 6.5 Arbeidsmiljølova (Lov-2005-06-17-62)**
- 6.6 Kommuneleova (Lov-1992-09-25-107)**

7 Inntillingsrett

Rådmannen har innstillingsrett til alle politiske utval bortsett frå kommunestyret der innstillinga skal gå via eit underordna politisk utval. (Rådmannen kan etter lova ikkje gjevast innstillingsrett til kontrollutvalet)

Volda, august 2014

Rune Sjurgard

PS 112/15 Orienteringssaker

Orienteringssaker

Orienteringssaker



Til alle fylkesting og kommunestyre

Vår dato:
15.10.2015

Eldre og funksjonshemmede er best tjent med hvert sitt råd

Eldrerådsloven og *Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.*, ble vedtatt for å sikre eldre og funksjonshemmede økt innflytelse og begrunnet med at begge grupper er underrepresentert i folkevalgte organer. Resultatet fra valget i høst bekrefter at det fortsatt er behov for eldreråd og råd for personer med funksjonsnedsettelse i alle fylker og kommuner.

Vår erfaring er at eldre og personer med nedsatt funksjonsevne er best tjent med hvert sitt råd, fordi hver enkelt gruppes innflytelse svekkes om deres råd slås sammen. Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) ønsker derfor å minne alle nyvalgte kommunestyre og fylkesting om at å slå sammen eldreråd og råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, kun kan skje om organisasjoner som representerer dem samtykker.

Hvis enten eldres organisasjoner eller organisasjoner som representerer mennesker med nedsatt funksjonsevne ikke ønsker et felles råd, oppfylles ikke formålet med eldrerådsloven og *Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.* Felles råd bør kun velges i spesielle tilfeller. Det fremgår av (daværende) Arbeids- og inkluderingsdepartementets rundskriv A-32/2007:

«Kommunen og/ eller fylkeskommunen kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Skal ei representasjonsordning fungere godt, må ho ha legitimitet. Dersom menneske med nedsett funksjonsevne og eldre ikkje opplever å ha sterke nok felles interesser og dermed ikkje vil medverke til eit felles råd, så vil ikkje eit felles råd oppfylle formålet med lova. Departementet ser det som avgjerande for ordninga at både organisasjonane, etablerte frivillige råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråda vert høyrde før kommunen/fylkeskommunen tek stilling til kva for representasjonsordning dei skal ha.

Saksområdet for eit eventuelt felles råd vil være saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne og alle saker som gjeld levekåra for eldre. Departementet viser til [rundskriv A-28/07](#) for omtale av saksområdet for råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet meiner at felles råd berre bør veljast i særskilde høve.»

Pensjonistforbundet, FFO og SAFO oppfordrer alle kommunestyre og fylkesting til å ikke opprette felles råd for eldre og personer med nedsatt funksjonsevne. Kommunestyre og fylkesting som likevel vurderer felles råd, må involvere eldres og funksjonshemmedes organisasjoner og kun vedta felles råd om begge grupper organisasjoner samtykker.

Eldreråd og råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne er lovpålagte organer hjemlet i to ulike lover. Vi har vært i kontakt med direktør Helge Eide i KS om verdien av å ha separate råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse, både for gruppene de representerer og for kommunestyrene og fylkestingene. Vi anmoder alle som opplever lokale uenigheter om forståelse av lovene om å kontakte KS i fylket og våre organisasjoner for å få hjelp.

Vennlig hilsen

Jan Davidsen
Pensjonistforbundet

Knut Magne Ellingsen /s
FFO

Arne Lein /s
SAFO





MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 133, Volda rådhus
Dato: 24.09.2015
Tid: 13.00 – 15.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Ingrid Opedal	Medlem	
Rolleiv Hjelle	Medlem	
Anne Karin Espe	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Sindre Rotevatn	Medlem
Rolleiv Hjelle	Medlem

Vara som møtte:

Namn
Ragnhild Folkestad

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
------	----------

SAKLISTE

- SAK 20/15 GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 21/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 22/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015
- SAK 23/15 MELDINGAR
- SAK 24/15 EVALUERING KONTROLLUTVALET 2011-2015
- SAK 25/15 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2016
- SAK 26/15 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SPESIALUNDERVISNING –
GRUNNSKULEN VOLDA KOMMUNE

SAK 20/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Solfrid Førde.

SAK 21/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 11.05.2015 vert godkjent.

SAK 22/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	28.05, 18.06, 27.08
Formannskapet	19.05, 09.06, 23.06, 18.08, 25.08, 08.09
Driftsstyret	13.05, 10.06, 19.08, 03.09
Forvaltningsstyret	12.05, 09.06, 25.08
Kommunalt råd for funksjonshemma:	18.05
Ungdomsrådet	20.05, 17.06
Valstyret	23.06, 18.08
VØR representasjon	17.08
VØR styret	19.06

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådd møteprotokollar.

SAK 23/15 MELDINGAR

Vedlegg

1. Melding om vedtak: Rekneskap 2014
2. Melding om vedtak: Årsmelding 2014
3. Tilbakemelding på kontrollutvalssak 14/15
4. Tilbakemelding på kontrollutvalssak 16/14
5. Kommunal Økonomi: «Ventetiden er over!»
6. Kommunal Økonomi: «Skatteinnkrevingen forblir kommunal – NKK har vunnet frem med sine argumenter»
7. Kommunal Rapport: «Bernt svarer: Du har plikt til å forklare deg til kontrollutvalget»
8. Vikebladet Vestposten: «-Ikkje utan vidare gode barnevern»
9. Kommunebilde – eit grunnlagsdokument for dialog mellom Volda kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
10. Møre og Romsdal fylkeskommune: Kapasitet og tilbudsstruktur i vidaregåande opplæring i Eiksundregionen.

Samrøystes vedtak

Meldingane vert tekne til orientering.

SAK 24/15 EVALUERING KONTROLLUTVALET 2011-2015

Saksopplysningar

I og med dette truleg er siste møte i noverande valperiode, evaluerer vi (kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen) arbeidet i perioden. Dette for å kunne bli endå betre i den nye valperioden.

Dette kom fram under møtet:

Revisjonen orienterte om spørjeundersøking vedkomande overordna analyse

Sekretariatet orienterte om val til nytt kontrollutval.

Kontrollutvalet

- Må få ut om rolla til kontrollutvalet for å auke statusen
- Viktig med forvaltningsrevisjonar
- Viktig å fokusere på kontroll og legge politikken vekk. Dette har noverande kontrollutval vore svært gode til
- Utvalet har i valperioden fungert veldig godt
- Utvalet har vore konsistent og godt leia

Sekretariatet

- Godt sekretariat/fungerer heilt ut tilfredsstillande

Revisjonen

- God revisjon/fungerer heilt ut tilfredsstillande.
- Veldig bra at det er god framdrift og kvalitet vedkomande forvaltningsrevisjon

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet viser til det som kom fram under møtet.

SAK 25/15 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2016

Saksopplysningar

Styret for Vest kontroll vedtek selskapet (samarbeidet) sitt budsjett. Når vedtak er fatta vert melding om kommunen sitt tilskot sendt rådmannen, som legg dette inn i kommunen sitt budsjett. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

I tillegg til budsjett for sekretariat er det nødvendig at kontrollutvalet, som utval, har sitt eige budsjett som skal dekke: Opplæring/kurs, litteratur m.m.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv bl.a. dette i Kontrollutvalsboka (2011) om opplæring:

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nytting at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» For å få tilstrekkeleg opplæring er det nødvendig at det vert løyvd midlar.

Hausten 2015 vil eit nytt kontrollutval vere valt på i konstituerande kommunestyremøte (nye valreglar for kontrollutval frå valet 2015). Dette inneber at opplæringa kjem i gong hausten

2015 og vil også gå vesentleg inn i 2016. Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2016 på same nivå som vart lagt fram for 2015, kr 40.000.

For større særskilde tiltak/saker (som gransking, større forvaltningsrevisjonar) må framleis hovudregelen vere at kontrollutvalet først går til kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar til formålet.

Viser til Kontrollutvalsboka som er utgitt av Kommunaldepartementet i 2011 side 25: «Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit lågare beløp enn det kontrollutvalet føreslår. Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.»

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minimum kr 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjettet for 2016. Leiar og møtegodtgjersle må kome i tillegg.

SAK 26/15 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SPESIALUNDERVISNING – GRUNNSKULEN VOLDA KOMMUNE

Vedlegg

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning - grunnskulen Volda kommune.
Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 11.06.2015.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet vedtok i sak 37/14 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Formålet med prosjektet er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Problemstillingar, anbefalingar og rådmannen sine kommentarar

Problemstilling 1:

Sikrar kommunen eleven sine rettigheter knytt til sakkyndig vurdering? (Del 6 i rapporten. Side 18)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

- PPT skal utarbeide ei sakkyndig vurdering før kommunen gjer enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Kan vere tilstrekkeleg å utarbeide sakkyndig vurdering kvart tredje/fjerde år, men dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Eleven/føresette kan og krevje ny sakkyndig vurdering.
- Kontrollert 20 av 90 saker der det hadde blitt tildelt spesialundervisning, tilfeldig utvalt av alle dei offentlege skulane i kommunen.

- Innhaldet i dei sakkyndige vurderingane var i samsvar med føresetnadane i opplæringslova, og vurderinga låg som grunnlag for dei vedtaka som blei fatta.
- Dei sakkyndige vurderingane som ligg til grunn for enkeltvedtak dette skuleåret var ikkje eldre enn 3-4 år, og det gjekk fram kor lenge den var gjeldande.
- Skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga vert utarbeida, og dei føresette får dermed mulegheit til å komme med evt. innspel i forhold til vurderinga som vert gjort.
- I følgje kommunen sine skriftlege rutinar skal føresette signere samtykkeerklæring før PPT startar kartlegging av eleven. Av dei kontrollerte elevmappene låg det berre føre ei signert samtykkeerklæring.
- I dei tilfelle der PPT ikkje tilrår spesialundervisning samarbeider PPT og skulen slik at eleven får eit tilrettelagt undervisningsopplegg innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Problemstilling 2:

Ligg det føre skriftleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med vedtaket?

(Del 7 i rapporten. Side 22)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Vedtak: Form og innhald

- Vedtak om spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få.
- Dei ulike skulane nytta i stor grad same mal for utforming på vedtaka, men det var derimot forskjellig detaljgrad og kvalitet på vedtaka.
- Vedtaka hadde i stor grad informasjon om innhald, organisering og omfang av spesialundervisninga, men også enkelte tilfelle der vedtaka inneheldt lite informasjon m.o.t. desse emna.
- Spesielt ved ein av skulane blei det i stor grad berre vist til den sakkyndige vurderinga og framtidig IOP.
- Det er viktig at vedtaka inneheld all relevant informasjon slik at foreldre/føresette får kjennskap til innhaldet.

Unnateke offentlegheit

- Dei fleste kontrollerte vedtaka var stempla med «unnateke offentlegheit», med unntak av vedtaka fatta ved Volda ungdomsskule.

Klage

- Vert berre i varierende grad fatta vedtak i saker der det ikkje har blitt tilrådd spesialundervisning.
- Eleven har ein del rettar i forbindelse med eit enkeltvedtak, og når det ikkje vert fatta vedtak fell desse rettane vekk.
- Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i saker der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Problemstilling 3:

Vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og årsrapportar)

(Del 8 i rapporten. Side 27)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Individuell opplæringsplan (IOP)

- IOP skal vise mål, innhald og korleis opplæringa skal gjennomførast.
- Planen skal rullerast kvart år så lenge eleven har vedtak om spesialundervisning, og skal innehalde kor mange timar med spesialundervisning i skuleåret som er spesifisert i enkeltvedtaket.
- Ulik utforming og kvalitet på planane ved dei ulike skulane.
- Det er utarbeida ny felles mal for IOP og årsrapport som vert teken i bruk ved alle skulane for skuleåret 2015/2016.
- IOP må utarbeidast så snart som mulig etter at enkeltvedtak er fatta. Manglande dato for når IOP har vore utarbeida gjorde det vanskeleg å evaluere sakshandsamingstida.
- I dei få tilfella det gjekk fram signaturdato kunne det sjå ut som at planane vart utarbeida på hausten, medan vedtaka i stor grad var fatta i mai/juni.
- Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld signatur og dato for utarbeiding, og evt. re-vurderingsdato.
- IOP bør utarbeidast så snart som mulig, og i samband med at enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta.
- Sjølv om ein registrerte forskjellig mal og utforming mellom dei ulike skulane, oppfylte i stor grad alle IOP-ane dei krava som går fram av lov og rettleiar.
- Kontrollen avdekkar ved nokre saker med avvik mellom vedtak og IOP i høve tildelt ressurs, utan at det hadde vore utarbeidd nytt enkeltvedtak.
- Ressursendringar som berre går fram av IOP-en fører til at eleven mistar klageretten sin. På ei anna side er IOP i stor grad utarbeida i samråd med dei føresette (signert).
- Kommunen bør utarbeide rutinar for å få på plass nytt enkeltvedtak i dei saker der ein vel å endre den tildelte ressursen til eleven i løpet av skuleåret.

Årsrapport

- Registrerte forskjellig mal og utformin av årsrapportane ved skulane, som også gjorde at kvaliteten varierte.
- Samanhengen mellom IOP og årsrapportane var varierende både m.o.t. opplæringsmål og tiltak.
- I dei fleste tilfella hadde årsrapporten anna utforming enn IOP, og i fleire av sakene gjekk det ikkje fram ei evaluering av sjølve ressursen (om timeforbruket har vore tilstrekkeleg).
- Kommunen bør sørge for at ein får implementert den nye malen for IOP med tilhøyrande årsrapport ved alle skulane i løpet av skuleåret 2015/2016, slik som administrasjonen har signalisert.

Anbefalingar i rapporten (Rapporten del 9. Side 30)

1. Kommunen bør sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.
2. Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
3. Kommunen bør utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.

Rådmannen si tilbakemelding (Rapporten del 10. Side 31)

«Vi kjenner att det som er peika på i rapporten. Anbefalingane som er peika på er relevante og er allereie under arbeid.

Lene Nupen
Fagkonsulent
Opplæring og oppvekst»

Avslutning

Meir utfyllande og detaljert informasjon finn ein i rapporten frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som ligg ved saka.

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning - grunnskulen Volda kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
 - a. Kommunen skal sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.
 - b. Kommunen skal sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidingsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.
 - c. Kommunen skal utarbeide rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.
3. Kommunestyret merkar seg at det er dobbelt så mange elevar som tek mot spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen som i småskulen. Ut frå kunnskapen om kor viktig det er med tidleg innsats, ber kommunestyret administrasjonen vri innsatsen ved å setje inn større ressursar tidleg.
4. Kommunestyret ber om at ein i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode sterkt vurderer å følgje opp rapporten med ein ny forvaltningsrapport der ein ser på samspelet mellom skulen og pp-tenesta.
5. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.

Møtet slutt.

Ronald Hagen

Solfrid Førde

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**



VEST KONTROLL

SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Side 270

Oversending for behandling, skal som melding til kommunestyret.

Med helsing



Ida Birgitte Marholm

Sekretær

Tlf: 700 30 445/41 47 62 12



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Statsråden

Volda kommune
v/ordfører Arild Iversen
Stormyra 2
6100 Volda

Kopi:
PEL

VOLDA KOMMUNE	
Stempel	2012/2485
Løpnr	Ordf.
Stempel	16 OKT 2015
Emne	Emne
Ansvarlig	
Stempel	

Deres ref.
2012/2485

Vår ref.
15/6448 - EJH

Dato
13.10.2015

Henvendelse om krav om at Søre Sunnmøre tingrett blir opprettholdt.

Jeg takker for ditt brev av 17. september 2015.

Domstoladministrasjonen (DA) er nå er i gang med et arbeid hvor de ser på mulige sammenslåinger av førsteinstansdomstoler. Jeg forstår godt, og er glad for, at dette vekker engasjement.

Jeg er positiv til at dette arbeidet gjøres og vil vurdere DAs rapport vedrørende sammenslåinger av førsteinstansdomstoler når den foreligger. Hvis det blir aktuelt med flere sammenslåinger, vil forslaget bli sendt på høring.

DA har som du nevner hatt et forslag til forskrift om felles faste dommerstillinger og domstollederstillinger på høring. På bakgrunn av en gjennomgang av høringssvarene, herunder fra Justis- og beredskapsdepartementet, har forskriften blitt justert. DAs styre behandlet saken i styremøte 28. september 2015 og forskriften vil tre i kraft 1. november 2015. Norge er et langstrakt land med spredt domstolstruktur. Det er behov for noe fleksibilitet, og felles dommerstillinger og domstollederstillinger vil kunne være en god løsning for enkelte tingretter. Felles domstolleder skal i henhold til forskriften imidlertid kun benyttes i «særlige tilfeller».

DA har opplyst at samlokalisering av Søre Sunnmøre tingrett og Sunnmøre jordskifterett ikke følges opp som følge av svært ulike ønsker og behov fra de to domstolene samt kostnadene forbundet med dette.

Det er således ingen sammenheng mellom at samlokaliseringsprosessen mellom Søre Sunnmøre tingrett og Sunnmøre jordskifterett ikke følges opp videre og DAs ønske om å vurdere om Søre Sunnmøre tingrett kan sammenslås med Sunnmøre tingrett.

Med vennlig hilsen



Anders Anundsen



VOLDA KOMMUNE Ordførar

Justis- og beredskapsdepartementet v/minister Anundsen
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Lopenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2485	9821/2015	023	ADM/ PEL	17.09.2015

KRAV OM AT SØRE SUNNMØRE TINGRETT VERT OPPRETTALDE

Kommunane i nedslagsfeltet til Søre Sunnmøre Tingrett er kjende med at Domstoladministrasjonen (DA) har starta prosess med samanslåing av tingrettar. For vårt vedkomande handlar dette om samanslåing av Søre Sunnmøre tingrett i Volda og Sunnmøre tingrett i Ålesund. Domstoladministrasjonen varslar at dette er endringar som medfører fleire store domstolar og færre små domstolar. Vi har difor god grunn til å frykte at dette betyr nedlegging av Søre Sunnmøre tingrett.

Kommunane finn dette forslaget uhøyr, då det seinast i 2014 var semje mellom DA og vertskommunane om at samlokalisering av Tingretten og Jordskifteretten i Volda/Ørsta er ei løysing partane ser seg godt tente med. Etter at det har vore lyst etter lokale til dette, og DA har utsett lokaliseringa, har vi oppfatta at det berre er ei midlertidig utsetjing til høvelege lokale dukkar opp.

For få månader sidan fekk vi varsel om ei mulig forskriftsendring der tingrettane skulle få felles leing og at domarane skulle vere tilsett på meir enn ein tingrett. Dette skulle i seg sjølv ikkje bety strukturendring. Forskriftsendringar tenkt gjennomført med heimel i gjeldande lov der Domstoladministrasjonen sjølve skulle stå for gjennomføringa. Forslaget skulle sendast ut på høyring. Sidan har ikkje vi høyr, meir. Det er god grunn til å tru at også dette forslaget ville medføre svekking og på sikt nedlegging av tingrettar.

Det nye forslaget om samanslåing av tingrettar kjem dagen etter kommune- og fylkestingsvalet. Dette er i seg sjølv uakseptabelt.

Distrikta treng offentlege arbeidsplassar og funksjonar, og Tingretten er ein viktig del av infrastrukturen for no ein felles arbeidsmarknadsregion med opp mot 70 000 innbyggjarar.

Regionen er takksam for statleg samferdselssatsing med Eiksundsambandet og Kvivsvegen på om lag 2 mrd kroner. Det er viktig at staten ikkje byggjer ned potensialet for å ta ut effekt av desse satsingane og beheld Tingretten i Volda. Det vil også vere eit signal om optimisme for denne regionen, noko som vil vere avgjerande viktig for å få synergjar av samferdselssatsinga og rettferdiggjere desse investeringane som regional verdiskaping.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058858
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro:

Rettskrinsgrensene vart vurdert i 2002. Høgskulen i Volda kom den gongen med ei fråsegn, der det vert vist til at tingretten si lokalisering i Volda er viktig, særleg i høve til journalistutdanninga (som er den største i sitt slag på høgskulenivå). Dåverande rektor skriv i brev av 8.12.99 m.a. følgjande:

”Den geografiske nærleiken til Søre Sunnmøre sorenskrivarembete er viktig som del av den praktiske treninga i å oppsøkje, bruke og setje seg inn i dei tenestene embetet representerer. I praktisk reining i retts- og kriminaljournalistikk, er det viktig å kunne referere frå rettsforhandlingar. Dersom embetet vert flytta til Ålesund vert denne delen av opplæringa vesentleg svekka, på grunn av den lange reiseavstanden til domstolen.”

Vi er kjende med at regjeringa i si politiske plattform av 7.10.13 har med følgjande:

”Regjeringa vil evaluere domstolsstrukturen og modernisere domstolene. Målet er raskere behandlingstid og økt kapasitet..... ”. Ein naturleg konsekvens av denne evalueringa vil vere at

- Søre Sunnmøre Tingrett vert oppretthalden
- Søre Sunnmøre Tingrett sine rettskrinsgrenser vert endra slik at kommunane Hornindal, Stryn, Selje, Vågsøy, Eid, Ulstein og Hareid vert overført til domstolen i Volda.
- Søre Sunnmøre Tingrett vert styrka fagleg tilsvarande auken i oppdragsmengde.

Søre Sunnmøre Tingrett har absolutt sin berettiga eksistens med stor pågang på saker og ein domstol som rekrutterer godt. Domstolen har god fagkompetanse og har ut frå arbeidsmengda potensial for å byggje ut fagmiljøet. Slik vi ser det er motivet for framlegg til nedlegging grunna i overdriven tru på rasjonalisering og stordriftsfordelar utan å sjå konsekvensane av korleis dette steg for steg byggjer ned distriktet. Ei slik sentralisering av offentlege arbeidsplassar vil få svært alvorlege konsekvensar for distrikts-Norge.

Vi vil be ansvarleg statsråd om svar på om Domstoladministrasjonen sine stadige forsøk på å svekke tingrettane skjer i samsvar med eller etter oppdrag frå regjeringa. Om dette ikkje er tilfelle vil vi be stastråden tydeleggjere dette overfor Domstoladministrasjonen.

Med helsing

Arild Iversen
ordførar

Vedlegg.

Kopi til:

Justiskomiteen	Stortinget	0026	OSLO
Domstoladministrasjonen	Sluppen, boks 5678	7485	TRONDHEIM
Sunnmøre Regionråd	boks 1521	6025	ÅLESUND
KS	boks 1378, Vika	0114	OSLO
Mørebenken på Stortinget		0026	OSLO



Mottakere: ihht vedlagte liste med berørte rettskretser

Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter

Domstoladministrasjonen (DA) vil i løpet av 2015 gjennomføre vurderinger av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter. Dette vil ikke være en fullstendig gjennomgang av strukturen i hele landet, men regionale vurderinger hvor det eventuelt kan være hensiktsmessig å endre inndelingen av rettskretser og lokalisering av rettssteder (se vedlegg).

DA ønsker et likeverdig domstoltilbud i hele landet. Størrelsen på domstolene må bidra til et fagmiljø som gir et godt grunnlag for utvikling hos alle medarbeidere. Det er viktig for domstolene å kunne tilby moderne og kostnadseffektive løsninger for digitale arbeidsprosesser. Tinghusene behøver teknisk utstyr og nødvendig sikkerhet av hensyn til brukere og domstolenes medarbeidere. DA mener disse utviklingstrekkene forutsetter større domstoler.

Vedlagt følger en oversikt for de rettskretser som vil bli vurdert høsten 2015. I den grad arbeidet resulterer i konkrete forslag om endringer av domstolstrukturen, vil DA avholde lokale informasjonsmøter med invitasjon til berørte kommuner og representanter for de profesjonelle brukerne av domstolene; advokater, politiet og påtalemyndigheten.

Det er Stortinget som bestemmer domstolstrukturen. DA kan foreslå endringer av strukturen. Offentlige høringer vedrørende konkrete forslag om endringer i rettskretser gjennomføres av de berørte fagdepartementene.

Henvendelser i tilknytning til dette brevet kan rettes til seniorrådgiver Frank Egil Holm i DA epost: Frank.Egil.Holm@domstol.no tlf. 73567068.

Med hilsen

Jann Ola Berget
avdelingsdirektør

Frank Egil Holm
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 3-2015 i Sunnmøre regionråd IKS

Fredag 02.10.2015 kl. 12.30 – 15.30 vart det halde møte i representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS på Parken Hotel i Ålesund.

Til stades:

Frå representantskapet:

Giske kommune: varaordfører Olav Sindre Roald

Haram kommune: ordfører Bjørn Sandnes

Hareid kommune: varaordfører Dag Audun Eliassen

Herøy kommune: ordfører Arnulf Goksøyr

Sandøy kommune: ordfører Oddvar Myklebust

Sande kommune: ordfører Dag Vaagen

Skodje kommune: ordfører Terje Vadset

Stordal kommune: ordfører Eva Hove

Stranda kommune: ordfører Jan Ove Tryggestad (f.o.m. kl. 14.55)

Sula kommune: varaordfører Trygve Holm

Sykkylven kommune: ordfører Petter Lyshol

Vanylven kommune: ordfører Jan Helgøy

Ørsta kommune: ordfører Rune Hovde

Ørskog kommune: ordfører Thorbjørn Fylling

Ålesund kommune: ordfører Bjørn Tømmerdal

Forfall:

Norddal kommune: varaordfører Per Magnus Berdal

Ulstein kommune: varaordfører Knut Erik Engh

Volda kommune: varaordfører Dan Bjørneset

Vestnes kommune: varaordfører Martin Kjøpstad

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, ordfører i Hareid kommune

Nestleiar Geir Ove Vegsund, ordfører i Sula kommune

Styremedlem Synnøve Synnes, rådmann i Ørskog kommune

Styremedlem Wenche Solheim, rådmann i Ørsta kommune

Varamedlem Geir Inge Lien, ordfører i Vestnes kommune (f.o.m. kl. 13.10)

Rådmenn:

Asle Giske, rådmann i Sande kommune

May-Helen Molvær Grimstad, rådmann i Sykkylven kommune

Astrid Eidsvik, rådmann i Ålesund kommune

Turid Hanken, rådmann i Haram kommune

Anne Berit Løset, rådmann i Stordal kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Rådgivar Anne Mette Liavaag

Kommunikasjonsrådgivar Ingvild Liadal
Prosjektleder Einar Haram

Andre:

Leiar av valnemnda i Sunnmøre Regionråd Knut Støbakk
Ass. fylkesmann Rigmor Brøste, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Sakliste:

Sak 21/2015: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

Sak 22/2015: Godkjenning av saklista. Saker til eventuelt

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjent. Leiaren av representantskapet gjorde merksam på at ein vil gjere om på rekkefølga slik at sak 25/2015 Fylkesmannen sin halvtime og sak 26/2015 Vidare arbeid med kommunereforma vart handsama før sak 24 Revisjon av strategien til Sunnmøre Regionråd.

Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 23/2015: Val av to personar til å underteikne protokollen

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Bjørn Sandnes og Petter Lyshol vart valt til å underteikna protokollen saman med leiaren av representantskapet.

Sak 24/2015: Revisjon av strategien til Sunnmøre Regionråd. Ved styreleiar Anders Riise

Riise presenterte administrasjonen og styret sitt pågåande arbeid med å revidere strategien til Sunnmøre Regionråd. Han viste til at regionrådet i dag har ein omfattande formålsparagraf som bør spissast. I spissinga ligg mellom anna det å tydeleggjere Sunnmøre Regionråd si rolle som regional politisk arena og reiskap for effektiv fremming av sunnmørske politiske interesser.

Tilbakemeldingane frå representantskapet var at tankane som vart presentert var gode. Framlegg til ny strategi vert teke opp på representantskapsmøtet 20. november 2015.

Sak 25/2015: Fylkesmannen sin halvtime. Ved ass. fylkesmann Rigmor Brøste, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Brøste tok opp fleire tema, mellom desse nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kommunal planstrategi, folkevaltopplæring og utviding av flyktningmottak.

Når det gjaldt kommunereforma, viste mellom anna Brøste til at reforma ligg fast og at felles milepæler er på plass. Mellom anna er frist for utgreiing 31. desember 2015 og frist for endeleg vedtak 30. juni 2016. Brøste sa at Fylkesmannen vil invitere ordførarar og varaordførarar til ei samling om ettermiddagen 11. november 2015.

Sak 26/2015: Vidare arbeid med kommunereforma. Ved rådgivar Anne Mette Liavaag

Liavaag viste til at styret og representantskapet tidlegare har bestemt at regionrådet skal ha ei offensiv og aktiv rolle i arbeidet med kommunereforma. Rolla har hatt tre hovudområder: prosessarbeid, kunnskapsproduksjon og kunnskapsformidling.

Det er gjennomført fleire utgreiingar, og nye utgreiingar er planlagt. Perspektiv frå utgreiingsarbeidet er at kommunane sjølv har stått for det, at det har skjedd i samspel med andre kommunar og at prosessen har vore viktig.

Det er lagt opp til ny studietur til Danmark 16.-18. november 2015 og eit nytt Arena Sunnmøre 26. november 2015. Vidare er det planlagt ei ny innbyggjarundersøking. Etter konstituering av dei nye kommunestyra vert det lagt opp til «restartmøter» for dei ulike utgreiingane.

Tilbakemeldingane frå representantskapet var at regionrådet bør invitere seg ut i dei nye kommunestyra. Stikkord som vart nemnt var samle, involvere og presentere. Det vart også sagt at ein må gjere ei kartlegging i høve til kor mange kommunar som ønskjer å ha regionrådet med i det vidare arbeidet med kommunereforma.

Sak 27/2015: Val av nye medlemmar til valnemnda og styret. Ved leiar for valnemnda Knut Støbakk.

Det vert endringar i regionrådet sitt styre som konsekvens av kommunevalet og ny valperiode. Knut Støbakk orienterte om at valnemnda vil leggje fram forslag på nye styremedlemmar og varamedlemmar på neste møte i representantskapet 20. november 2015. Styret vil på same møte leggje fram forslag på nye medlemmar i valnemnda.

Sak 28/2015: Politireforma. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i Sunnmøre Regionråd

Aurdal viste til høyringa om forslaget til nye hovudseter for politidistrikta, og anbefalte at Sunnmøre Regionråd lagar eit samla høyringssvar. Representantskapet støtta dette.

Ålesund 02.10.2015


.....
Dag Vaagen


.....
Petter Lyshol


.....
Bjørn Sandnes

PS 113/15 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 199/15 Ferdigattest, tilbygg Gbr 2/33

DS 200/15 Løyve til endring Gbr 11/99

DS 201/15 Løyve til tiltak, etablering av pipe Gbr 18/1/3

DS 202/15 Pålegg om stans av utfylling i sjø, gbr 29/37

DS 203/15 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 157/15

DS 204/15 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 19/551

DS 205/15 Ferdigattest, utebod Gbr 13/131

DS 206/15 Igangsettingsløyve Gbr 19/877

DS 207/15 Ferdigattest, tomannsbustad og garasje Gbr 11/110

DS 208/15 Løyve til tiltak, driftsbygning Gbr 93/6

DS 209/15 Ferdigattest, brakkerigg Gbr 11/72

DS 210/15 Løyve til tiltak, einebustad Gbr 3/35

DS 211/15 Ferdigattest, bod Gbr 20/170

DS 212/15 Mellombels bruksløyve, bustad Gbr 6/36

DS 213/15 Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 19/288

DS 214/15 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 11/75

DS 215/15 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 30/352

DS 216/15 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 19/54

DS 217/15 Løyve til tiltak, fasadeendring Gbr 19/230

DS 218/15 Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 21/149

DS 219/15 Ferdigattest, flytebrygge Gbr 38/5

DS 220/15 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 91/3